

---

# namn og nemne

---

Tidsskrift for  
norsk  
namnegransking

---

UTGJEVE AV NORSK NAMNELAG  
REDAKTØRAR:  
GUNNSTEIN AKSELBERG, GUDLAUG NEDRELID,  
AUD-KIRSTI PEDERSEN OG INGE SÆRHEIM

ÅRGANG 28 – 2011

NORSK NAMNELAG, BERGEN

---

# namn og nemne

---

Tidsskrift for  
norsk  
namnegransking

---

UTGJEVE AV NORSK NAMNELAG  
REDAKTØRAR: GUNNSTEIN AKSELBERG, GUDLAUG NEDRELID,  
AUD-KIRSTI PEDERSEN OG INGE SÆRHEIM

ÅRGANG 28 – 2011

NORSK NAMNELAG, BERGEN

Redaksjon:

Gunnstein Akselberg, Universitetet i Bergen,  
Gudlaug Nedreid, Universitetet i Agder  
Aud-Kirsti Pedersen, Universitetet i Tromsø  
Inge Særheim, Universitetet i Stavanger

Manuskript og bøker til melding:

Gunnstein Akselberg, Universitetet i Bergen,  
LLE, Postboks 7805, N-5020 Bergen.  
gunnstein.akselberg@lle.uib.no

Abonnement gjennom Norsk namnelag,  
UIB, LLE, Postboks 7805, N-5020 Bergen.

Årsabonnement for 2011 kr. 200,-

Bankkonto 6501.41.08704

Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.

«Namn og Nemne» vert utgjeve av Norsk namnelag.

Utgjeve i 2011.

Trykt med støtte frå Noregs forskingsråd.

© Den enkelte forfattaren

ISSN 0800-4684

Grafisk produksjon: Sats Montasje Design AS

# Innhald

Torodd Kinn: Namna <i>Desiderius</i> , <i>Desideria</i> og <i>Diss</i> i Sunnfjord.....	7
Torodd Kinn: Førenamnsgeografi i 1801: Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre.....	27
Eldar Heide: Bodø-namna .....	57
Geirr Wiggen: Anagrammatiske og bakvendte personnavn: Nye eksempel og drøftinger.....	65
Ola Stemshaug: Nordheim og Nautan.....	77
Svante Strandberg: Etymologins plats i hydronymisk forskning. Några aspekter.....	91
Bokmeldingar.....	103
Tilsend litteratur.....	141
Medarbeidarar i årgang 28 .....	143



**Forkortingar**

AB	= Aslak Bolts Jordebog ... udg. af P. A. Munch. Christiania 1852
ANF	= Arkiv för nordisk filologi
BK	= Björgynjar kálfskinn. Edidit ... P. A. Munch. Christiania MDCCCXLIII
da.	= dansk
DN	= Diplomatarium Norvegicum. I–. Christiania/Kristiania/Oslo 1847–
DS	= Danmarks Stednavne. I–. København 1922–
fi.	= finsk
frank.	= frankisk
gda.	= gammaldansk
geng.	= gammalengelsk
germ.	= germansk
gfr.	= gammalfransk
gfri.	= gammalfrisisk
ghty.	= gammalhøgtysk
gind.	= gammalindisk
gir.	= gammalirsk
glt.	= gammallågtysk
gno.	= gammalnorsk
gnord.	= gammalnordisk
got.	= gotisk
gprov.	= gammalprovençalsk
gr.	= gresk
gsv.	= gammalsvensk
gæl.	= gælisk
ie.	= indoeuropeisk
isl.	= islandsk
KLNM	= Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. 1–22. Oslo 1956–78
lat.	= latin
lett.	= lettisk
mlty.	= mellomlågtysk
MM	= Maal og Minne
mnl.	= mellomnederlandsk
NE	= O. Rygh: Norske Elvenavne. Kristiania 1904
NG	= O. Rygh et al.: Norske Gaardnavne
nl.	= nederlandsk
NLR	= Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567. I–VI. Oslo 1937–39
NN	= Namn og Nemne
no.	= norsk
NO	= Ivar Aasen 1873: Norsk Ordbog med dansk Forklaring. Christiania: Mallong
NoB	= Namn och bygd
NPL	= K. Kruken og O. Stemshaug: Norsk personnamleksikon. 2. utg. ved K. Kruken. Oslo 1995
NRJ	= Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 16 <sup>de</sup> Aarhundrede. Udg. ... ved H. J. Huitfeldt-Kaas og O. A. Johnsen. I–V. Christiania/Oslo 1887–1966/83
NS	= O. T. Beito: Norske sæternamn. Oslo 1949

NSL	= J. Sandnes og O. Stemshaug (red.): Norsk stadnamnleksikon. 4. utg. Oslo 1997
NYN	= Nynorskordboka. Marit Hovdnak o.fl. (red.). Oslo: Det Norske Samlaget.
OE	= Olav Engelbrektssøns jordebog. ... Udg. ... ved Chr. Brinchmann og Johan Agerholt. Oslo 1926
RB	= Biskop Eysteins Jordebog (Den røde Bog). Fortegnelse over det geistlige Gods i Oslo Bispedømme omkring Aar 1400. ... udg. ved H. J. Huitfeldt. Christiania 1879
SAS	= Studia anthroponymica Scandinavica
seinlat.	= seinlatin
st.	= stamme, stomm
TR	= Trondhjems Reformats 1589. Norske kyrkjelege jordebøker etter reformasjonen. 2.1–104. Utg. ... Anne-Marit Hamre. Oslo 1983
ØK	= Økonomisk kartverk

## Uttale

Uttalen er attgjeven i fonemisk transkripsjon, mellom skråstrekar. IPA-symbol er nytta.

Forklaring av nokre symbol:

/ <sup>1</sup> /	= tonem 1 (i nontonemiske målføre: hovudtrykk)
/ <sup>11</sup> /	= tonem 2
/,/	= bitrykk

# Namna *Desiderius*, *Desideria* og *Diss* i Sunnfjord

*Ein genealogisk støtta studie  
av ei namnegruppe*

*Av Torodd Kinn*

*Virtually unknown in other parts of Norway, the man's name Desiderius was given to boys in the westernmost parishes in Sunnfjord in western Norway from about 1650 until at least 1887. A short form, Diss, was also used. The woman's name Desideria was used a few times in the same district from 1746 to 1822. Later, it came into limited use elsewhere, being the name of the queen of Sweden and Norway from 1818 to 1860. Most bearers of these names in Sunnfjord can be shown to descend from a limited number of persons living in Kinn parish in the 17th and 18th centuries. It is likely, although probably not possible to prove, that the name Desiderius was introduced to this district by descendants of Anders Foss (bishop of Bergen 1583–1607).*

## 1 INNLEIING

Ved folketeljinga i 1801 var det i heile Noreg seks berarar av namnet *Desiderius*, og éi jente bar namnet *Desideria*. Dei budde på Værøya i Vilnes sokn i Askvoll prestegjeld, på gardane Espeset og Valvika på øya Askrova i Kinn sokn i Kinn prestegjeld, på Indrehus på fastlandet i Bremanger sokn i Kinn prestegjeld og på gardane Hauge og Kjerpeset på Bremangerlandet i Bremanger sokn. I tabellen på neste side er dei lista opp alfabetisk og etter alder.

I tillegg var det fem kvinner og jenter og åtte menn og gutar som hadde farsnamn etter ein *Desiderius*. Fem av dei budde i Askvoll prestegjeld (fire i Vilnes



*Berarer av namna Desideria og Desiderius i 1801*

Desideria Gregoriusdotter	20 år	Valvika, Kinn sokn, ugift taus
Desiderius Andersson	38 år	Værøya, Vilnes sokn, gift bonde
Desiderius Gulbrandsson	40 år	Kjerpeset, Bremanger sokn, ugift dreng
Desiderius Nilsson	38 år	Hauge, Bremanger sokn, ugift dreng
Desiderius Nilsson	28 år	Indrehus, Bremanger sokn, ugift steson av bonde
Desiderius Nilsson	23 år	Espeset, Kinn sokn, ugift bondeson
Desiderius Nilsson	2 år	Valvika, Kinn sokn, bondeson

sokn, éin i Askvoll sokn), medan åtte budde i Kinn prestegjeld (sju i Kinn sokn, éin i Svanøy sokn). For fem av dei 13 går det fram av teljinga at dei var i slekt med éin av mennene eller gutane med namnet, men for hine åtte gjev ikkje folketeljinga opplysning om slektskap med nokon av dei andre. Namnet *Désirée*, som er betre kjent i vår tid, er ikkje registrert i 1801.

Eg normaliserer stavinga av historiske namn frå primærkjelder, om ikkje anna er markert med hermeteikn. Eg bruker stavemåten *Désirée* med to aksentteikn, som er den vanlege franske; stavemåten med *ée* er jo eintydig fransk.

*NPL* har desse oppslaga (s. 61):

**Desiderius** m, lat. namn, laga til verbet *dēsīderāre* 'lengte etter, ønskje'. Nyttia i Sunnfjord på 1700- og 1800-t. Namnedag 23. mai, etter ein fransk martyr ca. 600. Til dette svarar kvinnenamnet *Desideria* (1823), svært sjeldan.

**Desirée** f, fr. form av lat. *Desiderāta*, laga til verbet *dēsīderāre* 'lengte etter, ønskje'. I bruk frå ca. 1950, men namneberarane kan for ein del vere utlendingar.

Årstalet 1823 etter *Desideria* skal vel tolkast som datering av det første kjende belegget, men det er altså eitt i 1801-teljinga. Beraren er sagt å vere 20 år, dvs. fødd om lag 1782; det reelle fødselsåret er 1786.

Som vi skal sjå, vart *Desiderius* gjerne korta ned til *Diss* (normalt skrivne «Dis» i samsvar med dansk ortografi), ei form med belegg frå både 1700- og 1800-talet.

Namna har framleis nokre få berarar. Søk på skattelister.no (utført 26. mars 2010) gjev eitt treff på *Desiderius* og eitt på *Deciderius*, begge som tredje namn. Det ser ut til å dreie seg om høvesvis ein belgiar (busett i Belgia) og ein

færøying (busett i Møre og Romsdal). Det er dessutan to treff på *Desiderio* som hv. andre og tredje namn. Forma er vel italiensk eller spansk; personane har namn som ser utanlandske ut elles òg. Det er sju treff på *Desideria*; av dei er det to som er første namn, medan to er andre namn og tre er tredje namn. Det er mogleg at nokre av desse har fått namnet i Noreg, men dei fleste har namn med utanlandsk preg eller er busette i Sverige. Ingen av dei er busette i Sunnfjord. Vi kan med andre ord slå fast temmeleg sikkert at *Desiderius* og *Desideria* ikkje er i bruk i Sunnfjord lenger.

Ifølgje søk (utført 26. mars 2010) på nettstaden til Statistisk sentralbyrå ([www.ssb.no/navn/](http://www.ssb.no/navn/)) er det 226 kvinner med *Desiree* (ev. med aksenteikn) som første namn, og 49 kvinner og fire menn med *Desire* som første namn.

I denne artikkelen har eg tre siktemål. Det første gjeld utbreiing. Når kom namna *Desiderius*, *Desideria* og kortforma *Diss* i bruk i Sunnfjord? Kor frekvente var dei der, og når gjekk dei ut av bruk? I kva grad har dei vore i bruk elles i landet? Eg fokuserer på Sunnfjord og har resten av landet med som bakgrunn.

Det andre siktemålet gjeld slektskapstilhøve. I kva grad var berarane av namna i Sunnfjord i slekt med kvarandre? Kan namna via oppkalling først tilbake til éin person?

Det tredje siktemålet gjeld det eldste opphavet til namna i Sunnfjord. Er det mogleg å finne noka forklaring på utbreiinga av namnegruppa nettopp i ytre Sunnfjord?

## 2 KJELDER

Som vi skal sjå, kan bruken av namna *Desiderius* og *Desideria* i Askvoll prestegjeld først tilbake gjennom slektskap til Kinn prestegjeld. Det er difor kjeldene frå Kinn som er sentrale. Bremanger sokn var del av Kinn prestegjeld fram til 1864, då det vart eige prestegjeld (og eigen kommune).

Dei viktigaste lett tilgjengelege primærkjeldene til folket i Kinn før 1801 er kyrkjebøker og skifteprotokollar. Alle desse er no skanna og kan lesast på nettet ([www.digitalarkivet.no](http://www.digitalarkivet.no), [www.arkivverket.no](http://www.arkivverket.no)). Den eldste kyrkjeboka tek til i 1689, men femner berre om soknene Kinn og Svanøy (òg kalla Bru); Bremanger sokn manglar. Bremanger kjem først med i den neste boka, som byrjar i 1729. Men kyrkjebøkene er til dels mangelfulle: Slektsgransking som eg sjølv har gjort, syner at mange kyrkjehandlingar må mangle, og i periodar er det inga kyrkjebokføring i det heile, anten fordi embetet stod utan prest, eller fordi presten ikkje førte bok (jf. Joleik 1980:12, 20). Skifteprotokollane tek til i 1677. Tilgangen til desse kjeldene er forenkla ved at delar av kyrkjehandlingane er registrerte i søkbare databasar på Digitalarkivet (dåp fram til 1814, konfirmasjon 1742–80, vigslе til 1815, gravlegging 1729–50). Til skifteprotokollane er

det òg laga eit søkbart register over arvelatarane (men ikkje arvingane). 1701-manntalet for Nordre Bergenhus (dvs. Sogn og Fjordane) er òg tilgjengeleg som database på Digitalarkivet.

For dei noverande kommunane Askvoll og Bremanger er det gjeve ut skikkelege bygdebøker der slektene er systematiserte: *Askvoll bygdebok* (Loftheim 1963–72 og Knudsen 1987) og *Bremanger bygdebok* (Svihus 2006). For Flora kommune, som i hovudsak tilsvare soknene Kinn og Svanøy i Kinn prestegjeld etter grensene i den aktuelle perioden, finst det ei bok som er ei samling av etterlatne notat om tida fram til 1801: Albert Joleik, *Soga om Flora*, utgjeven av Flora Sogenemnd i 1980. Stoffet er ordna gardvis og kronologisk, men er ikkje systematisert som i vanlege bygdebøker, og det er langt frå fullstendig. Likevel gjev boka nyttige opplysningar frå vanskeleg tilgjengelege primærkjelder, som futerekneskapar, skattelister o.l.


Folketeljinga frå 1801 er tilgjengeleg i søkbar form på Digitalarkivet, og det same gjeld folketeljingane frå 1865 og 1900. Kyrkjebøkene for Kinn prestegjeld frå tida etter 1801 er nokolunde fullstendige og er tilgjengelege i skanna form til eit stykke inn på 1900-talet (med unnatak av dåp, der ministerialboka er tilgjengeleg fram til 1885; klokkarbøkene for tida etter er skanna og tilgjengelege, men iallfall for Kinn sokn er dei, av grunnar eg ikkje kjenner, så ufullstendige at dei er av lita nytte). For skifteprotokollane går registeret (jf. ovanfor) fram til 1845.

For Flora kommune finst det ikkje noko som liknar på bygdebok for tida etter 1801. Eg har sjølv, uavhengig av den føreliggjande studien, gjort ein god del registrering av kyrkjehandlingar frå (1700- og) 1800-talet for det området som tilsvare noverande Flora kommune (tilgjengeleg på nettstaden [www.toroddkinn.name](http://www.toroddkinn.name)), noko som lettar arbeidet særleg med tida etter 1801.

På nettsidene til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane ([www.fylkesarkiv.no](http://www.fylkesarkiv.no)) ligg det òg ein god del personhistoriske data, men verdien av registra er forringa av at det (så vidt eg kan sjå) ikkje finst noko oversyn over kva kjelder som er registrerte. Eg har brukt dette materialet berre lite i undersøkinga her.

### 3 NAMNA *DESIDERIA*, *DESIDERIUS* OG *DISS* I SUNNFJORD

Det er stor skilnad i utbreiing mellom kvinnenamnet *Desideria* og mannsnamnet *Desiderius*, med kortforma *Diss*. I tillegget til artikkelen har eg sett opp eit oversyn over dei personane med namna *Desiderius*, *Desideria* og *Diss* som eg har funne i Sunnfjord. Her oppgjev eg primærkjeldene til dåp. Når det gjeld dei genealogiske konstruksjonane som eg gjer i avsnitt 5 og i tillegget, er det vanskeleg å utstyre kvar einskild av dei med referansar til kjeldene som dei byggjer på, ettersom dei fleste av dei byggjer på ei lang rekkje primær- og sekundærkjelder. Det må nemnast at mange av dei personane som er nemnde i tillegget, ikkje voks opp.




Figur 1. Det eldste belegget på *Desideria*. Ministerialbok for Askvoll nr. A 7 (1739–1748), Kronologisk liste 1746, side 94.


Namnet *Desiderius* er skrive på ulike vis i primærkjeldene. Begge dei første vokalane vekslar mellom *e* og *i*, og i staden for *s*-en mellom dei står det ofte *ss* og stundom *c*. Liknande variasjon er det for *Desideria*. Dersom namna vart uttalte med hovudtrykk på tredje staving, var nok uttalen [disi<sup>1</sup>de:-] eller [disi<sup>1</sup>de:-] jf. at vanleg uttale i området av framandord som t.d. *pessimist* har vore [pise<sup>1</sup>mist] eller [pisi<sup>1</sup>mist]. Uttale med *i*-lyd i første staving forklarar vokalene i forkortinga *Diss*.

Namnet *Desideria* har eg funne på berre fire personar døypte i Sunnfjord: *Desideria Larsdotter* (Alden i Askvoll 1746), *Desideria Gregoriusdotter* (Indre Reksta i Kinn 1786), *Desideria Sørensdotter* (Gjørøya i Askvoll 1801) og *Karen Desideria Pettersdotter* (Indre Reksta i Kinn 1822). Alle belegga er altså eldre enn året 1823, som er nemnt i NPL. Det eldste belegget ser ein i figur 1.

Derimot er *Desiderius* og *Diss* samla nytta meir enn 60 gonger. Kortforma *Diss* er nytta ved dåpen av fire gutar i Kinn sokn: *Diss Martinsson* (Kinn

Figur 2. Det eldste belegget på namnet *Diss*. Ministerialbok for Kinn nr. A 2 (1729–1785), Kronologisk liste 1769, side 369.





Figur 3. Namnet *Desiderius* skrive *Diss*., dvs. markert som forkorting. Ministerialbok for Kinn nr. A 2 (1729–1785), Kronologisk liste 1774, side 402.


1787), *Diss* Berent Ananiasson (Skorpa 1812), *Diss* Olai Monsson (Sunde 1823) og *Diss* Elias Olsson (Espeset 1865). Men det eldste belegget eg har funne, er frå 1769, for konfirmanten *Diss* Andersson (Sørbotnen i Bremanger). Han var brudgom i 1774, og då vart han kalla *Desiderius*. Som vi ser av figur 2, er det ikkje noka markering ved konfirmasjonen av at namnet er oppfatta som ei forkorting. Ei markert forkorting finn vi i 1774, når *Desiderius* (Absalonsson) *Indre Reksta* er fadder, jf. figur 3. Eg gjer ikkje noko vidare forsøk på å skilje mellom *Diss* som forkorting av *Desiderius* og som eit eige namn.


Det eldste belegget (som eg har funne) på *Desiderius* i kyrkjebøkene for Kinn, er frå 1689. Det er frå dåpen til *Desiderius* Lauritsson (Larsson) frå Storøya, jf. figur 4.

Men dette er ikkje den tidlegaste personen med namnet i Sunnfjord. Den eldste eg har funne, er *Desiderius* Andersson på Flora, der *Florø* ligg no. Ifølgje *Joleik* (op.cit. 209) er han nemnd som son til *Anders* (Nilsson) *Flora* i manntalet i 1666, 16 år gammal. I manntalet i 1701 er «*Deciderius* Andersen» *Flora* sagt å vere 54 år og «*obristlieutn. assign*» altså militær (jf. Digitalarkivet). Han skal altså ha vore fødd ein gong rundt 1650, truleg på *Flora*; *Joleik* (loc.cit.) nemner ein *Anders* som (slik eg forstår *Joleik*) var skattebetalande bonde der i 1651. Alderen til *Anders* varierer i kjeldene (jf. *Joleik*: loc.cit.); han kan ha vore fødd ein gong rundt 1610 (med vid margin i begge retningar).

Eg har registrert namnet *Desiderius* på to personar fødte i *Askvoll* (*Vilnes* sokn): *Desiderius* Andersson (*Værøya* ca. 1762) og *Desiderius* Kåresson

Figur 4. Det eldste belegget på *Desiderius*. Ministerialbok for Kinn nr. A 1 (1689-1729), Kronologisk liste 1689–1729, side 82.






Figur 5. Registrerte personar med namna *Desiderius* og *Diss* i Kinn sokn og Bremanger sokn/prestegjeld.

(Værøya 1822). Alle dei andre personane, om lag 60 når *Diss* er inkludert, var frå Kinn sokn eller Bremanger sokn/prestegjeld. Figur 5 syner korleis dei fordelar seg på Kinn og Bremanger i tida frå 1686 fram til 1885. Dei fleste er registrerte ved dåpen, nokre få på annan måte og med pårekna fødselsår. (Den første kjende, *Desiderius Andersson Flora* (f. ca. 1650, jf. ovanfor), er ikkje med her, og det er heller ikkje den siste, *Lars Desiderius Samsonsson*, f. Florø 1887.)

Som vi ser, fekk namnet aldri meir enn to nye berarar på ein tjuårsperiode i Bremanger; først ute var *Desiderius Gulbrandsson* (Øvrebotten 1760). Men i Kinn sokn får det ei blømingstid etter 1785 og særleg i tiåra etter 1800. Noko høgfrekvent namn var det jo ikkje, men det må ha vore eit velkjent namn i Kinnbygdene på 1800-talet. Siste registrerte dåp i den systematisk undersøkte perioden er *Desiderius Bertinus Olsson* (Espeset 1877), men eg har tilfeldig komme over *Lars Desiderius Samsonsson* (fødd og død i Florø i 1887). Det er mogleg at namnet vart brukt i dåp seinare enn 1887, men det er ingen så unge i Kinn med dette namnet i folketeljinga i 1900, så det overlevde ikkje som bruksnamn.

Allereie tidleg vart ytre Sunnfjord eit område der det var vanleg å døype barna med fleire namn. I dei fleste tilfelle (og kanskje klarare for menn enn for kvinner) var det berre det første namnet som vart bruksnamn. Det er difor av interesse å sjå på kva posisjon i namnerekkinga namna i *Desiderius*-gruppa hadde. Vi har sett at *Desideria* var nytta tre gonger først (og åleine) og ein gong (den siste) som andre namn. *Diss* var først i dei fire tilfella det vart registrert ved dåpen (dei tre siste med eit etterfølgjande namn). Når det gjeld *Desiderius* i uforkorta form, syner figur 6 utviklinga. Her skjer det eit skifte i tiåra før og etter 1830: Namnet vart då brukt for første gong som andre namn (*Kornelius Desiderius Olsson* (Senneset i Bremanger 1816)), og det vart raskt vanlegare som andre namn enn som første namn. (Det vart brukt ein gong som tredje namn: *Hans Olai Desiderius Olufsson* (Ytre Reksta (Rognaldsvågen) 1858).) Dette skiftet må nok sjåast på som eit tap av popularitet som varslar at namnet var på veg ut som bruksnamn.





Figur 6. *Desiderius* (ekskl. *Diss*) som første vs. andre eller tredje navn

Ser vi nærare på den geografiske fordelinga, er det øyane Askrova og Reksta som skil seg ut. På Askrova vart det født heile 18 gutar som fekk eitt av namna *Desiderius* og *Diss* i perioden 1770–1877, aller flest i Valvika (åtte gutar), men òg på Sunde, Espeset og Vallestad. På Reksta var det ti gutar som fekk namnet *Desiderius* i tida frå rundt 1740 til 1871, med ein konsentrasjon på Indre Reksta. Andre stader i Kinn som kan nemnast (tal på fødde i parentes, inkl. *Diss*), er Batalden (4, fordelt på ulike øyar), Kinn (3), Skorpa ((ytre) Skorpa: 2, Skorpeidet 1). I Bremanger var det flest i Botnane (Øvrebotten: 2, Nordbotten 1) og på Hauge (3).

#### 4 NAMNEGRUPPA ELLES I LANDET: 1865 OG 1900

Namnet *Desiderius* er registrert på ein person utanfor Sunnfjord i folketeljinga i 1865 (jf. Digitalarkivet): handelsdreng «Desidereus Billington» på Kongsvinger, f. 1827 i Kristiania. Det er seks tilfelle av *Desideria* utanfor Sunnfjord. Det er første namn i to av dei; det gjeld ei prestefrue i Trondheim, f. ca. 1823 i Støren, og ei jente i Fredrikshald, f. ca. 1853 i Tistedalen (dotter av ein «Former»). Elles er det andre namn på ei jente (f. ca. 1861) i Trondheim og tredje namn på to kvinner og ei jente (f. ca. 1826, 1827 og 1865) i Kristiania. Den eldste og den yngste av dei sistnemnde heiter begge (i normalisert staving) Eugenia Bernhardine Desideria – jf. nedanfor. Namnet *Désirée* finn eg tre tilfelle av, som andre namn på ei jente i Idd i Østfold (f. ca. 1850) og som tredje namn på ei kvinne i Rollag i Buskerud (f. ca. 1828) og ei jente i Drammen (f. ca. 1850).

I folketeljinga i 1900 (jf. Digitalarkivet) har eg funne 20 jenter og kvinner som er registrerte med namnet *Desideria*. Sju av dei hadde *Desideria* som første namn. 11 av dei var busette i Kristiania, to i Østfold, i Vestfold og i Sør-

Trøndelag, éi i Hedmark, i Møre og Romsdal og i Troms. Seks var fødde i Sverige, og seks til hadde ein eller to foreldre fødde i Sverige. Éi jente i Drammen (f. 1898) heitte Claire Désirée; ho hadde svensk mor.

Det er tydeleg at *Desideria* var eit populært namn mellom svenskane. Grunnen treng vi ikkje å leite lenge etter: Eugénie Bernhardine Désirée Clary (f. i Marseille 1777) vart gift med Jean Baptiste Bernadotte i 1798. Han er betre kjend som kong Karl Johan av Sverige og Noreg. Désirée Clary var dronning Desideria frå 1818 til ho døydde i 1860. Mange av tilfella av både *Desideria* og *Désirée* må nok tilskrivast statusen som dronningnamn. I alle høve kan det neppe vere nokon tvil om at dei to med namnet *Eugenia Bernhardine Desideria* som er registrerte i 1865, har fått namn etter dronninga. Ifølgje Otterbjörk (1964:150) kom både *Desideria* og *Desirée* i bruk «genom Karl XIV Johans gemål». Brylla (2000:60) har 1811 som år for det eldste belegget for begge namna, men det er ikkje sagt om dette kjem av at det var dét året Désirée Clary kom til Sverige, eller om det vart døypt jenter med namna allereie då. Ho skriv (Brylla loc.cit.) at den sterkaste perioden for *Desideria* var 1885–1909.

Men éi av jentene i Noreg som fekk namnet *Desideria*, hadde ikkje berre svensk far, men mor frå Bremanger. Det gjeld «Martha Desideria Anderssen» i Sandefjord (f. 1893). Mormora heitte Marte Desideriusdotter og var dotter av Desiderius Nilsson (sjå figur 7 nedanfor).

Ein framand fugl i 1900 var italienaren Desiderio Muzarelli (f. 1874 i Italia), som budde i Aurland i Sogn. Elles var det to med namnet *Desiderius* utanfor Sunnfjord. Den eine var ein Bjarne Desiderius i Kristiania (f. 1894 i Fredrikshald); foreldra var svenske, og mora heitte Amalie Desideria. Den andre var ein Peder Desiderius i Steigen i Nordland (f. 1883). Mora heitte Hille Katrine Desideriusdotter; ho var fødd i Kinn og var dotter av Desiderius Karstensson (Sunde i Kinn 1806).

## 5 TILBAKE TIL SUNNFJORD: SLEKTSKAP OG OPPKALLING

Var alle sunnfjordingar med namna *Desiderius*, *Desideria* og *Diss* i slekt, slik at utbreiinga har skjedd utelukkande ved oppkalling i familien? Svaret er temmeleg sikkert nei. No er det ei formidabel og i praksis umogleg oppgåve å kartlegge alle slektskapar og relevante svogerskapar for 60–70 personar – det er vanskeleg nok å gjere det for éin –, ikkje minst når kjeldene til dels er mangelfulle og ikkje-eksisterande. For nokre få av personane har eg ikkje klart å påvise tilknytning til nokon av dei andre. Men svært mange tilhøyrer éi bestemt slekt, med Anders Nilsson Flora som felles opphav. Hans son Desiderius Andersson f. ca. 1650 var den første (i mine belegg) med namnet *Desiderius*. Fire andre slekter har òg fleire tilfelle av namna, tilbake til hv. 1712, 1816, 1812 og 1744.

Eg byrjar med dei minst klare slektene. Eg trur Desiderius Andersson (Pusa-



vika i Kinn 1744) var farfar til to brør med same namn, Desiderius Jensson (Nordbotnen i Bremanger 1795 og Indre Reksta i Kinn 1803). Eg reknar det òg for sannsynleg at han var morbror til Desiderius Andersson (Ytre Reksta 1786). Namnet dukkar òg opp på eit (sikkert) tippoldebarn, Kornelius Desiderius Tore Johan Nilsson (Nøtset i Bremanger 1873), og før det på eit halvsyskenbarn av denne, Kornelius Desiderius Matias Sakariasson (Førde i Bremanger 1850). Sistnemnde stammar ikkje frå Desiderius Andersson Pusavik, men kan vere oppkalla via steslektskap; han høyrer derimot til neste slekt. Eg klarer ikkje å knyte desse personane til dei andre slektene vi skal sjå på, og eg er altså heller ikkje heilt trygg på at eg har sett alle desse personane rett saman.

Slekt nr. 2 har fire tilfelle av Kornelius Desiderius, alle fødde på 1800-talet. To av dei er hv. oldebarn og tippoldebarn av Anders Larsson Førde i Bremanger (f. ca. 1711, d. Førde 1777): Kornelius Desiderius Olsson (Senneset i Bremanger 1816) og Kornelius Desiderius Matias Sakariasson (Førde 1850). Dei andre er knytte til desse i steslektskap; det gjeld Kornelius Desiderius Mattisson (Hauge i Bremanger 1830) og Kornelius Desiderius Tore Johan Nilsson (Nøtset 1873). Sistnemnde høyrer til den første slekta òg, og guten frå Hauge finn vi att i neste slekt.

I slekt nr. 3 har eg tilhøva klare. Her er utgangspunktet Desiderius Gregoriusson (Barekstad i Kinn 1712), busett i Øvrebotten i Bremanger. Dei relevante delane av etterslekta hans er sette opp i figur 7. Han fekk to soner, to oldebarn og eitt tippoldebarn med namnet Desiderius, og han var òg farfar til Desideria Gregoriusdotter (f. 1786). Ho var fødd året etter at broren Desiderius døydde. I tillegg til sunnfjordingane i figuren var Desiderius Nilsson som nemnt oldefar til ei jente i Sandefjord med *Desideria* som andre namn. Eg har ikkje klart å knyte den eldste Desiderius Gregoriusson til den femte og største slekta, men ei slik tilknytning er ikkje umogleg, jf. nedanfor.

Figur 7. Delar av etterslekta til Desiderius Gregoriusson Øvrebotten.

**Desiderius** Gregoriusson f. Barekstad 1712

- Nils Desideriusson f. Øvrebotten 1733
  - Anne Nilsdotter f. Øvrebotten 1761
    - Mattis Helgesson f. Hauge 1790
      - Kornelius **Desiderius** Mattisson f. Hauge 1830
- **Desiderius** Nilsson f. Øvrebotten 1766
- Gregorius Desideriusson f. Øvrebotten 1738
  - **Desiderius** Gregoriusson f. Indre Reksta 1765
  - Johannes Gregoriusson f. Indre Reksta 1772
    - **Desiderius** Johannesson f. Ura 1823
  - **Desideria** Gregoriusdotter f. Indre Reksta 1786
    - **Desiderius** Olai Henriksson f. Kinn 1822

- Pål Larsson (ca. 1730–1798) og Dorte Olsdotter (d. ca. 1796), bst.\* Skorpeidet
- Lars Pålsson f. Skorpeidet 1754
    - Dorte Larsdotter f. Skorpeidet 1793
      - **Desiderius** Elias Mortensson f. Batalden 1830
  - Gjertrud Pålsson f. Skorpeidet 1770
    - Aleksander Ananiasson f. Skorpa 1808
      - Ananias **Desiderius** Aleksandersson f. Batalden 1841
    - **Diss** Berent Ananiasson f. Skorpa 1812

\* Bst = bustad eller busett.

Figur 8. Delar av etterslekta til Pål Larsson og Dorte Olsdotter Skorpeidet .

I slekt nr. 4 er det to tilfelle av *Desiderius* og eitt av *Diss*. Slektskapen mellom dei går fram av figur 8. Desse gutane er fødde nokså seint, den eldste, Diss Berent Ananiasson, på Skorpa i 1812. Syskenbarnet hans og bror hans gav kvar sin son namnet *Desiderius* ein generasjon seinare, som hv. første og andre namn. Eg har ikkje klart å knyte denne slekta til den store slekta som er omtalt nedanfor, men ei tilknytning kan heller ikkje utelukkast.

Slekt nr. 5 har ei mengd personar med dei aktuelle namna. Utgangspunktet her er Anders Nilsson Flora (f. ca. 1610). Det finst ikkje skifte etter Anders eller noka kone av han, men manntalet frå 1666 opplyser som nemnt at han hadde sonen Desiderius (f. ca. 1650) hos seg då. Det er sannsynleg at han òg hadde sonen Nils og døtrene Dorte og Susanne, og det er mogleg, men svært usikkert, at han hadde sonen Kristoffer. Dette er sett opp i figur 9, der ein del av barna og barnebarna til Desiderius, Dorte og Susanne òg er med.

Både Desiderius Andersson sjølv og to søner, Jakob D. Flora og Anders D. Flora, seinare Indre Reksta, er nemnde med slektsnamnet *Foss* (Joleik op.cit. 198–199, 214). Desiderius døydde i 1708. I etterslekta til Desiderius Foss finn vi mange med namn av *Desiderius*-gruppa (sjå tillegget). Alle tilfella eg har funne av *Desiderius* og *Desideria* i Askvoll, er knytte til etterslekta til Desiderius Andersson (f. Flora 1709), som busette seg på Alden. Den første Desideria (1746) var dotter av kona hans i neste ekteskap.

Ein sannsynleg bror av Desiderius Foss, Nils Andersson Foss, var gjestgjevar i Furesundet i Kinn (Joleik op.cit. 235–236), men ser ikkje ut til å ha hatt etterslekt som er av interesse her.

Ei Dorte Andersdotter Foss døydde på Storøya i Svanøy sokn i 1706 (Joleik op.cit. 662). Det er rimeleg å tru at Dorte var dotter av Anders Nilsson og syster av Desiderius og Nils. Joleik meiner at mannen hennar var ein viss Lars («Laurits») Storøya. Om det er rett, var hans son Desiderius Larsson (Storøya 1689) av Foss-slekta, jf. figur 4. Denne greina ser ut til å ha døydd ut.

- Anders Nilsson f. ca. 1610, bst. Flora, d. etter 1666
- **Desiderius** Andersson Foss, f. ca. 1650, bst. Flora, d. 1708
    - Anders Desideriusson f. Flora ca. 1682, bst. Flora/Indre Reksta
      - A1 **Desiderius** Andersson f. Flora 1709, bst. Alden
      - A2 Absalon Andersson f. Flora 1711, bst. Indre Reksta
      - A3 Jørgen Andersson, f. Flora/Indre Reksta ca. 1720, bst. I. Reksta
    - ? Nils Andersson Foss, f. ca. 1645, gjestgjevar i Furesundet, d. etter 1714
    - ? Dorte Andersdotter Foss, bst. Storøya, truleg g.m. Lars Olsson, d. 1706
      - **Desiderius** Larsson, f. Storøya 1689
    - ?? Kristoffer Andersson, f. ca. 1640, bst. Krokane, d. etter 1710
    - ? Susanne Andersdotter Foss, bst. Hammarset, g. I. 1689 m. Gregorius Olsson Hammarset, II 1690 m. Mattis Endresson Indre Reksta, d. etter 1700
      - Gregorius Gregoriusson, f. Hammarset 1689, bst. Valvika
        - B1 **Desiderius** Gregoriusson, f. Valvika ca. 1717, bst. Valvika
        - B2 Aksel Gregoriusson, f. Valvika ca. 1719, bst. Hauge
        - B3 Kari Gregoriusdotter, f. Valvika 1722, bst. Valvika
        - B4 Lisbet Gregoriusdotter, f. Valvika ca. 1725, bst. Kvaløysundet
        - B5 Gjø Gregoriusdotter, f. Valvika 1729, bst. Espeset
      - Anders Mattisson, f. Hammarset ca. 1695, bst. Valvika
        - C1 Mattis Andersson, f. Valvika ca. 1722, bst. Keitangen
        - C2 Dorte Andersdotter, f. Valvika ca. 1730, bst. Sunde
        - C3 Ole Andersson, f. Valvika ca. 1736, bst. Valvika

Figur 9. Anders Nilsson Flora med moglege barn og det relevante utvalet av deira barn og barnebarn. Eitt spørjeteikn tyder at det er truleg at personen var barn av Anders, to spørjeteikn at det er mogleg, men svært usikkert. Kodane A1 osv. er brukte i tillegget.

Ei Susanne Andersdotter Foss gifta seg først med Gregorius Olsson Hammarset i 1689, og så på nytt med Mattis Endresson Indre Reksta året etter (Joleik op.cit. 421–422); dei vart buande på Hammarset. Det er stor etterslekt frå begge desse ekteskapa. Personar med namn i *Desiderius*-gruppa er lista opp i tillegget.

Eit skifte på Hammarset i 1697 etter Susanne si mormor Ales Tollaksdotter syner at Susanne var den einaste arvingen etter mora Karen Knutsdotter Flora (Joleik op.cit. 422–423). Dersom Susanne var syster av Desiderius, Nils og Dorte, må det difor vere tale om halvsysken, dvs. at Anders Nilsson må ha vore gift to gonger. Det er ikkje noko som tyder på at det på Flora på 1600-talet har vore to personar som bar namnet *Anders* og kan ha formidla namnet *Foss*, så eg reknar det som svært sannsynleg at alle dei fire var barna hans.

Som nemnt ovanfor klarer eg ikkje å knyte slekt nr. 3, frå Desiderius Gregoriusson (f. Barestad 1712), til Foss-slekta. Men det er ikkje umogleg at farfaren,

Kristoffer Andersson Krokane, f. ca. 1640 (jf. Digitalarkivet, manntalet frå 1701), òg kan ha vore son av Anders Nilsson Flora. Namnet *Desiderius* i etterlekta er eit indisium på det, og elles hadde Kristoffer rett patronym og passende alder. Men ein eventuell slik slektskap kan neppe korkje stadfestast eller avkreftast.

Slekt nr. 4 ovanfor har eg heller ikkje knytt til Foss-slekta, men eg vil ikkje utelukke at det kan vere ei tilknytning gjennom Dorte Olsdotter, mormor og oldemor til dei tre med namna *Diss* og *Desiderius* i den slekta. Eg har ikkje klart å finne ut av opphavet hennar, men *Dorte* er jo som vi har sett, eit Fossnamn.

## 6 SAMANHENGEN MED SLEKTSNAMNET *FOSS* – EI FORKLARING?

Som vi har sett, stammar dei fleste sunnfjordingar med namna *Desiderius*, *Desideria* og *Diss* frå Anders Nilsson Flora, som hadde barn med slektsnamnet *Foss*. I dette avsnittet skal eg drøfte ein idé som har vore framsett i ymse versjonar av Joleik (1980) og ulike genealogar: at namnet *Foss* på somme av etterkommarane til Anders Nilsson Flora kjem av at dei var i slekt med Anders Foss, biskop i Bergen 1583–1607. Denne hypotesen vert av Joleik (op.cit. 198) knytt til at namnet *Desiderius* finst både i Kinn-slekta og på ein viss *Desiderius Foss* som levde samtidig med Anders Foss, og Joleik undrast om det kan ha vore ein bror av bispen. Joleik (loc.cit.) skriv:

Nils [Andersson, gjestgjevar i Furesundet] er stundom skriven med ættarnamn Foss, og sameleis sume av Flore-bøndene. Det minner um dansken Anders Foss, som var biskop i Bergen 1583–1607, og ei kritisk utgreiding av *Desiderius Foss* (bror hans?) i den tid. Den eine Foss-bonden på Flora er ein ofte nemnd *Desiderius*, på synnfjormål *Diss*.

Og ein annan stad i boka (Joleik op.cit. 662) er han inne på det same og seier i samband med omtalen av Dorte Andersdotter Foss på Storøya at «Foss-folkje på Flora munde vere i skjyldskap med bispen Anders Foss».

Denne moglege slektskapen har vore diskutert m.a. på Digitalarkivet sitt debattforum ([da2.uib.no/cgi-win/WebDebatt.exe](http://da2.uib.no/cgi-win/WebDebatt.exe), tema nr. 22622), der eg sjølv har hatt eit innspel. No må eg gjere merksam på at eg ikkje er ein heilt nøytral forskar i denne saka: Eg er 9. generasjons etterkommar av Susanne Foss, og eg ville ha synst det var gildt å kunne leggje biskop Anders Foss til anetavla.

Anders Foss var fødd i Danmark i 1543 (*NBL*, bd. 4: 201). Anders Nilsson Flora var fødd ca. 1610, med rik slingringsmon begge vegar. Det vil seie at han godt kan ha vore (t.d.) soneson av bispen, men nokon direkte evidens for eksistensen av ein bispeson Nils Andersson finst ikkje, så vidt eg kjenner til. Ein veit

at Anders Foss hadde ein del barn, men det er ikkje kjent kor mange. På Per Nermo sin *Nordic Genealogy Site* ([www.nermo.org](http://www.nermo.org)) er det tre døtrer (Magdalena, Dorothea og NN gift med Henrik Høyer) og to søner: Jacob (tentativt kalla fut i Stryn) og Nils. Denne Nils er sett opp som far til Anders Nilsson Flora, men det står at både identiteten hans og tilhøvet til foreldra er svært usikre.

Det er altså namna *Foss* og *Desiderius* i Sunnfjord-slektene som er grunnlaget for slektskapshypotesen. Det var som kjent dei færraste som hadde slektsnamn rundt om på bygdene i Noreg så tidleg som på 1700-talet. Med unnatak av gjestgjevaren var Foss-folket i Kinn bønder. Men somme av dei sat godt i det med pengar, og Joleik (op.cit. 662) kommenterer at Lars Storøya, som altså truleg var mannen til Dorte Foss, hadde «finare fadrar en hitt folke» til barna sine. Det er truleg at dei var haldne for storfolk i Kinn-bygdene.

Noko som er sikkert, er at namnet *Foss* har hatt prestisje (trass i at det ikkje er spesielt «fornemt» i seg sjølv); det følgde somme slektslinjer i fleire ledd, men kunne òg forsvinne, for så å dukke opp att etter nokre generasjonar. Nokre døme kan vise det. Desiderius Andersson Alden hadde ein son Jonas (f. 1738) som flytta til Bergen. Då Jonas fekk ein son døypt i Nykirken i 1766, vart han (faren) kalla «Jonas Desiderius Foss» (Digitalarkivet: Døypte i Bergen 1668–1815). Han tok altså opp att *Foss*-namnet, som hadde vore brukt av farfaren på Indre Reksta, men som ikkje ser ut til å ha vore brukt av slekta i Askvoll i det heile. Meir slåande er likevel følgjande døme, som er omtalt i tema 22622 på debattforumet på Digitalarkivet. Slektsgranskaren Sigmund Sunde skriv:

Først da det var for sent å spørre ham, fant jeg at jeg ville vite hvorfor min far, f. 1915, var døpt Sigmund Foss Sunde. Etterhvert fant jeg at dette måtte komme fra hans tippoldemor, Susanne Andersdtr. Foss som er nevnt over. Men hvilken Foss var dette? Og hvorfor akkurat Foss, av alle navn som var å velge mellom når man går så langt tilbake?

Et sannsynlig svar fikk jeg da en annen gren av familien viste seg å inneha et stensilert og usignert ark med overskriften 'Foss-Slekta'. Der sto først en avskrift av avsnittet om biskop Anders Foss i 'Lampes preste-historier bind 1 Nr. 5, Bisper i Bergen'. [...] Videre står bl.a.: 'Ættegranskaren Einar Håstad siger at Desiderius Andersen Foss i Florø f. 1645 d. 1708 skall være en sonson til Bispen, og at Susanne Andersdatter Foss på Hammerset skal være ei syster til Desiderius.'

Det kan se ut til at dette har vært en så sterk tradisjon i familien, at min farfar f. 1873 fant det passende å oppkalle sin sønn etter Bispen.

Den omtalte Sigmund Foss Sunde var fødd i Fana og var son av Sigmund Kristoffer Andersson, fødd på Sunde i 1873 (e-post frå Sigmund Sunde til forfatta-

ren, 2. juni 2011), og det er riktig at dei stammar frå Susanne Foss. Slik bruk av *Foss*-namnet som Sunde her nemner, finn eg fire døme på i Kinn. Det yngste er Lars Andreasson Foss (f. Nytingneset 1887), son av Andreas Matiasson. To andre er syskenbarn av Sigmund Andersson som vart døypte Jakob Anton Foss (f. 1881) og Samson Martin Foss (f. 1882); dei var søner av Matias Jakobsson Sunde. Før det må vi tilbake til 1818, då Marte Karstendotter Vallestad fekk ein son som vart døypt Karsten Matias Foss. Alle dei fem gutane som vart døypte Foss, var etterkommarar av Susanne Foss sin soneson Mattis Andersson (C1 i figur 9): Karsten var eit oldebarn, Lars, Jakob og Matias tippoldebarn og Sigmund eit tiptippoldebarn.

Som vi har sett, nemner Joleik ein Desiderius Foss som han spekulerer på om kan ha vore bror til biskop Anders Foss. Alle trykte kjelder eg har konsultert, seier at fødestaden og foreldra til Anders Foss er ukjende (Lampe 1895–96:5; Ehrencron-Müller 1924–35, bd. 3:89; *NBL*, bd. 4:201). Ehrencron-Müller (loc. cit.) seier at Anders var i slekt med prioren i Antvorskov kloster, Niels Andersen Foss, medan *NBL* (bd. 4:201) seier at han skal ha vore brorson av prioren. Anders Foss var elles ei tid rektor ved klostertskulen nettopp i Antvorskov, iallfall i 1565 (Ehrencron-Müller loc.cit.). Med unnatak av Wiberg (1870–79, bd. 3:187) oppgjev kjeldene ikkje noko patronym for Anders, men Wiberg skriv «Anders Mikkelsen Foss». I *NBL* (op.cit. 202–203) står det at Anders Foss sin «bedømmelse av Saxos Danmarkshistorie [...] blev sendt til [hans] fætter (?) Desiderius Foss».

Desiderius Foss var prest i Vor Frue Kirke i København frå 1582 (Wiberg op.cit. bd. 2:119) og var fødd i 1540. Ut frå alderen kan han altså godt ha vore bror til Anders. Men han står oppført med patronymet *Hansen*, ettersom foreldra her er kjende: Hans Foss (sokneprest i St. Knuds Kirke i Odense (Wiberg op.cit. bd. 2:511) og Karine (Cathrine, Catharina) Hansdtr. Tausen, dotter av Hans Tausen (biskop i Ribe 1542–61), jf. Ehrencron-Müller (op.cit. bd. 8:152–153). Ehrencron-Müller (op.cit. bd. 3:92) skriv at Desiderius var brorson av prioren Niels Andersen Foss (jf. ovanfor). Desiderius hadde ein son med namnet Niels Desiderius Foss; han var sokneprest i Dalby og Tureby (Wiberg op.cit. bd. 2:119).

På den genealogiske nettsida Anbytarforum ([aforum.genealogi.se/discus/messages/576/48068.html?1076923576](http://aforum.genealogi.se/discus/messages/576/48068.html?1076923576)) svarer Sigge Kjellberg 15. februar 2004 på eit spørsmål om Jonas Tauson (f. 1655), *rådman* i Landskrona, og Hans Tausen (f. 1494), biskop i Ribe: «Min farfar gjorde nedanstående utredning någon gång under 1950-talet.» Teksten frå farfaren Axel Kjellberg handlar i hovudsak om den hypotetiske slektskapen mellom Jonas Tauson og Hans Tausen. Han viser innleiingsvis til ei rekkje primærkjelder og trykte kjelder som han har nytta. Teksten går over fleire sider; eg skal berre sitere det som er

relevant i vår samanheng: «Catharina, biskop Hans T[ausen]s äldsta kända dotter, var född i första äktenskapet. Hon var först gift med Hans Foss, präst i Odense (död 8/6 1559). Ene sonen Desiderius Foss blev präst vid Vor Frues Kirke i Köpenhamn. Den andre sonen Anders Foss, blev biskop i Bergen.» Eg har ikkje hatt i hende alle dei kjeldene som Kjellberg omtaler, og kan ikkje avgjere om påstanden om at Anders var son av Hans Foss og Karine Hansdtr. Tausen, er korrekt. Men utgreiinga verkar sakleg og etterretteleg. Kjellberg har lita tru på nokon samanheng mellom Hans Tausen og Jonas Tauson, medan opphavet til Desiderius og Anders Foss vert framstilt som klart.

Det er tenkjeleg at vidare granskingar av primær- og sekundærkjelder ville ha kunna gje svar på om det er rett at Anders og Desiderius Foss var brør eller syskenbarn. Her lyt eg la det stå ope. Men det synest forsvarleg å rekne med at dei ikkje var fjernare i slekt enn syskenbarn.

Oppsummeringsvis kan det altså neppe provast at Foss-folket i Kinn var etterkommarar av biskop Anders Foss. Men det er ikkje usannsynleg at det er slik. Det ville i så fall forklare både opphavet til slektsnamnet *Foss* her og at det vart halde i live og henta fram att fleire gonger over ein periode på meir enn 300 år. Det ville òg forklare kvifor eit så uvanleg namn som *Desiderius* kom i bruk mellom bondefolk ytst i Sunnfjord. Vanlegare namn som *Anders*, *Nils*, *Jakob* og *Dorte/Dorothea* går òg att på begge sider. Kvart for seg er dei knapt noko å leggje vekt på, men saman peiker dei òg i retning av ein slektskap mellom bispen og Anders Nilsson Flora.

## 7 AVRUNDING

Namnet *Desiderius* hadde ei viss utbreiing i ytre Sunnfjord på 1700- og 1800-talet. Den første kjende beraren var fødd rundt 1650, og namnet var i bruk ved dåp så seint som i 1887. Det hadde nok oftast forma *Diss* i talemålet, og denne forkortinga førekjem nokre gonger i kyrkjebøkene òg. Utanfor Sunnfjord har det vore svært lite brukt. Namnet *Desideria* er belagt på fire personar døypte i Sunnfjord, den første i 1746 og den siste i 1822. Dette namnet fekk seinare ei viss utbreiing i Noreg og (særleg) Sverige som følgje av at unionen hadde ei dronning med namnet frå 1818 til 1860.

Av dei over 60 personane i Sunnfjord med desse namna høyrer det store fleirtalet til nokre få slekter. Dei fleste var etterkommarar av Desiderius Andersson Foss på Flora og Susanne Andersdotter Foss på Hammarset. Desiderius var son av Anders Nilsson Flora (f. ca. 1610), og Susanne var truleg dotter av den same Anders og halvsyster av Desiderius.

Det er i ulike samanhengar sett fram ein hypotese om at personane i Sunnfjord med slektsnamnet *Foss* stamma frå biskop Anders Foss i Bergen, t.d. slik at Anders Nilsson Flora var ein soneson av bispen. Dette lèt seg neppe prove,

men har støtte i at namnet *Foss* må ha hatt prestisje, ettersom det vart nytta i dåp så seint som i 1915. Indisium som peiker i same retning, er at det sjeldne førenamnet *Desiderius* og ei rekkje meir vanlege namn går att både i teolog-slekta Foss i Danmark og Noreg og i Foss-slekta i Sunnfjord.

## Litteratur

- Brylla, E. 2004. Förnamn i Sverige. Stockholm.
- Ehrencron-Müller, H. 1924–35. Forfatterlexicon omfattende Danmark, Norge og Island indtil 1814. København.
- Joleik, A. 1980. Soga om Flora. Florø.
- Knudsen, S. Aa. 1987. Askvoll bygdebok (bd. 3). Askvoll.
- Lampe, J.F. 1895–96. Bergens Stifts Biskoper og Præster efter Reformationen. Utg. D. Thrap. Kristiania.
- Loftheim, A. 1963–72. Askvoll bygdebok (bd. 1–2). Askvoll.
- NBL = Bull, E. o.a. (red.). 1923–83. Norsk biografisk leksikon. Kristiania/Oslo.
- NPL = Kruken, K. og Stenshaug, O. 1995. Norsk personnamleksikon. 2. utg. Oslo.
- Otterbjörk, R. 1964. Svenska förnamn. Stockholm.
- Svilhus, Å. 2006. Bremanger bygdebok. Svelgen.
- Wiberg, S.W. 1870–79. Personahistoriske, statistiske og genealogiske Bidrag til en almindelig dansk Præstehistorie. Odense.

## Tillegg: Personar med namna *Desiderius*, *Desideria* og *Diss* i Sunnfjord

Der det står eit nøyaktig årstal, er dåpen registrert, medan dei fire resterande er påreknar ut frå andre kjelder. Skarpe klammer er brukte rundt opplysningar om sokn; når dette ikkje er opplyst, ligg staden i Kinn sokn. Dei fleste referansane i kolonnen «Kjelde» er til kyrkjebokinnførsla for dåpen. Bokkodane og sidetala er dei som står i kjeldeinformasjonen på Digitalarkivet. Alle bøkene er ministerialbøker. *AI* osv. i kolonnen «Tilhøyrsl» står for personar i figur 9. Eit spørjeteikn tyder at eg ikkje har funne noka klar tilknytning til dei slektene som er omtalte.

Fødsel	Namn og fødestad	Kjelde	Tilhøyrsl
ca. 1650	Desiderius Andersson, truleg Flora	jf. Joleik (1980: 209), 1666-manntal	Sjå figur 9.
1689	Desiderius Lauritsson (Larsson) Storøya [Svanøy]	Kinn A1: 82	Jf. avsnitt 5.
1709	Desiderius Andersson Flora	Kinn A1: 12	Sjå figur 9.
1712	Desiderius Gregoriusson Barekstad	Kinn A1: 6	Sjå figur 7.
ca. 1717	Desiderius Gregoriusson Valvika	jf. Joleik 1980: 368	Sjå figur 9.



Fødsel	Namn og fødestad	Kjelde	Tilhørsle
ca. 1742	Desiderius Absalonsson, truleg Reksta (Indre)	d. 1799, 57 år, Kinn A3: 117	Son av A2
1744	Desiderius Andersson Pusavika	Kinn A2: 191	Jf. avsnitt 5.
1746	Desideria Larsdotter Alden [Askvoll]	jf. Loftheim 1963–72, bd. 2B: 689	Dotter av kona til A1 (etter at A1 var død)
1760	Desiderius Gulbrandsson Øvrebotten [Bremanger]	Kinn A2: 297	?
ca. 1762	Desiderius Andersson Værøya [Askvoll]	jf. Loftheim 1963–72, bd. 2B: 696	Soneson av A1
1765	Desiderius Gregoriusson Reksta (Indre)	Kinn A2: 340	Sjå figur 7.
1766	Desiderius Nilsson Øvrebotten [Bremanger]	Kinn A2: 345	Sjå figur 7.
1770	Desiderius Anfinnsson Sunde (Holmesundet)	Kinn A2: 376	?
1772	Desiderius Monsson Sunde	Kinn A2: 392	Soneson av B3
1773	Desiderius Nilsson Hauge [Bremanger]	Kinn A2: 400	Dotterson av B2
1778	Desiderius Nilsson Espeset	Kinn A2: 443	Soneson av B1
1786	Desideria Gregoriusdotter Reksta (Indre)	Kinn A3: 5	Sjå figur 7.
1786	Desiderius Andersson Reksta (Ytre)	Kinn A3: 6	Jf. avsnitt 5.
1787	Diss Martinsson Kinn	Kinn A3: 13	Dotterson av B1
1795	Desiderius Jensson Nordbotten [Bremanger]	Kinn A3: 84	Jf. avsnitt 5.
1796	Desiderius Jakobsson Sunde	Kinn A3: 88	Soneson av C2 og oldebarn av A2
1796	Desiderius Jensson Skorpeidet	Kinn A3: 90	Dotterson av C1
1799	Desiderius Nilsson Valvika	Kinn A3: 117	Soneson av C3
1801	Desideria Sørensdatter Gjørøya [Askvoll]	jf. Loftheim 1963–72, bd. 2B: 734	Oldebarn av B1
1803	Desiderius Jensson Reksta (Indre)	Kinn A3: 163	Jf. avsnitt 5.
1804	Desiderius Karstensson Sunde	Kinn A3: 170	Oldebarn av A2 i to linjer
1806	Desiderius Nilsson Skorpa	Kinn A3: 193	Oldebarn av A2 og B1
1807	Desiderius Absalonsson Reksta	Kinn A3: 208	Oldebarn av A3
1812	Diss Berent Ananiasson Skorpa	Kinn A3: 260	Sjå figur 8.
1816	Kornelius Desiderius Olsson Senneset [Bremanger]	Kinn A3: 293	Jf. avsnitt 5.

<b>Fødsel</b>	<b>Namn og fødestad</b>	<b>Kjelde</b>	<b>Tilhøyrse</b>
1817	Desiderius Johannes Aleksandersson Valvika	Kinn A3: 301	Oldebarn av C3
1817	Berent Desiderius Pettersson Solheim	Kinn A3: 306	Oldebarn av A2
1819	Desiderius Olai Olsson Kinn	Kinn A3: 326	Oldebarn av C3
1820	Desiderius Kasparsson Valvika	Kinn A3: 336	Oldebarn av B1 og B5
1822	Desiderius Olai Henriksson Kinn	Kinn A4I: 7	Sjå figur 7.
1822	Karen Desideria Pettersdotter Reksta (Indre)	Kinn A4I: 8	Oldebarn av A2
1822	Desiderius Kåresson Værøya [Askvoll]	jf. Loftheim 1963–72, bd. 2B: 699	Tippoldebarn av A1
1823	Desiderius Johannesson Ura	Kinn A4I: 16	Sjå figur 7.
1823	Diss Olai Monsson Sunde	Kinn A4I: 18	Oldebarn av C2 og tippoldebarn av A2
1823	Desiderius Einarsson Sunde	Kinn A4I: 21	Oldebarn av A2
1830	Kornelius Desiderius Mattisson Hauge [Bremanger]	Kinn A4I: 97	Sjå figur 7 og jf. elles avsnitt 5.
1830	Desiderius Elias Mortensson Batalden (Vevlingen)	Kinn A4I: 98	Sjå figur 8.
1831	Berent Desiderius Absalonsson Reksta (Indre)	Kinn A4I: 106	Oldebarn av A3
1832	Lars Desiderius Karstensson Færøykavlen	Kinn A4I: 112	Oldebarn av A2
1837	Jakob Desiderius Andersson Solheim	Kinn A4I: 159	Tippoldebarn av B5
1838	Nils Desiderius Aleksandersson Valvika	Kinn A4I: 164	Oldebarn av C3
1839	Kornelius Desiderius Johannesson Reksta	Kinn A4I: 174	Tippoldebarn av A3
1840	Desiderius Desideriusson Indrehus [Bremanger]	Kinn A4I: 180	Oldebarn av B2
1841	Ananias Desiderius Aleksandersson Batalden (Russøya)	Kinn A5: 12	Sjå figur 8.
1850	Kornelius Desiderius Matias Sakariasson Førde [Bremanger]	Kinn A5: 104	Jf. avsnitt 5.
1851	Salomon Desiderius Karstensson Batalden (Litle)	Kinn A5: 120	?
1857	Ananias Desiderius Berentsson Reksta (Indre)	Kinn A5: 198	Tippoldebarn av A2
1858	Hans Olai Desiderius Olufsson Reksta (Rognaldsvågen)	Kinn A6: 18	Tippoldebarn av B4
1863	Desiderius Kornelius Jakobsson Valvika	Kinn A6: 109	Tippoldebarn av B5

<b>Fødsel</b>	<b>Namn og fødestad</b>	<b>Kjelde</b>	<b>Tilhørsle</b>
1864	Desiderius Nikolai Didriksson Dumba	Kinn A6: 128	Tippoldebarn av A3
1865	Diss Elias Olsson Espeset	Kinn A6: 128	Tippoldebarn av B1
1865	Desiderius Andreas Matias Jakobsson Vallestad	Kinn A6: 131	Tippoldebarn av B1 og B5
1866	Kaspar Desiderius Johannesson Valvika	Kinn A6: 136	Tippoldebarn av B1, B5 og C3
1867	Desiderius Nikolai Johannesson Espeset	Kinn A6: 142	Tippoldebarn av B1, B5, C2 og C3
1870	Peder Desiderius Kristoffer Rasmusson Valvika	Kinn A6: 167	Tippoldebarn av B5
1871	Kornelius Desiderius Korneliusson Reksta	Kinn A6: 170	Tiptippoldebarn av A3
1872	Matias Desiderius Nilsson Valvika	Kinn A6: 177	Tippoldebarn av C1 og B1
1873	Desiderius Andreas Martinusson Hauge [Bremanger]	Bremanger A1: 42	Tippoldebarn av B2
1873	Kornelius Desiderius Tore Johan Nilsson Nøtset [Bremanger]	Bremanger A1: 43	Jf. avsnitt 5.
1874	Tomas Desiderius Andreas Eriksson Batalden	Kinn A6: 192	?
1877	Desiderius Bertinus Olsson Espeset	Kinn A6: 213	Tiptippoldebarn av B1
1887	Lars Desiderius Samsonsson Florø	Kinn C1: 10	Tiptippoldebarn av A2 og B1

# Førenamnsgeografi i 1801: Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre

*Av Torodd Kinn*

*The article presents the results of two studies of given names in the Norwegian county of Romsdals amt (now: Møre og Romsdal fylke) based on the 1801 census. The first study employs hierarchical clustering to identify geographical regions in the use of given names. The district of Sunnmøre proves to stand most clearly apart from the rest of the county. The second study takes as its point of departure ten of the name regions identified in the first study. Typical men's and women's given names are found for each region. There are obvious differences between the towns of Kristiansund and Molde and most rural areas, and there are also clear differences between coastal and inland areas.*

## **1 INNLEIING**

I eldre tider var det mykje større geografiske skilnader i førenamnsbruken enn vi har i dag. Det er difor sentrale oppgåver for den historiske onomastikken å kartleggje utbreiinga til dei ulike namna gjennom tid og rom, avdekkje geografiske mønster i namnebruk og knyte dei til utanomspråklege tilhøve som kyrkjeleg og verdsleg tilhøyrslø og demografisk utvikling. Kinn (under utgjeving) syner at førenamnsinventaret i Bergenhus-amta (Sogn og Fjordane og Hordaland med Bergen) i 1801 gjev grunnlag for å identifisere namneregionar som i grove drag speglar etablerte administrative område. Kvar region hadde sine karakteristiske namn. Bergen by skilde seg klart frå bygdene, og kysten skilde seg dei fleste stader tydeleg frå stroka innanfor.

Det er uvisst kor representative funna frå Bergenhus i 1801 er. Andre område kan ha hatt ein mindre klar geografisk struktur på same tid, og det er uklart kor langt fram mot vår tid dei regionale skilnadene varte ved.

I denne artikkelen vil eg undersøkje granneamtet til Bergenhus i nord, Romsdals amt, i 1801, altså ei utviding i geografisk utstrekning, men ikkje i tid. Romsdals amt, det noverande Møre og Romsdal fylke, er interessant fordi det sjeldan var noka eining i administrativ forstand før det vart oppretta som amt rundt 1700. Sunnmøre hadde oftast vore knytt til Bergenhus og Nordmøre alltid til Trondheim, medan Romsdal hadde hatt ei meir vekslande tilhøyrslse. Eg undersøker den namnegeografiske strukturen i amtet, som viser seg å spegle den administrative historia godt, med nokre interessante avvik. Eg går òg inn i namneinventaret og finn namn som framstår som typiske for dei ulike delane av amtet.

I avsnitt 2 gjer eg greie for hovuddrag i amtshistoria, den kyrkjelege inndelinga og folkesetnaden. Avsnitt 3 handlar om registrering og sortering av førenamn og presenterer statistikk for dei mest frekvente namna. Avsnitt 4 inneheld undersøkinga av geografisk struktur i Romsdals amt i 1801, medan avsnitt 5 karakteriserer ti namnregionar ut frå kva førenamn som er typiske for dei. I avsnitt 6 har eg ei avsluttande drøfting.

## 2 ROMSDALS AMT: TILHØYRSLE, INNDELING OG FOLKETAL

### 2.1 Vekslande tilhøyrslse nordover og sørover

I mange hundre år har områda Romsdal og Sunnmøre vore temmeleg faste einingar. Det er uklart kor langt nord Nordmøre strekte seg i mellomalderen (Døssland 1990:36), og området hørde iallfall i periodar på 1500-talet administrativt saman med Fosen nordafor, jf. *Norsk historisk leksikon* (Imsen & Winge 1999:260–61, heretter: NHL). Fram til 1622 var området sør til og med Sunnmøre ein del av Nidaros/Trondheim bispedømme (stift), men då vart Sunnmøre lagt under Bergen, jf. NHL (419), Døssland (op.cit. 36). Sunnmøre låg etter dette kyrkjeleg under Bergen heilt fram til 1983, då Møre bispedømme vart oppretta med grenser som Møre og Romsdal fylke. Romsdal og Nordmøre låg kyrkjeleg under Trondheim heile tida fram til 1983.

På domstolssida låg Sunnmøre i seinmellomalderen under Bergen, medan Romsdal og Nordmøre låg under Trondheim, jf. NHL (237–40), Døssland (op.cit. 36). Slik var det heilt fram til 1890, då Sunnmøre kom under lagmannsretten i Trondheim.

Lensinndelinga i eldre tider var nokså skiftande, og eg skal ikkje gjere noko forsøk på å gjere fullt greie for tilhøva for det som no er Møre og Romsdal. NHL (257–58) syner at Sunnmøre var eit smålen under Bergenhus hovudlen ca. 1560, medan Romsdal var eit smålen under Trondheim hovudlen. Nordmøre var ein del av hovudlenet Trondheim, og slik var det òg ca. 1630. Då var Sunnmøre del av Bergenhus hovudlen, medan Romsdal var eit smålen under Bergenhus. Etter at eineveldet vart innført i 1660 og Kristian 5. vart konge ti år seinare, kom det i gang eit arbeid med å rydde opp i administrasjonen, og ordninga med len vart bytt ut

med ei inndeling i amt. Romsdals amt vart første gong oppretta i 1671, men det var likevel slik at Sunnmøre låg under Bergenhus stiftamt og Romsdal og Nordmøre under Trondheim. Denne underlege ordninga stod ved lag til 1675. I tida frå 1675 til 1704 vart amtsinndelinga i området endra heile sju gonger (Døssland op.cit. 44–67). Men frå 1704 høyrde Sunnmøre fast saman med Romsdal og Nordmøre i Romsdals amt (frå 1919 Møre fylke, frå 1935 Møre og Romsdal fylke).

Oppsummeringsvis kan ein seie at når dei tre futedømma ikkje har utgjort ei eining saman, har Sunnmøre vanlegvis vore sørvendt og berre sjeldan nordvendt, Romsdal har oftast vore nordvendt og sjeldan sørvendt, og Nordmøre har alltid vore nordvendt.

## 2.2 Prestegjeld, sokner og kjøpstader

Tabell 1 syner inndelinga av Romsdals amt i prestegjeld og sokner slik ho var i 1801, med folketalet for soknene. (Vinje sokn er utelaten, jf. nedanfor.) Amtet hadde 23 prestegjeld med til saman 60 sokner. Talet på prestegjeld hadde auka frå 12 sidan *Trondhjems Reformats* frå 1589 (Døssland op.cit. 38). Endringane i prestegjeldsinndelinga går fram av notane til tabellen; eg går ikkje nærare inn på soknene. Det kan nemnast at Jordalsgrenda var overført frå Tingvoll sokn til Øksendal sokn så seint som i 1795. Grenda er i 1801-teljinga handsama som om ho skulle ha vore ei eiga sokn i Sunndal, men her er området lagt under Øksendal sokn.


Eitt område, Vinje sokn med 384 busette, byr på plasseringsvanskar. Vinje ligg no i Sør-Trøndelag fylke. Sokna høyrde i 1801 kyrkjeleg til Hemne prestegjeld og dermed Fosen prosti. På hi sida var sokna del av Nordmøre futedømme og Romsdals amt; hovudsokna Hemne høyrde derimot til Fosen futedømme og Søndre Trondhjems amt. Då prestegjelda vart kommunar i 1838, var Hemne eit problem, sidan gjeldet låg i to amt, og det kunne ein kommune ikkje gjere. Dette vart løyst ved at ein flytta amtsgrensa sørover slik at Vinje vart lagt til Søndre Trondhem. Eg har valt å følgje den kyrkjelege inndelinga i 1801 og ikkje ta med Vinje her.

Som det meste av Noreg elles var Romsdals amt i all hovudsak eit bonde- og fiskarsamfunn i 1801. I mellomalderen hadde det vore kaupangar i Borgund og på Veøy, men dei svann vekk. Molde og Lille-Fosen voks fram som ladestader på 1600-talet. Begge fekk kjøpstadsstatus i 1742, Lille-Fosen under namnet *Christianssund*. Molde hadde vore amtmannssete sidan 1704, men som vi ser av tabell 1, var Kristiansund dobbelt så folkerikt som Molde i 1801. Ålesund vart ladestad i 1793 (kjøpstad først i 1848). Staden hadde 225 innbyggjarar i 1801 og inngår i Borgund sokn i tabellen og elles her. Om historia til dei tre byane, sjå elles Johnsen (1942), de Seve (1992) og Thorson (1948).

Figur 1 syner eit stilisert kart over amtet i 1801 med innteikna kyrkjesokner. Kjøpstadene er teikna som sirklar (Kristiansund inne i Bremsnes sokn og Molde i

<i>Nordmøre</i>			<i>Romsdal (framhald)</i>		
Edøy <sup>a</sup>	Hopen	349	Grytten	Hen	498
	Brattvær	389		Kors	352
	Edøy	1179		Grytten	603
Aure	Aure	2220	Voll	645	
Surnadal <sup>b</sup>	Rindal	1577	Eid	305	
	Mo	601	Veøy	Rødven 374	
	Ranes (Skei)	861	Veøy	1079	
Stangvik	Øye	619	Tresfjord (Sylte)	746	
	Halsa	1236	Vestnes	704	
Sunndal	Stangvik	1555	<i>Sunnmøre</i>		
	Romfo	708	Haram <sup>f</sup>	Haram	1126
	Hov	618		Roald (Vigra)	414
	Øksendal	819	Borgund	Vatne	806
Tingvoll	Tingvoll	1727		Borgund	3273
	Øre	863		Skodje	783
	Frei	899	Ørskog	Ørskog	914
Kvernes	Bremsnes	992		Sykkylven	1255
	Grip	167	Stranda <sup>g</sup>	Stordal	662
	Kristiansund	1624		Stranda	1009
	Kvernes	1037	Norrdal <sup>h</sup>	Norrdal	2453
	Kornstad	1405	Hjørundfjord <sup>i</sup>	Hjørundfjord	1252
<i>Romsdal</i>			Ulstein <sup>j</sup>	Hareid	1045
Bud <sup>c</sup>	Hustad	533		Ulstein	664
	Bud	416	Herøy	Herøy	942
Aukra	Vågøy (Fræna)	1183		Sande	876
	Aukra	1536		Rovde	476
Bolsøy <sup>d</sup>	Bolsøy	892	Vanylven <sup>k</sup>	Vanylven	857
	Molde	803		Syvde	552
	Kleive	725	Volda	Volda	2094
Neset <sup>e</sup>	Neset	755		Ørsta	1137
	Vistdal	380			
	Eresfjord (Sira)	746			
			<i>Til saman</i>		57310

Tabell 1. Prestegjeld og sokner i Romsdals amt i 1801 (Vinje sokn utelaten) med folketal. Endringar i tida 1589–1801 if. Døssland (op.cit. 38): a. Edøy utskilt frå Aure i 1742; b. Surnadal utskilt frå Stangvik i 1699; c. Bud utskilt frå Aukra i 1755; d. Bolsøy utskilt frå Veøy i 1740; e. Neset utskilt frå Veøy for 1740; f. Haram utskilt frå Borgund i 1704; g. Stranda utskilt frå Ørskog i 1759; h. Norrdal utskilt frå Ørskog i 1673; i. Hjørundfjord utskilt frå Volda i 1751; j. Ulstein utskilt frå Herøy i 1747; k. Vanylven utskilt frå Volda i 1741.



Figur 1. Kyrkjeloknene i Romsdals amt i 1801 (Vinje sokn utelaten)

Bolsøy). Tre soknegrenser har fått stipla linjer; det gjeld grensene mellom Grip og Bremnes, mellom Eid og Voll og mellom Kors og Grytten. Grunnen til dette er at Grip, Eid og Kors hadde så lågt folketal at eg har valt å slå dei saman med grannesoknene i den geografiske undersøkinga i avsnitt 4.

### 3 REGISTRERING OG SORTERING AV FØRENAMN

Eg har brukt den digitale versjonen av 1801-folketeljninga som grunnlag for å registrere namn (sjå digitalarkivet.no). Eg registrerte alle manns- og kvinnenamn for kvar einskild sokn. For personar med fleire førenamn i teljinga registrerte eg dei ulike namna uavhengig av kvarandre. Dels som del av registreringa og dels i etterkant sorterte eg namna i namnelemma, altså namnekategoriar med ein viss mon av intern variasjon i form (jf. Alhaug 1992). I dette arbeidet har eg ofte konsultert *Norsk personnamleksikon* (Kruken & Stemshaug 1995). Ettersom talet på namn og namnevariantar er svært høgt, kan eg ikkje gjere greie for alle sorteringsavgjerdene, men nokre hovudprinsipp kan nemnast:

(a) Former i digitalversjonen som eg tolkar som avskriftsfeil, er korrigererte. Det gjeld ikkje mange, men eg kan nemne at det finst fleire tilfelle av «Silur» på Sunnmøre. Dette er feil avskrift av «Sieur», dvs. *Sjur*, noko eg har fått stadfest ved å kryss-sjekke i kyrkjebøker og bygdebøker.



(b) Felles etymologi taler for å slå variantar saman. Svært ulik form taler mot å slå variantar saman sjølv om dei har felles etymologi. Mannsnamna *Elland*, *Ellen*, *Ellend* og *Erland* har eg slått saman i samsvar med etymologiprinsippet. Mannsnamna *Jens* og *Hans* er derimot haldne frå kvarandre i samsvar med prinsippet om formulikskap, jamvel om begge har opphav i *Johannes*. Desse to prinsippa kjem ofte i konflikt med kvarandre, særleg for kvinnenamna, noko eg kjem tilbake til nedanfor.

(c) Ulike kvinnelege suffiks dannar ulike namnelemma sjølv om avleiingsbasane har same etymologi. Til dømes er *Oline* og *Oliane* rekna som ulike namn. Men former med utgang på *-a* og *-e*, t.d. *Olina* og *Oline*, er rekna som same namn. Eg bruker oftast forma på *-e* som namn på lemmaet.

Rang	Lemma	Frekvens	Rang	Lemma	Frekvens
1	<i>Ola</i>	4170	26	<i>Jørgen</i>	211
2	<i>Per</i>	2008	27	<i>Gunnar</i>	208
3	<i>Knut</i>	1625	28	<i>Kristoffer</i>	198
4	<i>Lars</i>	1610	29	<i>Åmund</i>	192
5	<i>Jon</i>	1488	30	<i>Arent</i>	176
6	<i>Anders</i>	1290	31	<i>Einar</i>	172
7	<i>Nils</i>	899	32	<i>Kristian</i>	162
8	<i>Erik</i>	849	33	<i>Torstein</i>	161
9	<i>Hans</i>	818	34	<i>Mats</i>	158
10	<i>Ivar</i>	655	35	<i>Andreas</i>	154
11	<i>Rasmus</i>	628	36	<i>Elias</i>	149
12	<i>Jakob</i>	592	37	<i>Henrik</i>	147
13	<i>Johannes</i>	502	38	<i>Søren</i>	145
14	<i>Sjur</i>	438	39	<i>Mons</i>	140
15	<i>Ingebrikt</i>	415	40	<i>Friderik</i>	139
16	<i>Elling</i>	340	41	<i>Endre</i>	121
17	<i>Pål</i>	330	42	<i>Isak</i>	119
18	<i>Jens</i>	306	43	<i>Jetmund</i>	112
19	<i>Tore</i>	296	44	<i>Trond</i>	109
20	<i>Kristen</i>	283	45	<i>Berent</i>	106
21	<i>Arne</i>	275	46	<i>Mikkel</i>	104
22	<i>Morten</i>	274	47	<i>Svein</i>	97
23	<i>Johan</i>	265	48	<i>Lasse</i>	93
24	<i>Halvor</i>	221	49	<i>Karl</i>	92
25	<i>Petter</i>	213	50	<i>Stefan</i>	91

Tabell 2. Dei 50 mest frekvente mannsnamna.

Rang	Lemma	Frekvens	Rang	Lemma	Frekvens
1	<i>Anne</i>	3965	26	<i>Pernille</i>	278
2	<i>Birgitte</i>	3163	27	<i>Oline</i>	264
3	<i>Marit</i>	2355	28	<i>Magnild</i>	249
4	<i>Ingeborg</i>	1724	29	<i>Malene</i>	240
5	<i>Kari</i>	1368	30	<i>Ildrid</i>	172
6	<i>Marte</i>	1296	31	<i>Ales</i>	160
7	<i>Eli</i>	1124	32	<i>Katrine</i>	157
8	<i>Mari</i>	1073	33	<i>Ingeri</i>	155
9	<i>Gjertrud</i>	1003	34	<i>Else</i>	147
10	<i>Synneve</i>	769	35	<i>Ingeleiv</i>	146
11	<i>Sigrid</i>	724	36	<i>Sesilie</i>	141
12	<i>Kristine</i>	692	37	<i>Mette</i>	130
13	<i>Ragnild</i>	671	38	<i>Helga</i>	125
14	<i>Elisabet</i>	653	39	<i>Gyri</i>	124
15	<i>Johanne</i>	637	40	<i>Mildri</i>	123
16	<i>Guri</i>	595	41	<i>Barbra</i>	122
17	<i>Margrete</i>	446	42	<i>Kanutte</i>	112
18	<i>Guro</i>	427	43	<i>Helene</i>	110
19	<i>Inger</i>	384	44	<i>Rannveig</i>	104
20	<i>Magdeli</i>	374	45	<i>Sofie</i>	100
21	<i>Dorotea</i>	363	46	<i>Brynild</i>	97
22	<i>Randi</i>	324	47	<i>Laurentse</i>	97
23	<i>Olave</i>	313	48	<i>Nille</i>	95
24	<i>Gunnild</i>	307	49	<i>Agate</i>	93
25	<i>Maren</i>	280	50	<i>Hilde</i>	90

Tabell 3. Dei 50 mest frekvente kvinnenamna.

Prinsippa i (b) ovanfor har vore nokså greie å bruke for mannsnamna, sjølv om tvilstilfelle som *Johan* vs. *Johannes* kan nemnast. (Eg har halde dei frå kvarandre.) Sorteringa av kvinnenamna har derimot vore svært problematisk på fleire sentrale punkt. For ein del variantgrupper med felles etymologi er formene innbyrdes til dels så ulike at dei godt kunne ha vore rekna som ulike namn. Men ordnar ein dei ulike formene, dannar dei eit kontinuum der det er stor skilnad mellom ytterpunktta, men små skilnader frå steg til steg mellom dei. Dette inneber at grensedragingar mellom kategoriane ville måtte verte temmeleg vilkårlege. I slike tilfelle har eg valt å gje etymologiprinsippet førerang. Eg har difor oppretta ein del temmeleg omfattande lemma; det gjeld særleg *Birgitte*, *Dorotea*, *Eli*, *Elisabet*, *Kari*, *Kristine* og *Mari*. Mange andre lemma er òg vidtfemnande, men ikkje i same grad. I praksis har eg vore nøydd til å ta mange adhocavgjerder, og i nokre

få tilfelle har eg kategorisert annleis for Romsdals amt enn for Bergenhus-amta. Det er ikkje til å komme utanom at nokre av dei vala eg har gjort i denne grupperinga, kan vere diskuttable, men det finst neppe løysingar som ville ha tilfredsstilt alle omsyn fullt ut.

#### 4 NAMNEGEOGRAFIEN

På bakgrunn av undersøkinga av namnegeografien i Bergenhus-amta i 1801 (Kinn op.cit.) vil eg her undersøkje om bruken av førenamn i Romsdals amt gjev grunnlag for å identifisere geografiske mønster og regionar. Hypotesen er at svaret er ja, ettersom det viste seg å vere tilfellet for Bergenhus.

Romsdals amt er særleg interessant fordi dei ulike futedømma dels har vore knytte til Trondheim, dels til Bergen opp gjennom historia. Undersøkinga i dette avsnittet vil rett nok ikkje kunne seie noko direkte om tilhøva utetter, sidan eg ikkje trekkjer inn namnebruken i dei tilgrensande amta (Søndre Trondhjem i nord-aust, Nordre Bergenhus i sør og Kristians amt (Oppland) i søraust). Det eg vil undersøkje, er i hovudsak følgjande spørsmål som gjeld den interne namnegeografien:

- Framstår futedømma som namneregionar?
- Står Romsdal i så fall nærast Nordmøre eller Sunnmøre?
- Knyter kjøpstadsoknene (og Borgund sokn med ladestaden Ålesund) seg til kvarandre eller til bygdene rundt?
- Gjer aksent kyst–innland seg gjeldande?

##### 4.1 Metode

Som det går fram ovanfor, var det 60 kyrkjesokner i Romsdals amt i 1801 (pluss Vinje sokn). Soknene Grip, Eid og Kors slår eg saman med grannesoknene Bremsnes, Voll og Grytten pga. få innbyggjarar. Som i Kinn (op.cit.) har eg sett 160 personar av kvart kjønn som eit minimum for dei geografiske grunneiningane. Det vil seie at det er tale om 57 grunneiningar her. For kvar av dei har eg registrert alle namn i 1801-teljinga og sortert dei i namnelemma.

Klyngjedanninga (jf. nedanfor) fungerer erfaringsvis betre med mange namn enn med få, men det er nødvendig å setje ei nedre grense, ettersom dei sjeldne namna elles vil få urimeleg sterke utslag. Den nedre grensa er her sett ved fem berarar. Alle namn med minst fem berarar er altså med i den geografiske undersøkinga her (i motsetnad til Kinn (op.cit.), der eg har brukt dei 100 mest frekvente namna for kvart kjønn). Det dreier seg om 184 mannsnamn og 153 kvinnenamn, altså 337 namn i alt. For alle grunneiningar har eg rekna ut den relative frekvensen til kvart namnelemma målt i promille av folketalet for høvesvis menn og kvinner. Desse  $57 \times 337 = 19\,209$  relative frekvensane har eg så registrert i statistikkpro-

grammet SPSS, i ei matrise med dei geografiske grunneiningane som kasus (uavhengige variablar) og namnelemmaa som (avhengige) variablar.

Eg bruker ein variant av hierarkisk klyngjedanning: Ward-metoden med standardisering til ein maksimalverdi på 1. Eg skal forklare kva hierarkisk klyngjedanning og standardisering er, men lesarar som vil setje seg inn i kva som skil Ward-metoden frå andre variantar av klyngjedanning, må eg vise til den statistiske litteraturen, t.d. Everitt, Laundau & Leese (2001), Tan, Steinbach & Kumar (2006) og Aldenderfer & Blashfield (1990).

Klyngjedanning er sortering av einingar i grupper, eller (for å nytte fagtermene) av element i klyngjer. I undersøkinga her er det geografiske område (sokner) som skal sorterast. Sorteringa er sjølvstøtt ikkje tilfeldig, men tek sikte på å gruppere saman sokner som liknar på kvarandre i namnebruk. Kvar sokn vert først samanlikna med alle dei andre soknene med omsyn til frekvensen til alle dei 337 namnelemmaa. Ein grupperer så saman dei to som liknar kvarandre mest, i ei klyngje. Når ei klyngje først er danna, kan ho ikkje løysast opp att. Klyngjene samlar elementa, men elementa held fram med å eksistere. I den vidare grupperinga samanliknar ein element og klyngjer og slår saman dei to som liknar kvarandre mest på eit gjeve stadium. Etter kvart får klyngjene ein hierarkisk struktur, derav termen *hierarkisk klyngjedanning*.

I undersøkinga av Romsdals amt er det 57 element som skal grupperast saman, og det krev 56 klyngjedanningar å få dei samla i éi stor klyngje. Den klyngja utgjer sjølvstøtt ein geografisk region: amtet. Derimot er det eit ope spørsmål i kva grad dei mellomliggjande klyngjedanningane lagar samanhengande geografiske område. Om vi bruker Tresfjord sokn som døme, er det fem einskildområde som denne sokna kan gå saman med i eit samanhengande område: Vestnes, Veøy, Voll med Eid, Stordal og Ørskog. Dei andre 51 områda grensar ikkje til Tresfjord. Det er difor over  $51/56 = 91\%$  sannsynleg at ei gruppering av Tresfjord og eit tilfeldig valt område vil gje eit usamanhengande område. Sjansen for å finne regional veks etter kvart som klyngjene femner om fleire sokner. Men dersom klyngjedanninga gjennomgåande identifiserer samanhengande område, er det ei stadfesting av hypotesen om at namnebruken har geografisk struktur og gjev grunnlag for å snakke om namneregionar i Romsdals amt i 1801.

Samanlikning av alle element (sokner) med alle andre med omsyn til 337 variablar er ei omfattande matematisk oppgåve, men matematikken er nokså triviell. Noko meir komplisert vert det når klyngjer skal samanliknast med element eller andre klyngjer. Det er i hovudsak her at metodevariantane skilst åt; SPSS tilbyr metodar som «nearest neighbour», «furthest neighbour», «between groups» o.fl. – og altså Ward-metoden. I Ward-metoden (jf. Ward 1963) finn ein på kvart steg i klyngjedanninga den grupperinga som kamuflerer minst variasjon, dvs. at klyngjene internt skal vere mest mogleg einskaplege, slik at grupperinga fører til minst mogleg informasjonstap.

Frekvensane til dei vanlegaste namna er svært mykje høgere enn dei lågaste frekvensane. *Ola* (med 4170 berarar) er 834 gonger så frekvent som t.d. *Sakse* (med fem berarar). Skilnaden er så stor at dei mindre vanlege namna i praksis ikkje tel noko særleg dersom ein opererer med dei relative frekvensane som verdiar for namnelemma. Då fell motivasjonen for å ha med mange namn vekk. Det finst åtgjerder for å bøte på slike situasjonar, nemleg ulike former for standardisering. Eg bruker standardisering til maksimumsverdiar på 1, som eg har gode erfaringar med. Det inneber at den høgste relative frekvensen for kvart namn vert rekna om til 1, og alle andre frekvensar vert rekna om til verdiar frå 0 og oppunder 1. Resultatet er at alle namna (variablane) vert vekta likt.

## 4.2 Resultat

Klyngjedanninga tek til med dei minste einingane og held fram til alle er samla i éi klyngje. Figur 2 og 3 syner eit fullstendig tredigram for klyngjedanninga (delt i to av plassomsyn). Figuren er laga av SPSS (et statistikkprogram), men eg har redigert vekk overflødige delar og lagt til ein del forklaringar og påpeikingar av klyngjer som tilsvare administrative einingar. Tredigrammet har for svak oppløysing til å vise alle detaljane, men ein meir detaljert rapport frå SPSS, («agglomeration schedule») opplyser om alle dei 56 stega. Av 56 oppretta klyngjer syner heile 53 seg å vere geografisk samanhengande område. Avvika gjeld kjøpstadene, Brattvær og Hopen, og ei samling av perifere sokner i Grytten prestegjeld før hovudsokna kjem med og bind dei saman. Hypotesen om geografiske regionar i førenamnsbruken er såleis ettertrykkjeleg stadfesta.

Alle Sunnmørs-soknene høyrer saman i éi klyngje og resten av amtet i ei anna. Det er altså tydeleg at hovudskiljet går mellom Sunnmøre på den eine sida og Romsdal og Nordmøre (inkludert kjøpstadene) på hi.


Sunnmørs-regionen er samansett av ein søre del og ein nordre-austre del. Den sistnemnde regionen er vidare samansett av ein nordre (ytre) del og ein austre (indre) del.

Regionen Romsdal og Nordmøre har ei litt overraskande oppbygging: For seg sjølv står kjøpstadene pluss dei nordlegaste kystsoknene Hopen og Brattvær. Denne usamanhengande klyngja er samansett av kjøpstadene på éi side og Hopen og Brattvær på hi.


Resten av regionen Romsdal og Nordmøre ordnar seg pent i ein Romsdals- og ein Nordmørs-region. Innanfor Nordmøre står Surnadal prestegjeld overfor resten, og i tillegg er det Sunndal prestegjeld som skil seg ut, slik at det står att ein kjerne av det sentrale Nordmøre.

I regionen Romsdal er det eit skilje mellom ein ytre del og ein indre del.

Vi er no i stand til å svare på dei fire spørsmåla i innleiinga til avsnitt 4:



Figur 2. Del 1 av fullstendig tredigram, med forklarande tillegg. Greina lengst til høgre heng saman med tilsvarande grein i del 2 av diagrammet. Alle klyngjene er geografisk samanhengande, med unnatak av (1) Voll, Eid og Hen (som går saman før Grytten og Kors kjem med), (2) kjøpstadene og (3) kjøpstadene og Brattvær og Hopen. Dei innsette klammene identifiserer klyngjer som ikkje går fram pga. for svak oppløysing i figuren, og som svarer til prestegjeld i 1801 eller tidlegare.



Figur 3. Del 2 av fullstendig trediediagram, med forklarande tillegg. Greina lengst til høgre heng saman med tilsvarende grein i del 1 av diagrammet. Alle klyngjene er geografisk samanhengande. Dei innsette klammene identifiserer klyngjer som ikkje går fram pga. for svak oppløysing i figuren, og som svarer til prestegjeld i 1801 eller tidlegare.

- Futedømma framstår som namneregionar, bortsett frå at kjøpstadene skil seg ut og har følgje av dei to Nordmørs-soknene Hopen og Brattvær.
- Romsdal står nærare Nordmøre enn Sunnmøre, slik ein kunne vente ut frå den administrative historia.
- Kjøpstadene knyter seg nærast til kvarandre og ikkje til dei næraste bygdesoknene. Borgund sokn med ladestaden Ålesund knyter seg derimot til soknene rundt. (Det er mogleg at det ville ha stilt seg annleis om Ålesund hadde vore skilt ut heilt for seg sjølv; ladestaden hadde under 7 % av folketalet i Borgund. Men folketalet i Ålesund var for lågt til at eg ville opprette ei eiga eining av ladestaden.)
- Aksen kyst–innland gjer seg gjeldande innanfor kvart av futedømma, på ulike måtar. På Nordmøre har kystsoknene Hopen og Brattvær drag som knyter dei til kjøpstadene, og dei inste prestegjelda Surnadal og Sunndal skil seg òg frå bygdene lenger ute. I Romsdal skil dei ytste prestegjelda seg frå områda innanfor. På Sunnmøre skil det nordre-ytre området seg frå det austre-indre.

Søre Sunnmøre har ikkje nokon klar ytre–indre-struktur, men heile området er jo meir eller mindre å rekne som «ytre» i geografisk forstand.


## 5 KARAKTERISTISKE NAMN FOR TI REGIONAR

I dette avsnittet skal eg prøve å komme bakom nokre av resultatane frå avsnitt 4 og sjå på kva som kjenneteiknar namneinventara i dei ulike delane av amtet. Eg vel å ta utgangspunkt i dei klyngjene som er oppretta på det tiande siste steget i den hierarkiske klyngjedanninga, altså ti namnregionar. Figur 4 syner tredigrammet frå figur 2–3, skore ned slik at det får fram klyngjedanninga frå og med det steget. Det er ingen spesielt sterk grunn til at eg vel akkurat dette steget. For at regionale kjenneteikn skal komme fram, er det nødvendig å ha ein del område, men samtidig kan talet av plassomsyn ikkje vere altfor høgt.

Dei ti områda som klyngjene danner, er:

- (1) Surnadal prestegjeld
- (2) Sunndal prestegjeld
- (3) sentrale Nordmøre: Edøy hovudsokn og prestegjelda Kvernes (unnateke Kristiansund), Tingvoll, Stangvik og Aure
- (4) ytre Romsdal: prestegjelda Bud og Aukra

Figur 4. Tredigram som syner den namnegeografiske strukturen til Romsdals amt frå det tiande siste steget i den hierarkiske klyngjedanninga





- (5) indre Romsdal: prestegjelda Bolsøy (unnateke Molde), Veøy, Grytten og Nasset
- (6) kjøpstadene Kristiansund og Molde
- (7) soknene Brattvær og Hopen i Edøy prestegjeld
- (8) søre Sunnmøre: prestegjelda Volda, Vanylven, Herøy, Ulstein og Hjørundfjord
- (9) nordre Sunnmøre: Haram prestegjeld og soknene Borgund og Vatne i Borgund prestegjeld
- (10) austre Sunnmøre: sokna Skodje i Borgund prestegjeld og prestegjelda Ørskog, Stranda og Norddal


Med unnatak av kjøpstadene er alle klyngjene geografisk samanhengande område. I framstillinga nedanfor tek eg føre meg desse områda sønnafrå og nord-etter.

For at eit namn skal kunne reknast som karakteristisk for eit område, må det tilfredsstillе to typikalitetskrav. (Liknande krav kan ein finne hos Alhaug (1985) og Kruken (1990), jf. diskusjon i Kinn (op.cit.)) For det første må det ha ein viss frekvens i det aktuelle området. Eg har sett grensa ved 5 ‰ – ein halv prosent –, men for å gje eit rikare bilete av dei lokale namneinventara lèt eg figurane nedanfor ta med namn ned til ein frekvens på fem berarar. For det andre må namnet vere meir frekvent i det aktuelle området enn i dei områda vi samanliknar med. Eg har sett grensa ved ein observert frekvens som er minst tre gonger så høg som den venta frekvensen, men eg lèt figurane syne namn ned til dobbelt så høg observert frekvens som venta. (Venta frekvens for eit førenamn  $F$  i ein region  $R$  er frekvensen til  $F$  i heile amtet, multiplisert med frekvensen for alle førenamn for det aktuelle kjønnnet i  $R$ , dividert på frekvensen til alle førenamn for det aktuelle kjønnnet i heile amtet.)


### 5.1 Søre Sunnmøre

To mannsnamn og fire kvinnenamn tilfredsstillar begge typikalitetskrava (sjå figur 5–6). Av mannsnamna er eitt nordisk (*Gulleik*) og eitt apokryft-bibelsk (*Ananias*). Òg i dei tilgrensande delane av figuren er namna av blanda opphav. Som vist i Kinn (op.cit.) var *Ananias* òg mykje brukt i området Sunnfjord og ytste Sogn. Det høgfrekvente *Rasmus* (jf. Schmidt 1992a) finn vi att i Nordfjord, likeins *Jetmund* (jf. Schmidt 1992b) og *Josef*. Mindre frekvente namn som *Stevling* og *Vernik* fanst knapt andre stader. Ein del av desse namna gjorde seg gjeldande ei god tid før 1801, jf. Aarset (1976).


Av dei fire karakteristiske kvinnenamna er eitt lånt (*Sesilie*), to nordiske (*Hilde*, *Solveig*) og eitt etymologisk blanda (*Oline*). *Oline* var òg svært vanleg i området Sunnfjord og ytste Sogn (Kinn op.cit.). Det same gjeld *Nille*. Elles kan ein merke




Figur 5. Karakteristiske mannsnamn for søre Sunnmøre. Den vassrette stipla linja går ved 5 % på 23 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta. Merk at den loddrette aksen er delt og har to målestokkar for at den nedre delen av figuren skal få meir rom.



Figur 6. Karakteristiske kvinnenamn for søre Sunnmøre. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 26 og 27 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta. Merk at den loddrette aksen er delt og har to målestokkar for at den nedre delen av figuren skal få meir rom.



Figur 7. Karakteristiske mannsnamn for austre Sunnmøre. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 17 og 18 berarar, den loddrrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta.



Figur 8. Karakteristiske kvinnenamn for austre Sunnmøre. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 18 og 19 berarar, den loddrrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta. Merk at den loddrrette akselen er delt og har to målestokkar for at den nedre delen av figuren skal få meir rom.

seg *Kanutte* og *Mette* oppe til venstre og *Drude* (kortform av *Gjertrud*), *Vendel* og *Tykone* nede til høgre. Men framfor alt kan ein leggje merke til alle namna på *-ine*: *Karine*, *Regine*, *Iverine*, *Serine*, *Pauline* (og *Trine*). Dette var ein namnetype som vart vanleg i delar av landet frå 1700-talet, jf. Alhaug (2008:10).

## 5.2 Austre Sunnmøre

I dette området er det seks mannsnamn og fem kvinnenamn som tilfredsstillar begge krava til typikalitet (sjå figur 7–8). Av mannsnamna er to usamansette nordiske (*Tor*, *Karl*) og eitt samansett (*Hallkjell*). Dei tre andre endar alle på *-us*: det reint latinske *Magnus*, det blanda *Karolus* og det uklare *Olaus* (av *Olavus* eller *Nikolaus*). Oppe til venstre finn vi *Jetmund* (felles med søre Sunnmøre) og *Berent* (meir typisk for nordre Sunnmøre).

Det er ikkje så lett å sjå av figur 8 kva namn som er i øvre høgre firkant; det er *Petrine*, *Laurentse*, *Massi*, *Gurine* og *Gullaug*. Her er det altså to namn på *-ine* mellom dei mest typiske, og andre slike er *Nikoline*, *Regine*, *Larine*, *Severine*, *Torine*, *Oline* (og *Stine*). Attåt *Gullaug* er det nokre nordiske namn i figuren: *Astrid*, *Steinvor*, *Torid*, *Gyri*, *Inger*. Elles ser vi at *Marte* (*Marta*) har svært høg frekvens i dette området.

## 5.3 Nordre Sunnmøre


Denne tredje delen av Sunnmøre har fire mannsnamn og sju kvinnenamn som tilfredsstillar begge typikalitetskriteria (sjå figur 9–10). Mellom mannsnamna er det tre av tysk opphav (*Berent*, *Didrik*, *Villum*) og eitt nordisk (*Salmund*).

Områdetypiske kvinnenamn er kortnamnet *Nille* og seks moverte namn (*Laurentse*, *Kanutte*, *Andrine*, *Petrine*, *Kristiane*, *Heninge*). Ingen av namna er altså nordiske (bortsett frå at *Canutta* er movert frå ei latinisering av nordisk *Knut*). I øvre venstre del av figur 10 finn vi *Olave*, som vi òg har sett på austre Sunnmøre, og *Ingeleiv*, som gjer seg sterkare gjeldande i indre Romsdal. Elles kan ein merke seg at det er fleire namn på *-ine* her òg, og tre tyske diminutivnamn (*Petrikje*, *Jannike*, *Annikje*).


## 5.4 Ytre Romsdal

I dette området tilfredsstillar tre mannsnamn og berre eitt kvinnenamn begge krava til typikalitet (sjå figur 11–12). *Trond* og *Kolbein* er nordiske namn, medan *Bendiks* er kriste. Vi ser at *Ingebrikt* gjer seg sterkt gjeldande her; det er eit namn som er brukt i heile amtet, men altså særleg i ytre Romsdal. Elles er namna i figur 11 av nokså ymist opphav.


*Tale* er det einaste kvinnenamnet i øvre høgre del av figur 12; dette namnet er ei form av tysk *Adelheid*. Elles ser vi at det nordiske *Gyri* er mykje brukt her, men i nedre høgre del av figuren er det lån og moving som pregar biletet. Namnet




Figur 9. Karakteristiske mannsnamn for nordre Sunnmøre. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 13 og 14 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta.




Figur 10. Karakteristiske kvinnenamn for nordre Sunnmøre. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 14 og 15 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta.




Figur 11. Karakteristiske mannsnamn for ytre Romsdal. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 8 og 9 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta.



Figur 12. Karakteristiske kvinnenamn for ytre Romsdal. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 9 og 10 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta.



Figur 13. Karakteristiske mannsnamn for indre Romsdal. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 21 og 22 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta.



Figur 14. Karakteristiske kvinnenamn for indre Romsdal. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 22 og 23 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta.

*Lava* er ei kortform av *Olava*. (Eg har skilt *Lava* frå *Olava* her, m.a. fordi det truleg er denne kortforma som i sin tur har vorte base i *Lavina*, som det er to tilfelle av i Kristiansund.)

### 5.5 Indre Romsdal

Dei indre delane av Romsdal har meir særpreg i namneinventaret enn dei ytre. Seks mannsnamn og tre kvinnenamn møter begge typikalitetskrava (sjå figur 13–14). To av mannsnamna er nordiske (*Aslak* og *Børge (Børre)*); resten er til dels sterkt tilpassa lånte namn (*Søren, Lasse, Ørjar, Just*). Elles er alle namna i dei andre delane av figuren nordiske, med unntak av *Tomas* (og kanskje *Otte*, som kan ha opphav i nordisk *Ottar* eller tysk *Otto*).

Eitt av dei kvinnenamna som er karakteristiske for området, er det kristne (greske) *Agate (Ågot)*. Dei to andre (*Ingeleiv* og *Sygni*) er nordiske, og det gjeld alle namna i resten av figur 14 òg.

### 5.6 Sunndal

I Sunndal er det ti mannsnamn og ni kvinnenamn som møter begge krava til typikalitet (sjå figur 15–16). Alle 19 kan reknast som nordiske namn. Mannsnamna er *Halvor, Gunnar, Endre, Bersvein, Even, Håken, Esten, Tarald, Steingrim* og *Engel*. Det siste kan tolkast som nordisk *Ingjald*, men det kan òg ha tysk opphav.

Dei områdetypiske kvinnenamna i Sunndal er *Randi, Helga, Magnild, Ingeri, Olaug, Gyri, Asbjørg, Sygni* og *Gjøde*.

### 5.7 Surnadal


Elleve mannsnamn og fem kvinnenamn er typiske for Surnadal etter begge kriteria (sjå figur 17–18). Tre av mannsnamna er lånte (*Mikkel, Bendiks, Gregorius* (her oftast i forma *Greus*)), dei resterande nordiske (*Even, Sverke, Håken, Torleiv, Alv, Brynjulv, Rolv, Torgeir*).

Kvinnenamna er *Rannveig* (her oftast skrive *Ranej*), *Ildrid, Jorunn (Jørond)*, *Brynild, Rådgjerd. Ildrid (Eldrid)* kan vere innlånt, men er svært gammalt i norsk, så i praksis kan alle desse namna reknast som nordiske.


### 5.8 Sentrale Nordmøre

I den sentrale delen av Nordmøre er det berre eitt mannsnamn og ingen kvinnenamn som tilfredsstillar begge krava til typikalitet (sjå figur 19–20). Mannsnamnet er *Torgils* (her i formene *Tørris* og *Torris*). I dei andre delane av figur 19 er det namn av nokså varierende opphav. Ein kan særleg merkje seg den høge frekvensen til *Arent*, som ikkje er langt frå å ha tre gonger så høg frekvens som venta. Eit interessant bibelsk namn som figurerer her, er *Josva*, og ein kan òg leggje merke til nordisk *Havtor*. Namnet *Jørus* er ein variant av *Georg* (NPL:159).







Figur 15. Karakteristiske mannsnamn for Sunndal. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 5 og 6 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta.




Figur 16. Karakteristiske kvinnenamn for Sunndal. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 5 og 6 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta. Merk at den loddrette aksen er delt og har to målestokkar for at den nedre delen av figuren skal få meir rom.




Figur 17. Karakteristiske mannsnamn for Surnadal. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 8 og 9 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta. Merk at den loddrette aksen er delt og har to målestokkar for at den nedre delen av figuren skal få meir rom.




Figur 18. Karakteristiske kvinnenamn for Surnadal. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 9 og 10 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta. Merk at den loddrette aksen er delt og har to målestokkar for at den nedre delen av figuren skal få meir rom.




Figur 19. Karakteristiske mannsnamn for sentrale Nordmøre. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 31 og 32 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta.




Figur 20. Karakteristiske kvinnenamn for sentrale Nordmøre. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 34 og 35 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta. Merk at den loddrette aksa er delt og har to målestokkar for at den nedre delen av figuren skal få meir rom.




Figur 21. Karakteristiske mannsnamn for Kristiansund og Molde. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 5 og 6 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta.



Figur 22. Karakteristiske kvinnenamn for Kristiansund og Molde. Den vassrette stipla linja går ved 5 % mellom 6 og 7 berarar, den loddrette ved tre gonger så høg observert frekvens som venta.



Figur 23. Karakteristiske mannsnamn for Brattvær og Hopen. Den stipla linja går ved tre gonger så høg observert frekvens som venta. Grensa for 5 %o fell utanfor figuren, i underkant av 2 berarar.



Figur 24. Karakteristiske kvinnenamn for Brattvær og Hopen. Den stipla linja går ved tre gonger så høg observert frekvens som venta. Grensa for 5 %o fell utanfor figuren, i underkant av 2 berarar.

Sjølv om ingen kvinnenamn møter begge typikalitetskrava, kan ein merke seg kor frekvent *Guro* (*Gurå, Guru*) er i dette området. Elles er det påfallande at fem av namna i figur 20 endar på *-bjørg* eller *-borg*: *Herborg, Gulbjørg, Valborg, Gunnbjørg, Anbjørg*. *Iverise* er ei moving frå *Ivar*.

### 5.9 Kristiansund og Molde

I kjøpstadene er det nokså mange karakteristiske namn: tolv mannsnamn og sju kvinnenamn (sjå figur 21–22). Av mannsnamna er eitt nordisk, nemleg *Svein* (skrive *Svend, Svein, Sven*), og i tillegg kjem det etymologisk blanda *Olaus*; dei resterande er lånte: *Johan, Petter, Kristian, Andreas, Henrik, Friderik, Lorents, Villum, Tomas, Nikolai*. Det tyske preget er nokså merkbart her. Med unntak av *Svein, Tomas* og *Villum* er alle mannsnamna òg kjenneteiknande for Bergen inn- anfor Bergenhus-amta (Kinn op.cit.), *Lorents (Laurents)* og *Olaus* vel å merkje med under 5 % i Bergen.

Dei typiske kvinnenamna i kjøpstadene er alle lånte: *Maren, Katrine, Sofie, Serine, Magdalene, Andrea, Susanne*. *Katrine, Sofie, Serine, Magdalene* og *Susanne* er òg typiske for Bergen (Kinn op.cit.), jf. òg Johannessen (2004). Når det gjeld *Maren*, er det skilt frå *Mari(e)* her, men ikkje i Bergenhus-undersøkinga; *Maren* var mykje brukt i Bergen òg.

### 5.10 Brattvær og Hopen

Fem mannsnamn og tre kvinnenamn er typiske for Brattvær og Hopen etter begge kriteria for typikalitet (sjå figur 23–24). Alle mannsnamna er lånte: *Johannes, Isak, Andreas, Petter, Stefan*. Ein kan merkje seg at to av dei (*Andreas* og *Petter*) er felles med kjøpstadene, og bynamnet *Henrik* finn vi i den venstre delen av figur 23.

Kvinnenamna er òg lånte: *Katrine, Kristiane* og *Sofie*. Alle tre er òg å finne i figur 22 for kjøpstadene.

Det er interessant at *Johannes* særmerkjer dette området, i motsetnad til *Johan* i kjøpstadene. Vi merkjer oss tilsvarende at *Mari* opptre her, i motsetnad til *Maren* i kjøpstadene. Ein kan lure på om dette skal tolkast slik at det er tale om eitt namn i kvart tilfelle (og at dei burde ha vore samla i eitt lemma), eller om skilnadene er reelle.

### 5.11 Oppsummering om karakteristiske namn

Dei ti områda vi har sett på, er til dels svært ulike med omsyn til både folketal og geografisk utstrekning. Slike skilnader kan slå ut på ulike måtar. På den eine sida kan eit namn lettare verte typisk for eit lite område. Dette dreg i retning av fleire karakteristiske namn for små område enn for store. På hi sida kan store område fange opp fleire namn med lokal utbreiing. Dette dreg i motsett retning. Desse ulempene er eit resultat av at eg har valt å ta klyngjedanningsresultatet som

utgangspunkt for denne delen av undersøkinga, og ikkje førehandsdefinerte område som potensielt kan vere heilt irrelevante i onomastisk forstand. Den klaraste og kanskje mest overraskande stadfestinga av at dette er eit fornuftig val, er posisjonen til Brattvær og Hopen. Eg ville aldri ha komme til å rekne desse soknene som eit eige område om ikkje klyngjedanninga hadde skilt dei så tydeleg frå Nordmøre elles.

Ein klar tendens er at fleire av dei indre områda (indre Romsdal, Sunndal, Sunnadal) har sterkare innslag av nordiske namn enn resten. Austre Sunnmøre, som òg må reknast som indre, sluttar seg ikkje tydeleg til dei andre indre områda på dette punktet. Overvekt av nordiske namn er òg noko ein finn i indre strok i Bergenhus, nærare bestemt Hardanger, Voss og (indre) Sogn (jf. Kinn op.cit.) (og Nedrelid (1996) finn liknande tendensar på Agder i 1801). Derimot er dette ikkje så klart i indre delar av Fjordane, som i nord grensar til austre Sunnmøre. Òg i einskildnamn er det, ikkje overraskande, ein del likskapar mellom områda like nord og like sør for Stad.

Sunnmøre er på kvinnesida sterkt prega av moverte kvinnenamn av ulike slag, særleg namn på *-ine*, men òg diminutivar på *-ke* (*-kje*). Moverte namn er elles typiske for kjøpstadene, men når det gjeld *-ine*, er det i hovudsak på Sunnmøre vi finn den typen. Både i kjøpstadene og i Brattvær og Hopen er det utelukkande lånte kvinnenamn som framstår som typiske. På mannsida er det òg stort sett lånte namn i desse områda, men med nokre unntak. Ytre Romsdal (med sterke innslag av fiskevær) og særleg nordre Sunnmøre (m.a. med Borgund) har òg klar overvekt av lånte namn mellom dei typiske.

Det er altså klare tendensar til ein motsetnad mellom indre strok på den eine sida og ytre strok og kjøpstadene på den andre, sjølv om skiljet mellom Sunnmøre og dei andre futedomma gjer seg endå sterkare gjeldande i klyngjedanninga.

Generelt er det noko færre typiske namn i Romsdal og sentrale Nordmøre enn i dei andre områda. Det er mogleg at dette kjem av den sentrale plasseringa i undersøkingsområdet. Ettersom alle område har fellestrekk med tilgrensande område, vil sentrale område tendere til å ha færre trekk som dei ikkje deler med andre av dei undersøkte områda, enn område som ligg i ytterkanten.

## 6 AVSLUTNING

Undersøkinga av førenamnsgeografien i Romsdals amt i 1801 stadfestar fleire funn frå undersøkinga av Bergenhus-amta (Kinn op.cit.). For det første er det ingen tvil om at førenamnsbruken i 1801 gjev grunnlag for å identifisere små og store namnregionar. Dette er vel å merkje ikkje regionar med isoglossar mellom seg slik vi finn dei i tradisjonell dialektologi. Dialekttrekka gjev, iallfall i eit idealisert bilete, grunnlag for å trekkje grenser mellom éi form på éi side av isoglossen og ei anna på hi (t.d. med presens på *-e* av sterke verb sør for ei grense gjennom

Sunnmøre og nullending nord for grensa, jf. Skjekkeland (2005:219)). Namnebruken er i dei fleste tilfelle eit spørsmål om høgre eller lågare frekvens heller enn om eit namn er nytta eller ikkje. Det er først når vi undersøker frekvensane for mange namn på éin gong, at namneregionane trer fram.

For det andre er det klart at dei fleste indre strok har eit meir tradisjonelt namneinventar enn ytre strok, i form av fleire nordiske namn mellom dei karakteristiske (og i dei reine frekvensane). Dette bør truleg sjåast i lys av to sosiale faktorar: Indre strok har for det første ein sterkare basis i jordbruket enn ytre strok. Oppkalling og dermed vidareføring av namn i slekta var nok aller viktigast for bøndene, og dette fremjar tradisjonell namngjeving. Indre strok hadde for det andre ein noko lågare grad av mobilitet og næringskontakt med fjernare område. Dette fører til konsentrasjon av namnetradisjonar og ei sterkare skjerming frå ytre påverknad enn det som vil ha vore tilfelle langs kysten. Skilnadene mellom kyst og innland var naturlegvis ikkje absolutte, men tendensane er klare. Eit delvis unntak i Romsdals amt er, som vi har sett, austre Sunnmøre, og i Bergenhus gjeld det områda like sønnafor, dvs. indre Fjordane.

For det tredje skil kjøpstadene seg klart frå bygdene. Liksom Bergen har Kristiansund og Molde eit mykje sterkare preg av lånte namn enn bygdesoknene i dei tre amta eg har undersøkt. Samtidig er det tydeleg at mange kystområde liknar mykje på kjøpstadene. I Romsdals amt gjeld det i høgste grad fiskarsoknene Brattvær og Hopen og i nokon grad kysten sørsetter, og i Bergenhus gjeld det framfor alt Fjordane, særleg fiskarsoknene frå Vilnes i Askvoll nord til Bremanger i Kinn.

Tilfellet Brattvær og Hopen er verdt å sjå litt nærare på. Dette var sokner der fisket stod særleg sterkt. Men det gjaldt òg andre sokner i amtet, t.d. i ytre Romsdal. Brattvær og Hopen stod likevel i ei særstilling demografisk. Folketalsveksten i den siste generasjonen før folketeljinga (1762–1801) var generelt sterkare på Nordmøre enn i Romsdal og på Sunnmøre. Døssland (op.cit. 329) nemner spesielt nettopp Brattvær og Hopen, som hadde ein auke på 57 %. Til samanlikning hadde hovudsokna Edøy ein auke på 14 %. Samtidig viser Døssland (op.cit. 331) at dødsratane langs kysten av amtet var høgre enn lenger inne, og Edøy prestegjeld hadde ein høg rate. Kombinasjonen av høge dødstal og sterk folkeauke fortel oss at Brattvær og Hopen må ha hatt ei formidabel innflytting i tiåra før 1801. Desse eksepjonelle demografiske tilhøva har altså òg gjeve utslag i namneinventaret. Slike funn syner at historisk-geografisk namnegransking bør vere av interesse for den demografiske historieforskinga. Førenamna er ei stor og stort sett uutnytta kjelde til folkesetnadsstrukturen i Noreg på 1700-talet.

Eg har peikt på likskapar mellom Sunnmøre og Fjordane og mellom kjøpstadene Molde og Kristiansund og Bergen by. Det er grunn til å tru at det fanst likskapar mellom indre Romsdal og Nordmøre og Gudbrandsdalen, og mellom Nordmøre og Fosen og andre tilstøytande delar av Trøndelag. Amtsgrensene sette ikkje



grenser for flytting og kontakt mellom områda på kvar side. Difor ville det ha gjeve breiare innsyn i namnegeografien i Romsdals amt om dei tilgrensande Nordre Bergenhus amt, Kristians amt og Søndre Trondhjems amt hadde vore med i undersøkinga. I det heile ville det vere interessant å utvide det geografiske perspektivet til større område; det kan eventuelt gjerast i framtidige undersøkingar.

## Litteratur

- Aldenderfer, M.S. & Blashfield, R.K. 1990. Cluster Analysis. Newbury Park–London–New Delhi.
- Alhaug, G. 1985. Noen skilnader i namnemønsteret mellom Nord-Noreg og Indre Austlandet. Sigurd Fries & Roland Otterbjørk (red.): Regional och social variation i nordiskt personnamnsskick. 42–56. Uppsala.
- Alhaug, G. 1992. Lemmatisering av namnevarianter – ein nivåmodell basert på norsk materiale. SAS 10. 115–50.
- Alhaug, G. 2008. Namnemotar i Noreg frå 1700-talet til i dag. Språknytt 2. 10–13.
- Døssland, A. 1990. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal, bd. I, 1671–1835, Med lengt mot havet. Oslo.
- Everitt, B.S., Landau, S. & Leese, M. 2001. Cluster Analysis. 4. utg. London.
- Imsen, S. & Winge, H. 1999. Norsk historisk leksikon. 2. utg. Oslo.
- Johannessen, O.-J. 2004. Anne og Maren, Ingeborg og Berit. Bergenske kvinnenavn på 1600-tallet i et sammenliknende perspektiv. Nordica Bergensia 30. 155–73.
- Johnsen, A.O. 1942. Kristiansunds historie, bd. I, Fra steinalderboplass til kongelig kjøpstad. Kristiansund.
- Kinn, T. Under utgjeving. Førenamnsgeografi i Bergenhus-amta i 1801. SAS.
- Kruken, K. 1990. Personnamn i Trøndelag og Jemtland i første halvdel av 1600-talet. Institutt for namnegransking. Årsmelding 1989. 101–19. Oslo.
- Kruken, K. & Stemshaug, O. 1995. Norsk personnamnleksikon. 2. utg. Oslo.
- Nedreid, G. 1996. Lokale variasjonar i namneskikken på Agder i 1801. Kristoffer Kruken (red.): Den ellefte nordiske navneforskerkongressen. Uppsala.
- Schmidt, T. 1992a. Rasmus i Norge – et typisk nordfjordnavn? Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1991. 90–122. Oslo.
- Schmidt, T. 1992b. Jetmund. SAS 10. 25–42.
- de Seve, N. 1992. Molde bys historie, bd. I, Før året 1838, Ladested og kjøpstad. 2. utg. Molde.
- Skjekkeland, M. 2005. *Dialektar i Noreg*. Kristiansand.
- Tan, P.-N., Steinbach, M. & Kumar, V. 2006. Introduction to Data Mining. Boston.
- Thorson, O. 1948. Ålesund 1848 – 1948. Økonomisk og kommunal historie, bd. I, 1848 – 1904. Oslo.
- Ward, J.H., Jr. 1963. Hierarchical Grouping to Optimize an Objective Function. Journal of the American Statistical Association 58. 236–44.
- Aarset, T. 1976. Personnamn i Vartdal, Hareid og Ulstein gjennom 500 år. Tidsskrift for Sunnmøre Historielag 1975 – 1976. 17–50.

# Bodø-namna

*Av Eldar Heide*

*This article investigates the name of the town Bodø (Northern Norway) in Old Norwegian, its later development in Norwegian, the Saami forms, and the relationship between the forms. The article supports the view that Old Norwegian Boðin is a compound of boði 'a breaker 'boding' hidden rocks' and vin 'a meadow', in which case the name refers to the flat, grassy landscape and the ancient Boðin farm's natural harbour surrounded by hidden rocks. In the traditional, local popular form of the name, /"bodøya/, the ð is retained because it was followed by a /w/ (\*Boðvin), which, the author argues, 'hardened' it to a d, and the -in turned into -øya 'the island' because the expected \*-a (from -in) was reanalyzed as a definite feminine article, which in island names has often been 'expanded' to -øya. Bodø is a Danization of /"bodøya/ (or <\*/"boda/), although likely with the o from written tradition (å, previously spelt aa, is the normal spelling of /o/), and a folk etymological connection with Danish bod 'a booth'. The present /"bu:dø/ is then a spelling pronunciation. Lule Saami Bådådjo also seems to reflect /"bodøya/, but with -øya replaced with a Saami word meaning 'island' only found in compound place-names, borrowed from Proto-Scandinavian \*auju. The same is the case with Pite Saami Budejju, although in this name, the first element seems to be influenced by the Norwegian spelling pronunciation with /u/ or/and a folk etymological connection with buvdða 'a shop, trading post'.*

At namnet *Bodø* finst i fleire variantar på fleire språk, vart aktualisert av protestane mot skilting med det lulesamiske namnet *Bådådjo* i Bodø vinteren 2011. På pite-samisk er namnet *Buvdda*, og den fordanska forma *Bodø* heitte på eldre folkeleg norsk *Bòddøya*. *Bodin* var den seingammalnorske forma. At alle desse namna/

namneformene har samband med kvarandre, er det lett å ane, men ingen har til no drøfta *korleis* dei heng i hop. Det skal eg gjera her, i tillegg til å drøfte utgangspunktet for namnekomplekset.

Namnet *Bodin/Bodhin* o.l., gjerne normalisert *Boðin* i vår tid, er heimla i fleire kjelder frå fyrstninga av 1400-talet; ei av dei avskrift av eit diplom frå 1321. Namnet er altså minst så gammalt (men heilt sikkert mykje eldre). I alle desse kjeldene er det sokne- eller syslenamn, etter alt å dømme utgått frå garden som *Bodin kirke* ligg på no, sidan han er kjend som *Bodøgård* frå 1500-talet og framover (Rygh 1905:199, 204, Gudbrandson 1989:556 ff., Rimstad 1961:79) = *Amtmannsgården* seinare, og lendinga der heiter *Bodøsjøen*. (Dagens namn *Bodin* – om kyrkja som ligg på Bodøgård og heradet ikring byen fram til kommunesamanslåinga i 1968, er teki opp att frå gammalnorsk. På 1800-talet heitte landheradet òg *Bodø (herred)*, men skifta namn til *Bodin* i 1896.) Rygh (ibid.) føreslår at *Boðin* er eit *vin*-namn – altså at endinga *-in* opphavleg var *vin* 'grasland'. Det har fått allmenn tilslutnad og høver godt på terrenget, som er frodige sletter, og det stemmer med genitiven *Boðinjar*, som er heimla frå ikring 1430. Rygh føreslår òg at føreleddet er gammalnorsk *boði* m. 'grunnbrot, bølge som bryt over undervasskjer (og slik varslar eller *boðar* «bebuder» skjeret); bøde', og får støtte av Karlsen (1934:203), men ingen av dei drøftar om og i tilfelle kor topografien høver. Rimstad (1961:76 ff.) avviser denne forklaringa fordi det er «helt urimelig at en gård som lå på fastlandet, skulle kalles etter en båe i sjøen», og føreslår i staden at *Boðin* kjem av bekken som renn forbi garden. Vågslid (1974:4) meiner den gammalnorske forma var *\*Boðin*, med føreleddet *u*-omlydd av rota *\*bað-*, som skulle tyde 'varm', men seier ikkje korleis det skulle høve på staden. Helleland meiner òg (1975:84), etter tips frå Kåre Hoel, at den gammalnorske forma var *\*Boðin* og at føreleddet er rota *\*bað*, men då i tydinga 'opphegd platå, terrasse'. Ingen av desse forklaringane er rimelege. Det formelle grunnlaget er uklårt eller veikt, og ingen av dei høver spesielt godt på staden. Bekken er lite påfallande på alle vis, staden er neppe slåande varmare enn andre stader i området, og han ligg ikkje på noko platå, men på ei slette som stig svært slakt opp frå sjøen og ligg mellom bergrygger og berg(knausar). (At det opp gjennom hundreåra har bygd seg opp ein brei gards-haug under husa, har ingen ting å seia for namngjevinga, som skjedd før det). Bøde-forklaringa, derimot, høver svært godt, slik Gudbrandson peikar på (1989:557). Båstøene til *Boðin* ligg ved ei vik med fleire bødar og holmar utanfor. Namneleddet *-vin* i kombinasjon med at det ikkje er *i*-omlyd i føreleddet (ikkje *\*Byðin*) daterer truleg namnet til (tidleg i) merovingartida (Stemshaug 1997, Grønvik 1987:184), og då stod havet 4–6 m høgre (jf. strandlinjeprogrammet til Jakob Møller, Tromsø museum, og Børre Holmeslet, Nordlysobservatoriet, på <http://geo.phys.uit.no/sealev/>). Då gjekk vika lenger inn i landet, og fleire av dagens knausar eller holmar ville ha vori bødar og skjer i denne vika. Naustområdet ved vika

heiter Bodøsjøen, som etter typen er eit gammalt namn (jamvel om føreleddet er fordanska), og må ha vori viktig for garden *Boðin* i gammal tid, då sjøen var ferdsleveggen. Derfor ville det vera svært naturleg om garden som ligg på slette oppover frå denne bøde-vika, kanskje 300 m unna med tidleg merovingartids havnivå, vart kalla «bøde-grassletta», opphavleg *\*Boðavin*.

Eitt av dei gammalnorske belegga har vokalen *u* i *Boðin* (*Budina sokn*, 1417). Det kunne opne for å knyte namnet til norrønt *búð* f. 'bu, lite hus'. Men *u*-skrivemåten er heller ein skrivefeil. Sju gonger er nemleg namnet skrivi med *o* i mellomalderkjeldene, og den skrivemåten blir støtta av uttalen /"bodøya/ i nyare tid og lulesamisk *Bådåddjo*. Når *Boð-* i tillegg gjev god meining ut frå landskapet, er det all grunn til å tru at det opphavleg var *Boð-*, ikkje *\*Búð-*.

Det neste spørsmålet er korleis samhovet er mellom *Boðin* og /"bodøya/ («Bådøya»), som er den tradisjonelle, folkelege saltværingssuttalen av namnet på byen (Rygh 1905:199). Den forma er òg kjend frå gammalt Helgelands-mål, berre med lang vokal og kort *d* (Riksheim 1921:34 Hansteen 1974). Det som må avklarast, er om *Bòddøya* kan avleiast språkformelt og realt av *Boðin*, og i tilfelle korleis. Vi kan ta det reale fyrst. Byen Bodø vart grunnlagd i 1816 på Hundholmen, som no er høvla ned og innlemma i fastlandet og utgjer ein del av bykjernen. Hundholmen er tvillaust ein annan stad enn Bodøgård, men ikkje meir enn 2 ½ km unna. Sokne- og fjerdingsnamnet *Boðin* dekte heile området i mellomalderen (truleg ytre del av Bodøhalvøya, ytre del av Straumøya, og Væran; Holberg og Hutchinson (2009:191), og det burde ikkje vera problematisk at det vart knytt til det nye sentrumet som oppstod innanfor området, og fortrengde namnet *Hundholmen*, som byen vart kalla den fyrste tida, og kremmarlægjet vart kalla før det (op.cit. 283, 332, 435, 460, 469 ff.). Ei slik utvikling kjenner vi frå mange stader. Til dømes var namnet *Voss* frå gammalt av namn på eit distrikt, og sentrum i det distriktet heitte (*Vossa Vangen*, men det blir no meir og meir kalla *Voss*).

Så er det det formelle. Dersom *Bòddøya* kjem av *Boðin*, så er det overraskande at *ð*-en er bevart, for regelen er at *ð* fell bort etter vokal i nordnorsk, som stort sett elles i norsk. Men det finst unntak føre visse lydar. I dei nordlandske stadnamna *Rød(d)øya*, *Ved(d)øya* (på Røst) og *Lød(d)ingen* blir gammalnorsk *ð* uttala som lang *d* (Sandnes og Stemshaug 1997:300, 375, Myrvang 1994:87, 168). I dei to fyrste namna kjem nok det av at *ð* ofte held seg (som *d*) føre fremre vokal, som i adjektivet *grådig* allment i norsk, stundom med kort vokal og lang konsonant (sjå t. d. Skånlund 1933:83). Dermed *kan ð*-en i *Boðin* ha vorti herda til *d* av den påfølgjande palatalen (som i *grådig*) etter at *v*-en var borte. Men det er lite truleg, for i det lydlike *boði* m. er *ð*-en borte (Finn Myrvang, e-post 10.2.2011). Lydvoksteren i namnet *Lødingen* er heller ein parallell. Det kjem etter alt å døme av *\*Løðueng* 'løe-enga' (i *Lodengia sokn* ca. 1430, Rygh 1905:297), og i så fall har det i ein overgangsfase heitt\*/"lōðweng/. Dermed er *Lødingen* parallelt til *Gudvangen* i

Sogn, *Lydvo* på Voss (<*Lyðvin*), *Øydvin* i Hardanger, *Skodvin* /'skødven/ i Nord-Hordland,<sup>1</sup> *radværing* 'person frå Radøyna i Nord-Hordland', som har *ð*-en bevart som *d*, og *vòdve* m. 'muskel', *ròdvatn* n. 'vatn til å stryke på brød' og *ròdvippe* f. 'liten kost til å gjera det med', som òg har *ð*-en bevart i ein del mål (Sandnes og Stemshaug 1997:186, Olsen 1910:415, 532, 477; Aasen 1873:941, Ross 1971 [1895]: 610, 916; Johan Myking, Knarvik, 20.02.2011). Det ser altså ut til at *ð* kunne herdast til *d* og dermed bli ståande føre /w/ (som *v* vart uttala som fram til 13–1400-talet; Indrebø 1951 [før 1942]:120).<sup>2</sup> Dermed høver det at *ð* står i *Bòddøya*, for det har utvikla seg frå *\*Boðvin* (steget mellom *\*Boðavin* og *Boðin*). I så fall er skrivemåten *Boðin* misvisande. Den er rekonstruert, for i handskriftene står det *d(h)*, slik regelen er i gammalnorske handskrifter, men etter vokal skriv vi likevel *ð* i normalisert norrønt, fordi vi veit uttalen var slik. I dette tilfellet stemmer det truleg ikkje: Då den etterfølgjande *v*-en var borte, var uttalen etter alt å døme hard *d*. Etter skrivemåtane frå tidleg på 1400-talet å døme skjedde *v*-bortfallet på 1300-talet eller før. Vi burde altså skrive *\*Boðavin* og *\*Boðvin*, men *Bodin*, med *d*, på gammalnorsk òg. At *d*-en i neste omgang vart forlengd i Salten, men ikkje i Vefsn, stemmer med kva som skjer med andre gammalnorske stuttstavningar: På Helgeland blir vokalen lengd, medan det lenger nord gjerne er konsonanten som blir det (*brot* n. > *brøt* på Helgeland, *brott* lenger nord). – At gammalnorsk *o* står som /o/, høver òg, for dét er regelen føre konsonant i saltværing (Skånland 1933: 44. I *boði*, der konsonanten fall bort, er det derimot *ø*: *bøe* [Finn Myrvang e-post 10.2.2011]).

Om overgangen frå *Bodin* til *Bòddøya* seier Sandnes og Stemshaug (1997:97) at namnet tidleg vart «omtydd til å vera s[a]m[an]s[ett] med ...øy». Det er tydeleg. Spørsmålet er korleis og kvifor det skjedde. Då må vi fyrst sjå på kva som elles har skjedd med endinga *-in* i saltværing. I Salten veit vi ikkje om andre namn samansette med *vin*, så vi har ikkje noko mønster for denne namnetypen. Det ville ikkje hjelpt så mykje, heller, for i stadnamn kan *-(v)in*-endinga gå mange vegar, jamvel innanfor same målet, nokså vilkårleg.<sup>3</sup> Men ei mulegheit vi kjenner frå andre landsdelar, er at *-in* i *vin*-namn ter seg som *-in* i hokjønn og blir *-a*: Slik *músin* blir *musa*, blir t.d. *\*Melin* og *\*Dývin Mæla* og *Dyva* (Stjørdalen i Trøndelag, Rygh og Rygh 1903:32, 44). Det same kan godt ha skjedd med *-in* i *Bodin*, og i så fall skulle namnet lydrett bli *\*Bòdda*. *A*-endinga frå dette steget kan vera reflektert i den pitesamiske forma *Buvdda* (som er heimla i Pitesamisk–lulesamisk–norsk ordliste på <http://alnakka.net/>), men *\*Bòdda* kan ikkje forklare heile den namneforma; sjå

1) Andre stader blir dette namnet uttala *Skøe*, *Skui* o.l. (Sandnes og Stemshaug 1997:409). Det er altså ikkje slik at *ð* alltid blir ståande (som *d*) føre *v*, men det er ein del døme på at det har skjedd.

2) Dette kan jamførast med at *ð* og *h* i konsonantsambandet *ðh* smelta saman til *d* eller *t* i leksikalisererte ord og stadnamn (Heide 2006:153).

3) Ein viktig grunn til det er vel at dagens ending ofte ikkje skriv seg frå nominativ eintal *-in*, men dativ eintal *-in(n)i*, *-en(n)e*, dativ fleirtal *-o(m)*, eller nominativ/akkusativ *a(r)*.

nedanför. Det er òg sannsynleg at 1500-talsformene *Boduargord* og *Boduordsgard* 'Bodøgård' (Rimstad 1961:79, Gudbrandson 1989:560) speglar dette steget. Dei viser ei folkeetymologisk kopling til mannsnamnet *Bodvar* (som òg kan ha hatt *ð* bevart som *d* føre *v*), og den koplinga er ikkje urimeleg ut frå den lydrette forma *\*Bòdda(gar[d]en)*. Koplinga til *Bodvar* ville sjølvstg vori endå meir naturleg dersom *v*-en i *\*Boðvin* hadde vori med heile tida (til *\*Bòddva*), men det er usannsynleg. Når ingen av dei åtte *Bodin*-belegga frå 1400-talet har *v*, er det rimelegare om det er koplinga til *Bodvar* som har ført *v*-en inn att – for ei tid eller berre i skrift.

Frå *\*Bòdda* til *Bòddøya* kan vi tenkje oss ei folkeetymologisk omtolking hjelpt fram av ein tendens i nordnorsk øynamnutvikling: *\*Bòdda* gav ikkje meining, men sidan bygda låg på ei halvøy, kunne namnet oppfattast som eit øynamn på linje med dei mange øynamna som er hokjønn i bunden form eintal, og hengast på tendensen til å gje slike øynamn-øya som ending i staden for *-a* eller *-o* eller *-å*, t.d. *Anda* > *Andøya*, *Gryta* > *Grytøya*, osv. Ei slik utvikling kan ha vorti hjelpt fram av at namnet var hokjønn (*vin* var hokjønn), jamvel om endinga *\*-a* i *\*Bòdda* eigentleg ikkje var hokjønnsartikkel. – Eit problem med denne forklaringa er at *\*Bòdda* med tostavingstonelag (som andre *vin*-namn) ikkje ville svare heilt til bunden form av hokjønnsord med tostavingstonelag, altså linne hokjønnsord, for i tidleg nytid hadde den bøyingsklassen etter alt å døme *-o*- eller *-å*-ending i det aller meste av landsdelen (Christiansen 1951, 1962, jf. Heide 2010a). I Salten er det *-o* enno). Rett nok har bymålet i Bodø *-a* i både linne og sterke hokjønnsord, men den forenklinga kom neppe før byen skaut fart i 1860-70-åra, altså lenge etter at namneforma *Bòddøya* må ha oppstått. Utfjerdingsmålet nord på Helgeland (Elstad 1982:45, 53) har neppe heller hatt *-a* i begge hokjønnsstypene så mange hundre år; den forenklinga har truleg oppstått i Rana pga. innflytting frå Sverige og har så spreidd seg derifrå (ibid. 52–53, 50–52, Heide 2010b). Likevel burde ikkje den skisserte utviklinga vera urimeleg. Vokalen *-a* er òg ei hokjønnsending i saltværing, somme sterke hokjønnsord har tostavingstonelag i bunden form (som *mor*), somme nordnorske øynamn har frå gammalt av einstavingstonelag og dermed *-a*-ending i bunden form, t.d. *Andal/Andøya*, av *Qmð*, og *\*Bòdda* kan ha vorti omlaga til eit overgangssteg *\*Bòddo* fordi det hadde tostavingstonelag. Det kan neppe vera tvil om at det gammalnorske *Bodin* og *Bòddøya* er ulike utviklingssteg av same namnet, og då kan samhovet vanskeleg forklarast på annan måte enn eg har gjort her. Det kan kanskje sjå ut som eg steller opp mange hypotetiske steg i utviklinga, men i prinsippet er det berre eitt mellom *Bodin* og *Bòddøya*, nemleg *\*Bòdda*.

Så er det namneforma *Bodø*. Den kan enkelt forklarast som ei fordansking av *Bòddøya*, bortsett frå at dersom utgangspunktet berre var uttalen /"bodøya/, så skulle vi vente skrivemåte med *å* (*aa*) – som faktisk er heimla i 1610 (Rygh

1905:199) og dobbel *d*, altså \**Bådø*. Skrivemåten *Bodø* kan likevel forklarast ut frå skrifttradisjonen, kanskje med folkeetymologisk kopling til dansk *bod* 'bu, liten husbutikk'. Dagens uttale med /u/ må så koma av skrivemåten med *o* (som oftast blir uttala /u/). Namneforma *Bodø* skriv seg frå tida då lensherren sat på *Bodøgaard*, lenge før byen vart grunnlagd, og har då vist til både lensherregarden og sokna / fjerdingen.

Den lulesamiske forma *Bådådjo* (Qvigstad 1893:355) kan òg avleiest frå *Bøddøya*, med føreleddet direkte lånt i dette namnet, medan etterleddet er eit eldre lån som finst i mange stadnamn, men berre der, oftast i forma *æddjo* (ibid. Det er altså i same kategori som *gulf/golf* i norsk, som berre finst i stadnamn lånte frå engelsk, som *Mexicogolfen* og «Gulfen»). Opphavet er truleg urnordisk \**auju* (i [nord]samisk nærast spegla i *Máhkarávju* 'Magerøya'), som seinare blir *øy* i nordisk, og så er *d*-elementet i samisk lagt til for å danne sterkt stadium av ordet; for forma med berre *j* ville oppfattast som svakt stadium (Bokstavkombinasjonen *-ddj-* blir uttala om lag som *j-* i engelsk *journal*. Slik konstruksjon av sterkt stadium i lånord i samisk er ganske vanleg. Håkan Rydving 15.02. og 18.03.2011).<sup>4</sup> Det er overraskande at Qvigstad fører namnet opp med lang vokal i føreleddet, for etter det eg kan skjønne, har det aldri vori lang vokal i det norske namnet før skriftuttalen av *Bodø* slo gjennom, neppe før slutten av 1800-talet. Nordsamisk *Budejju* (Kåven m.fl. 1995:617) har same etterleddet, men utan *d*-tillegget (parallelt til *Helejju* = *Áilu* = norsk *Helgøya* i Nord-Troms, jf. Qvigstad 1893:355. Andre nordsamiske namn har *d*-tillegget i dette namneleddet, som *Jealmmeseadju* 'Hjelmsøya', Qvigstad 1938:605). Kanskje kan forma *ejju* vera påverka av gammalnorsk oblik kasus *øyju*; *øy* ligg jo nærare *ej* enn *au* gjer. (Qvigstad 1944:74 meiner *æddju* kjem av *øy*, men det er vanskeleg å koma frå at urnordisk \**auju* har spela ei rolle.) Venteleg er *Budejju* ei yngre danning enn *Bådådjo*, sidan vokalismen i føreleddet svarar til den truleg seine norske skriftuttalen av forma *Bodø*. Den pite-samiske forma *Buvdda* kan (som nemnt) sjåast som ein refleks av den sannsynlege norske seinmellomalderforma \**Bōdda*, men i tillegg er det tydelegvis skjedd ei omlaging på grunn av ei folkeetymologisk kopling til samnamnet *buvdda*, som tyder '(kram)bu, butikk, handelsstad' (jf. lulesamisk *bávddá* «affär», Korhonen 2007:38), på same vis som namneforma *Bodø* truleg er assosiert med *bod* '(kram)bu, butikk', som er (opphavleg dansk form av) same ordet.

Som vi ser, bygger *Bådådjo* på eldre og meir ekte norske former enn *Bodø* gjer. Då er det ironisk at ein del nordmenn så hissig protesterer mot *Bådådjo*.

4) Stadieveksling er ei konsonantveksling som finst i finsk-ugriske språk. Ho kan populært kallast «konsonantismen sitt motstykke til omyd».

5) I dette namnet er sterkt stadium *Jealmmeseadju* og svakt stadium *Jealmmeseaju*, som er det naturlege, medan svakt stadium av *Bådådjo* er *Bådådjo* (Håkan Rydving 18.03.2011).



## Litteratur:

- Christiansen, H. 1951: «Fra -o til -a i nordnorsk hunkjønnbøyning». *Maal og Minne*. 56–63.
- , 1962: «Fra -å til -a i nordnorsk bøyningssystem». *Maal og Minne*. 144–48.
- Elstad, K. 1982: «Nordnorske dialekter.» I T. Bull og K. Jetne (red.): *Nordnorsk. Språkarv og språkforhold i Nord-Noreg*. Oslo.
- Grønvik, O. 1987: *Fra Ågedal til Setre. Sentrale runeinnskrifter fra det 6. århundre*. Oslo.
- Gudbrandson, T. 1989: *Bodin bygdebok II-3. Gårds- og slektshistorie for kirkegrenda. Bodø*.
- Hansteen, P.A. 1974: «Namnet Bodø – Bodøy» *Håløygminne*. 26–27.
- Heide, E. 2006: *Gand, seid og åndevind*. Dr. art.-avhandling, Universitetet i Bergen.
- , 2010a: «Namna Grøta(vær) og Gryta / Grytøya». *Håløygminne*. 222–24.
- , 2010b: «Tidleg dialektkontakt i Nord-Noreg (15–1600-talet).» [Manuskript. 10 sider].
- Helleland, B. 1975: ««Over til Tromsø». Om opphavet til bynamna.» I B. Helleland (red.): *Norske stedsnavn/stadnamn*. Oslo.
- Holberg, E. og Hutchinson, A. 2009: *Lenge før byen. Bodøs historie I. Fram til 1816*.
- Indrebø, G. 1951 [før 1942]: *Norsk Målsoga*. Bergen.
- Karlsen, J. 1934: «Noen notater om Bodin, m.m.» *Håløygminne*. 203–07.
- Korhonen, O. 2007: *Báhkogirjje. Julevusámes dárrui dáros julevusábmaí. Lulesamisk–svensk/svensk–lulesamisk ordbok. Jokkmokk: Sámiij áhđadusguovđásj/Samernas utbildningscentrum*.
- Kåven, B. m.fl., 1995: *Sámi-dáru sátnegirji. Samisk-norsk ordbok. Kárášjohka/Karasjok*.
- Myrvang, F. 1994: *Nøkkeln til Utrøst. Værøy*.
- Olsen, M. 1910: *Norske Gaardnavne II. Søndre Bergenhus Amt. Kristiania*.
- Qvigstad, J. 1893: *Nordische Lehnwörter im Lappischen. Christiania Videnskabs-Selskabs forhandlinger for 1893 No 1. Christiania*.
- , 1938: *De lappiske stedsnavn i Finnmark og Nordland fylker. Instituttet for sammenlignende kulturforskning, serie B, skrifter 33. Oslo*.
- , 1944: *De lappiske appellative stedsnavn. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B. Skrifter 42. Oslo*.
- Riksheim, V. 1921: *Ljodvokstren i Vefsn-målet (Ner-Vefsn). Kristiania*.
- Rimstad, E. 1961: «Gårdsnavn.» *Bodin bygdebok. Utgitt av Bodin kommune v/Bodin bygdebokkomité*. [Bodø]: 63–104.
- Ross, H. 1971 [1895]: *Norsk Ordbog. Tillæg til «Norsk Ordbog» af Ivar Aasen. Nyprint av 1895-utgåva, Christiania: Cammermeyer, som hadde med tillegg I og II; II basert på «Optegnelser» av Sophus Bugge. Tillegg III-VI kom i 1902, 1910, 1912 og 1913, og dei er med i 1971-utgåva. Oslo*.
- Rygh, K. 1905: *Norske Gaardnavne 16. Nordlands amt. Kristiania*.
- Rygh, K. og O. Rygh, 1903: *Norske Gaardnavne 15. Nordre Trondhjems amt. Kristiania*.
- Sandnes, J. og Stemshaug, O. 1997: *Norsk stadnamnleksikon. 4. utg. Oslo*.
- Skánlund, E.B. 1933: *Saltamålet. Kort oversikt over lydverket. Bidrag til nordisk filologi av studerende ved Universitetet i Oslo 10. Oslo*.
- Stemshaug, O. 1997: «Vin.» I Jørn Sandnes og Ola Stemshaug (red.): *Norsk stadnamnleksikon. Oslo: 493–94*.
- Vågslid, E. 1974: *Stadnamntydingar II. Oslo*.
- Aasen, I. 1873: *Norsk Ordbog. Anden forøgede Udgave af Ordbog over det norske Folkesprog. Christiania*.





# Anagrammatiske og bakvendte personnavn: Nye eksempel og drøftinger

*Av Geirr Wiggen*

*This article adds to an earlier study of fully reversed personal names in Scandinavia as well as of partially reversed and anagrammatic ones. Here, the author supplies some new empirical data and a reflection on the interrelationship between name reversal and literacy. The main focus, however, is on the use and meaning of reversed and anagrammatic names in fictional literature, exemplified in particular by the name of a character in a novel by the Norwegian author Kjartan Fløgstad.*

Vinteren 2009–2010 hadde jeg stor glede av å samle inn opplysninger om bakvendte personnavn i Skandinavia og å grunne over åssen de enkelte bakvendtnavna best kunne forstås. Det blei en artikkel ut av det (Wiggen 2010). De nærmeste ukene etter at den var publisert (i SAS, *Studia anthroponymica Scandinavica*), fikk jeg interesserte tilbakemeldinger fra flere lesere som dels stilte relevante spørsmål om språklig reversering av navn o.a., dels opplyste om egne erfaringer med slik reversering, eller som opplyste om reverserte navn som ikke var omtalte i SAS-artikkelen min. Det dreier seg ikke om veldig mye nytt, men likevel om slik kunnskap og refleksjon som med fordel burde være tilgjengelig i den samla kunnskapsbasen om bakvendte navn i tillegg til det jeg alt har publisert. Derfor dette vesle tillegg til SAS-artikkelen min.

I SAS-artikkelen tar jeg utgangspunkt i det enestående familienavnet *Nosslin* i Sverige, som er *Nilsson* snudd bak-fram. Et detaljert studium av familie- og sosialhistoria til det bakvendtnavnet peker i retning av at bakvendinga kan forstås som et språksosialt «spark» oppover, slik folkelig bakvendtsnakking reint allment er det (godt belagt og analysert i sosiolingvistisk faglitteratur, for eksempel parisisk *verlan* og mandalsk *smoi*; se nedafor). Et oversyn over så mange tilsvarende bakvendtforma personnavn i Skandinavia som mulig – de er

likevel ikke mange! – gir flere eksempel på ei slik språksosial drivkraft. Samtidig kan noen bakvendt navn, liksom enkelte anagrammatiske (anagram er omstokking av orddele, men ikke full reversering), opplagt være drevet av allmennmenneskelig lekenhet og språklig formingsglede; og jeg finner grunn til ikke å avvise kulturhistorisk traderte magiforestillinger om forholdet mellom ord (in casu: navn) og virkelighet. Jeg har kunnet belegge bakvending av eksisterende familienavn for å skape nye familienavn, liksom av eksisterende fornavn for å skape både nye fornavn og nye familienavn. Nye stedsnavn er også kommet til som bakvending av eksisterende familienavn. De fleste navnebakvendinger er 1800-tallsfenomen, men de forekommer også på 1900-tallet, og ordlagingsmåten er tydeligvis ennå produktiv.

I SAS-artikkelen min nevner jeg bare kort bakvendte og anagrammatiske kunstnernavn og fiktive navn i skjønnlitteratur. Det siste fenomenet er et hovedpoeng i den artikkelen jeg legger fram her. Men først tar jeg opp et spørsmål om bakvending av navn krever lese- og skriveferdighet, og jeg kan legge til noen få nye eksempel på navnebakvending.

### **Lese-/skriveferdighet ei forutsetning?**

Fra Norwich, England, sendte den emeriterte sosiolingvistikk-professoren Peter Trudgill meg en kommentar 13. november 2010 som viser at kunnskap om bakvendte personnavn ikke har vært inkludert i det fagområdets kunnskap om og beskrivelser av bakvending i generell språkbruk, såkalt *back-slang*, og han spør: «Do you suppose that reversing names presupposes literacy?»

Jeg har grunna på det. Om en tenker på omsnuinga av personnavna *Ekenstam* og *Flodin* til nybygger-stedsnavna *Matsneke* og *Nidolf* i Västerbotten midt på 1800-tallet, kan det være grunn til å anta at den ikke nødvendigvis har vært skriftspråklig basert. De nye stedsnavna er konsipert av det nybygger-proletariatet som rydda skogen i de aktuelle områda og sleit seg til et nødtøftig livs-utkomme der, og de lar seg mest adekvat forstå som sosiale spark oppover mot de øvrighetspersonene som bærer av de aktuelle personnavna var, fordi de gikk imot etableringa av disse nybyggersamfunna. Midt på 1800-tallet var leseferdighet ganske vidt utbredt i alle de skandinaviske landa, i alle fall i betydninga lesing av kjent (i regelen religiøs) tekst i sammenheng med konfirmasjonen i Danmark-Norge og såkalte «husförhör» for tilsvarende formål i Sverige, men allmenn skriveferdighet var det ikke, heller ikke i Sverige: «[...] i Sverige øker skriveferdigheten særlig raskt fra omkring 1850 og videre utover i hundreåret til den nærmest blir allment utbredt ved overgangen til vårt eget hundreår» (Vannebo 1984:185; jf. Johansson 1977:64). Utviklinga av skriveferdighet var, i motsetning til leseferdighetsutviklinga, sterkt knytt til gjennombruddstida for det moderne, industrialiserte samfunnet (Vannebo op.cit. 187). Både tidspunk-

tet og den sosiale konteksten (primærnæring) for de aktuelle västerbotniske nybrottssamfunna med bakvendte personnavn som nyskapte stedsnavn må mao. kunne forstås på en bakgrunn av utbredt allmenn leseferdighet, men ikke allmenn skriveferdighet. Den reelle skriftspråksferdigheta respektive analfabetismen hos de voksne personene det gjaldt i *Matsneke* og *Nidolf*, er derimot ukjent for meg.

En bestemt utviklingsfase som skriftspråksutviklinga i individets så vel som i menneskeslektas historie deler, kan imidlertid framføres som argument for at det kan være ei skriftspråklig forutsetning for også disse bakvendtnavna, d.e. det forholdet at *skriveretninga* ikke etableres som viktig i et tidlig stadium av skrivepraksisen. Skriveretninga kan like godt være loddrett oppover og nedover og vannrett fra høgre og fra venstre som i svinger og sløyfer etter skrivematerialets og -kontekstens egenart. I språksamfunnas utvikling kan dette skriftspråklige retningsmangfoldet tilmed stereotyperes på mange av disse retningsulike praksisene i tidlige utviklingsstadier. Historisk kjenner vi det for eksempel som såkalt bustrofedon i runeinnskrifter i vår del av verden og i gammelgreske innskrifter: linjene går skiftevis fra venstre mot høgre og omvendt. I samtida er det bare å se til sørøstasiatisk og hebraisk praksis for å finne andre retningskonvensjoner enn dem vi kjenner i vesteuropeisk tradisjon. Kan en tenke seg en tilsvarende mental åpenhet for varierende skrifttegnretning i navnebakvendingsammenheng i skandinavisk 1800-tall?

Når dette argumentet først er framført og det avsluttende spørsmålet stilt, vil jeg for min del si at jeg finner det lite aktuelt. Jeg kjenner ikke til noe navn som er onomastikkfaglig forklart slik. Rett nok hevder lokalhistorieforfatteren Leif Gjerland i ei bok om navn i Oslo at stedsnavnet *Volvat* blei skapt til fortrengsel for det tidligere løkkenavnet *Granbakken* da apotekeren Harald Conrad Thaulow kjøpte eiendommen i 1866, ved at Thaulows yngste sønn (d.e. Herman, bror av maleren Frits Thaulow) skreiv det danske bynavnet *Tavlov* baklengs (Gjerland 2008:11). Han skriver at jyske Tavlov var byen faren kom fra. Men by-opplysninga stemmer ikke, og påstanden om barnlig bakvendtskriving er usannsynlig, som også direktøren for Oslo bymuseum, Lars Roede, gjør oppmerksom på i et motlegg til Gjerland etter en nyttigivelse av Gjerlands *Volvat*-artikkel i ei norsk avis på nyåret 2011 (Roede 2011). Om byen Tavlovs plass i Thaulow-familiens historie er det å si at apotekersønnen far var fra Kristiansand, men fikk et embete som amtsforvalter i Aabenraa, langt sør for Tavlov. Det var en langt tidligere stamfar, Henrik Sørensen (ca. 1600–1632), som var sokneprest i Tavlov og tok det bynavnet som familienavn, og familien kom til Norge med en av hans sønnesønner i siste del av 1600-tallet (Henriksen 1998:380 f.). Jeg har sjøl spurt Gjerland om hva han har for kjelde til opplysninga si om apotekersønnens barnlige speilvending av bynavnet, men han kunne pr. januar

2011 ikke huske det eller finne det i sitt omfattende klipparkiv (e-brev 26. januar 2011). Opplysninga virker lite sannsynlig. Hadde den hatt noe for seg, måtte gutten ha vært i et ganske tidlig stadium av skriveferdighetsutviklinga si, i alle fall i førskolealderen, og da ville det også ha vært en lydrett gjengivelse av familienavnets uttaleform (jf. Wiggen 2010:121), ikke den danske byens skriftform, som hadde vært spelvendt. I den spelvendingsprosessen ville for øvrig ikke bare grafemrekka, men også den enkelte bokstaven ha vært spelvendt, slik det i regelen er i barnlig høgre-mot-venstre-skriving på det utviklingsstadiet. Dèt måtte i så fall ikke ha kommet i vegen for en åpensinnet aksept av bakvendtnavnet hos faren. Men unge Henrik Thaulow var født i 1853 (Roede 2011) og var altså hele 13 år i 1866, da navnet *Volvat* blei skapt. Da hadde han også fått effektiv skriveopplæring fra skolestarten av i Christiania, enten den var privat eller offentlig (etter almueskoleloven av 1860).

At forutsetningene er til stede hos enkeltpersoner, om enn individuelt varierende, til å praktisere talespråklig bakvending i alminnelig språkbruk, kjenner vi, som nevnt, fra utbredt barnespråklig retningsmanipulering av navn, men også hos voksne, som i parisisk *verlan*, mandalsk *smoi* og *back-slang* mer generelt (se omtale og referanser i Wiggen 2010:110, 114, 122). Den emeriterte NTNU-fonetikeren Arne Kjell Foldvik skriver i en kommentar 22. november 2010 at navnespelvendinga jeg skriver om i SAS, «minner meg om ei ung dame fra Orkdal som jeg fikk sjanse til å 'teste' på direkten på NRK Trøndelag for en god del år siden. Hun kunne si ord spelvendt på sparken. Jeg prøvde henne på lange ord også. Dessuten hadde jeg med noen spelvendte ord som hun sa som rettvendte ord lynraskt.»

Inntil videre trur jeg vi må kunne forestille oss at bakvending av navn for å skape nye navn kan oppstå både med og uten tilknytning til hvert språks skriftbilde, enda skriftspråksrelasjonen er riktig tydelig i mange av de tilfella jeg har funnet fram til, og på mange språklige nivå (både segmentalt og suprasegmentalt fonologisk, morfologisk og på stavingsnivå). Kanskje kan det finnes etnolingvistiske framstillinger av navnebakvending som kan kaste lys over praksis i helt analfabete språksamfunn?

I en artikkel i *Aftenposten* 2. januar 2011 skriver Kjell Dragnes (2011), en av den avisas redaktører, at palindrom-danning fins i alle språkkulturer. Termen palindrom dekker dels ord som forblir de samme enten de sies/leses forlengs eller baklengs (*Anna, Otto*), dels ord som gir mening enten de sies/leses forlengs eller baklengs (*Roma – Amor, ave – Eva, nos – son*). Dragnes lurer på om palindrom-lekenhet kan ha en genetisk forutsetning: «Og det beste eksempelet på at det kanskje er noe genetisk i mennesket som får oss til å gjøre det [d.e. more seg med å lage palindromer], er selve arvestoffet DNA, der er det også palindromstrukturer.» Argumentet er besnærende, men likevel dunkelt for

meg, må jeg vedgå, enten det er min egen mangelfulle genetikk-kunnskap eller et tvilsomt samband mellom språkbruk og elementstrukturen i DNA som skygger.

### Ny empiri

Noen av merknadene jeg har fått til SAS-artikkelen min, supplerer bakvendtnavna jeg har beskrevet, og/eller kommer opp med flere tilfeller av slike jeg nevner.

Om det siste forteller første forskningsarkivarie Claes Börje Hagervall ved Dialekt-, ortnamns- og folkminnesarkivet i Umeå (DAUM) i et kommentarbrev 25. november 2010. Der nevner han dels et nyere tilfelle av mannsfornavnet *Edor*, som Adolf Noreen (1903:124) mener er danna ved bakvending av etternavnet til (biskop) *Rohde*. Det var en oberstløytnant i Umeå på 1960-tallet som het *Edor Hjukström*. I dét bakvendtnavnet er det for øvrig – med referanse til spørsmålet som er drøfta ovafor – fonemrekka, ikke grafemrekka, som er omsnudd. Dels forteller Hagervall at *Aldor*, den svenske parallellen til det nordnordske *Eldor*, som er utgangspunkt for bakvendtnavnet *Rodle* i Troms og Finnmark, ennå bæres av en gammel dansebandsleder i Umeå, nå over 80 år gammel: *Aldor Östman*.

Et bakvendtnavn jeg ikke nevner i artikkelen min, er et Hagervall nevner etter den sentrale svenske navnegranskeren Roland Otterbjörk: «Slutligen kan jag tillägga att min salig vän och kollega Roland Otterbjörk berättade för mig om en person som hetter *Susej*, alltså *Jesus* baklänges.» Det må høre heime i samme kategori bakvending av navn som uttrykker avstand til det opphavelige navnet eller, helst, navnebæreren og det vedkommende representerer eller konnoterer for bakvenderen, som jeg gir andre eksempel på i min SaS-artikkel (Wiggen 2010:114).

### Anagram og bakvendtnavn i litterære sammenhenger

I SAS-artikkelen min nevner jeg også anagram og bakvending av personnavn i skjønnlitterære sammenhenger (Wiggen 2010:113, 122), men uten å gjøre noe eget, enn si grundig, studium av det navnebruksfeltet. Det er opplagt et omfattende felt, som jeg mener fortjener et særskilt studium. Det kan vise seg å være stoff nok i et slikt studium til hele avhandlinger innafor disiplinen litterær onomastikk. I den *Aftenposten*-artikkelen om palindromer som jeg har nevnt ovafor, gjør forfatteren, Kjell Dragnes (2011), et poeng av at «[k]unstnere og musikere fra Mozart til ABBA (også palindrom) har moret seg med å lage palindromer», og han nevner som litteratur-eksempel Roald Dahls barnebok *Esio Trot*, d.e. *Tortoise* ('skilpadde') baklengs. Et eldre norsk eksempel kunne være Edle Hartmann Schjødt (psevd. Sfinx), som i ei av bøkene sine lar ei

sosialt oppadstrebbende dame fra Grünerløkka i Kristiania ved forrige hundre-årsskifte ta etternavnet *Neslo* ved å vende bak-fram på sitt opphavelige familie-navn *Olsen* (Sfinx 1905:34). Sfinx var kjent for sitt nesten omsynsløst kritiske vidd mot allslags snobberi, og kanskje skal den litterære figuren *Neslo* være et pek til Kristiania-grossisten *Nielsen* som ved samme hundreårsskifte snudde sitt etternavn til *Neslein* (Wiggen 2010:112)? Her skal jeg legge til et par andre som lesere av SaS-artikkelen min har tatt opp:

Bertil Nosslin, den emeriterte medisin-professoren i Lund hvis etternavn gav støtet til min egen interesse for bakvendtnavn, har i en telefonsamtale 8. januar 2011 supplert de opplysningene han tidligere har gitt meg om familienavnet sitt, og som er utførlig beskrevet og drøfta i SAS-artikkelen min (Wiggen 2010:107–112), med å fortelle om en svensk forfatter i Borlänge, Anne Nilsson, som nylig har villet bakvende etternavnet sitt (til Nosslin), men fått det avvist fra det svenske Patent- og registreringsverket (PRV) under henvisning til at Bertil Nosslin er eneste bærer av det navnet. (I den forbindelsen er det kanskje av interesse at Bertil Nosslins kone og datter, som bærer dobbeltnavna Hultén-Nosslin resp. Nosslin-Kyle, ikke blir rekna av PRV som bærere av Nosslin-navnet, bare Bertil Nosslin sjøl.) Er det faktisk slik Kjell Dragnes skriver (se forrige avsnitt), at kunstnere har større hang enn andre til palindrom-danning av navna sine, også utafor fiktive, kunstneriske kontekster?

Anagrammatisk omdanning av navn finnes i andre intellektuelle sammenhenger enn kunstneriske òg: Benthe Kolberg Jansson, førstelektor i nordisk-didaktikk ved Høgskolen i Østfold, viser i et kommentarbrev 17. november 2010 til en polemikk mellom Galileo Galilei og jesuittpateren Orazio Grassi, slik den er gjengitt i ei faglitterær bok (biografi) av den primært skjønnlitterære forfatteren Atle Næss (2001): «Æresfølelsen var nemlig like velutviklet på de kanter. Orazio Grassi slo tilbake samme høst. Under det lett gjennomskuelige psevdonymet Lotario Sarsi publiserte han [...]» (op.cit. 140). [...] «Grassi fikk så munkeheten passet. Galileo [...] ironiserte lystig [...], for eksempel «den totalt ukjente person Lottario Sarsi» – feilstavingen av fornnavnet er kanskje et bevisst ordspill på verbet «lottare»: kjempe, bryte» (op.cit. 145).

### **Natraj K: et eksempel på kompleks navnebetydning i skjønnlitteratur**

Sjøl viser jeg i artikkelen min bl.a. til at forfatteren Kjartan Fløgstad i romanen *Det 7. klima. Salim Mahmood i Media Thule* (1986) gjør et poeng av at det norske forfatternavnet *Sivle* er ei bakvending av det amerikanske popstjerne-navnet *Elvis* (tematisert i et dikt av Ingvar Nistad alt i 1981; Wiggen 2010:122). I en merknad til meg 15. november 2010 peker Fløgstad også på romanfiguren *Natraj K*, «Salim Mahmoods gamle leikekamerat frå bakgatene i Peshawar», som opptrer i samme roman (Fløgstad 1986:203–205), men uten å kommentere

navnet nærmere. Flere litteraturvitere som har skrevet om denne Fløgstad-romanen og/eller om Fløgstads språkfilosofi, nevner Natraj K som forfatterens eget fornavn omsnudd (f.eks. Bjørkedal 1995:39; Ystanes 1997:67; Prestegård 2007:17, 67, 70), men slett ikke alle (f.eks. Kittang 1986; Linneberg 1994 [1987]; Gaasland 1989; Aasen 1998:14–15; unevnt vel å merke ikke nødvendigvis usett), og bare noen av dem som gjør det, reflekterer videre over navnets fler-tydige funksjon (f.eks. Ystanes 1997:67 og, især – etter Fløgstads egen tydelige vegvisning i 2003 (se nedafor) – Prestegård 2007:70). Natraj K kan godt tjene som eksempel på hvor mangetydig og tematisk sentralt sjøl et bakvendt navn som opptrer bare på noen få sider i en lang roman, kan være:

For det første er navne-bakvendinga helt i tråd med denslags språklig form-manipulering som preger mange av tekstene til Fløgstad, og som gjenspeiler arbeiderklasses tilknytning og -solidaritet; jf. den sosiale forankringa for *backslang*, som jeg beskriver nærmere i SAS-artikkelen min (Wiggen 2010:110, 114, 122). Sin egen sans for anagram og ordspill har Fløgstad eksplisitt gitt uttrykk for sjøl, også i tilknytning til romanen *Det 7. klima* (Fløgstad 1988:78). I den er det mange slags speil-, rygg- og opp-ned-vending, som i bokstavrekka GIR/RIG (Fløgstad 1986:31). Det omfatter også navn, som i leiken med kvinnenavna *Anna* og *Else* (Fløgstad 1986:306f.), som betyr det samme som appellativer på norsk resp. engelsk, men mangt annet (anna!) i ulike (språklige og andre) sammenhenger. Fløgstad nevner tilmed onomastikken eksplisitt, om enn som <onomatikk> og utlagt snevert som «den greina av lingvistikken som handlar om bruken av namn i litterære tekstar» (Fløgstad 1986:257; ubeviste lapsuser eller bevisste bidrag til defameringa av biografisjangeren?), og gir leseren et hint om å ha et våkent øye for navneformene og -bruken: «Nomen est omen» (loc.cit.). I forordet til romanen skriver Fløgstad (1986:9) dessuten: «For å komma inn i Salim Mahmoods liv må ein opna det bakfrå, lik ei arabisk bok. Samstundes må ein tolka livssoga hans framifrå, på vestleg vis. I summen av desse to uforeinlege handlingane ligg sanninga om Salim Mahmood.» Rolf Gaasland (1989:13 f.) forstår for sin del hovedpersonen navn (Salim Mahmood) som anagram av <Islam Mohamad> (loc.cit.), og da med denne iakttagelsen tilføyd (op.cit. 14): «Vi kan betrakte anagrammet som en rimelig økonomisk måte å overføre informasjon på; et minimum av lingvistisk materiale uttrykker et maksimum av differensierte betydninger [...]» Men navnet Natraj (K) går han ikke inn på, enda romanfiguren resp. Bazaar Natraj nevnes noen ganger (op.cit. 57, 70f., 81, 196).

Natraj K legemliggjør kapitalismen, både i dens forutsetning i reformert kristendom (Weber 1995), idet romanfiguren (en «indisk forretningsmann»; Fløgstad 1986:11) er oppdratt ved en reformert misjonsstasjon i Santal, og i dens verdensvide økonomiske ekspansjon og dominans, idet Natraj K blir



«hovudansvarleg for parkvesenet på alle Hesperider», d.e. alt land vestafor, gjennom sin industrielle produksjon av kunstige (sic) blomster og andre planter og handel med dem, men også på andre handels- og serviceområder. Ja, Natraj K blir ikke bare styreren av «det hesperidiske turistimperium» (op.cit. 347), men også «datator», d.e. leder av flere datatur (op.cit. 257, 297). Natraj K står for det motsatte av forfatterens verdipreferanser, liksom navnet er forfatterens eget snudd bak-fram. Øygunn Skodvin Prestegård (2007:17, note 11) understreker likevel at den klare referansen som romanfiguren Natraj K gir til romanforfatterens fornavn, ikke nødvendigvis må være ment å trekke Fløgstad sjøl inn i romanteksten.

Men jeg mener det gir mening å gjøre det. Det gjør jeg ikke bare på grunnlag av det forholdet mellom romanfigur og forfatter som jeg nevner i forrige avsnitt, men også fordi Natraj-navnet gir en annen assosiasjon enn den til forfatteren, d.e. gjennom sin plass i hinduistisk kulturtradisjon.

*Natraj* er et velkjent navn i India. Derfor er det så tilforlatelig som navn på en «leikekamerat frå bakgatene i Peshawar». Skjønt – om en skulle ta Fløgstads romanpersonskildring bokstavelig og for god fisk (men dét skal vi likevel ikke; se nedafor) – kanskje ikke fra Peshawar, som ligger i Pakistan og innafor den islamske kultursfæren i vår tid, enda den grensebyen ved Khyberpasset har ei buddhistisk fortid og tilmed hyser et hindutempel: *Natraj* er nemlig et av navna på den sentrale hindu-guden *Shiva*, verdensvidt kjent i si figurative framstilling som den dansende Shiva (*Natraj* < *Nataraj(a)* < /narta + rājan/ 'dansens herre'; jf. verb-rotvariantene /nr̥t-/ 'danse' resp. /nat/ 'danse', 'leike' i sanskrit (Whitney 1988:87, 92), der konsonantsambandet /-rt-/ er assimilert til én retrofleks plosiv, som i østnorsk, og sammensetninger med og avleiinger av de rotformene under oppslag på /nart-/ 'dans-' hos Böhlingk (1928:227, 1. sp.) og Monier-Williams (2006:529, 3. sp.)). *Natraj* forekommer i ei rekke sammenhenger i indisk/hinduistisk navnesetting, også som navn på indiskrøtte institusjoner og firma i det offentlige rommet i Norge. For eksempel har restauranten *Natraj Tandoori* ligget flere tiår i Bygdøy allé i Oslo. Slik opptrer det også i Fløgstads roman i bedriftnavna *Bazaar Natraj* resp. *Pieles Natraj*, begge *Sta. Cruz* (Fløgstad 1986:31, 271).

Lærd som Kjartan Fløgstad er, har han opplagt kjent til *Natraj*-navnet i dets indiske/hinduistiske kontekst (se nedafor) og kamouflert sitt eget bakvendte fornavn ekstra elegant i dets høgfrekvente indiske bruk. Viktigere er det at han både ved å knytte *Natraj*-navnet til en romanfigur i den pakistanske byen Peshawar og ved å knytte det til en kapitalisme-representant som Natraj K, kan gi den opplyste leseren et hint om ei religiøs-kulturell malplassering og dermed om at navnet skjuler mer enn det utgir seg for. Og slik blir romanfiguren Natraj K gjennom sitt navn også en syrlig kommentar til den biografiske sjangeren,

som *Det 7. klima* er en parodi over: «I symbolske omgivnader som med voldsom kraft fragmenterer individet, gjer det eg-laust og utan sentrum, harsellerer boka med førestillinga om det samanhengande og individuelle livsløpet, med idéen om at det finst eit individ som ennå i dag når fram til lagnaden med sine egne drifter og kjensler. Formelt skjer dette i boka ved genreoppløysing og ved samanstilling av mange slags genrar og skrivemåtar: tiraden, ramaskriket, pastisjen, sitasjen, pamfletten, materialsamlinga og persiflasjen, for å nemna nokre av dei som står mitt hjarta nær. Plus [sic] ordspel, anagram, hypogram, sjølvbio-grafiske stenogram ved offentlighetens yttarste grenser» (Fløgstad 1988:78).

Romanfigurens framtoning framstår som et ironisk vrengebilde, ikke bare i forhold til forfatterens egen verdiposisjon, men også til hindukulturens. For den hinduistiske *Natraj* representerer alt annet enn det romanfiguren Natraj K står for: Som *Natraj* danser Shiva på en figur (en demon i form av en ondsinnet dverg) som representerer åndelig uvitenhet, og Natraj vil med sin dans ødelegge det nedslitte og nedslitende, åndløse universet for å forberede Brahmas nyskaping av tilværet. Både Ystanes (1997:67) og Prestegård (2007:70) nevner dette, slik det ellers går fram av allmenne framstillinger av Shiva som danser (f.eks. Jansen 1993:111).

Fløgstad har visselig tenkt dét aspektet inn i *Natraj*-figuren sin òg – og samtidig seg sjøl, forfatteren gjømt subversivt i *Natraj K* som bakvendt navn, som skaper av det litterære universet romanen hans er, med all sin kritikk av den faktiske verdenen romanen er skrevet inn i og opp mot. Den verdenen er nå oppfatta som medieskapt og -styrt: «Med *Det 7. Klima* [sic] og essaysamlinga *Tyrannosaurus Text* innleier Fløgstad ein ny fase i forfattarskapen. Han går frå utforskning av det moderne industrisamfunnet der arbeidet er styrande prinsipp, til utforskning av det postmoderne mediesamfunnet med informasjon som styrande prinsipp. Dette er eit samfunn som er gjennomsemantisert av informasjonsflaumen frå media, der kulturindustrien har teke over for industrikulturen» (Aasen 1998:14–15). Som Atle Kittang (1986:20), professor i litteraturvitenskap i Bergen, har framheva: Når alt er blitt tekst, får det følger for politisk handling, formulert slik av romanfiguren Klaus Rieding: «Poenget i mediasamfunnet ser ut til å vera at før vi kan rekonstruera fornufta, må vi dekonstruera teksten. Den må øydeleggast innanfrå, spaltast opp fonem for fonem, musem for musem, proton for nøytron, til vi står att med eit knippe språklydar utan særlege eigenskapar, utan dei lange ideologiske skuggane til orda bak seg» (Fløgstad 1986:175). I dette ser vi en parallell til *Shiva Natraj*, ødeleggeren og gjenføderen, som danser åndssløvheta til støv som forutsetning for ny oppbygging av tilværet.

Om *Natraj* skriver Ananda Coomaraswamy (1918:65) oppsummerende i en stadig gjenutgitt analyse av Shivas dans at «the Purpose of his Dance is to

Release the Countless souls of men from the Snare of Illusion». Kan ikke Kjartan Fløgstad med den aktuelle romanen også ha villet bidra til noe av det samme? I ei nyere bok (Fløgstad 2003) som han sjøl kaller et litterært forsøk på tropisk reisekunst (og eksplisitt ikke ei fagbok, arkitekturlærebok, guide eller handbok; op.cit. 7), belyser han mangt i sin egen livsreise med utgangspunkt i hotell han (med få unntak) har bodd på i Afrika og Asia. Der får refleksjoner knytt til India og indiske hotell flere sider enn noe annet asiatiske og afrikanske land og hotell han er innom, og i kapitlet om Imperial Hotel, New Dehli, skriver han: «Når ein reiser i den store verda, reiser ein også for å læra sin eigen geografi å kjenna. Skrive baklengs blir namnet mitt Natraj (K), ein mannleg gud for dans i hinduismen. Kanskje blir eg tempeldansar i mitt neste liv?» (op.cit. 68). Som vi har sett (ovafor) av etymologien til det indiske gudenavnets første ledd, inngår det et aspekt av leik i den aktuelle dansen. Romanen *Det 7. klima* er så full av burlesk, konvensjonsoverskridende og opp-/nedbrytende ordleik og språk(bruks)dans at forfatteren må sies å være i gang med øvelser til et slikt liv.

Jeg rekner ikke med å ha uttømt meninga med romanfigur-navnet Natraj K med avsnitta over, men håper likevel at dette Fløgstad-eksempel kan illustrere hvor mye mening som kan leses ut av bakvendte (og anagrammatiske) personnavn i skjønnlitterære sammenhenger, både til filologisk analyse og allmenn leseglede. At litteraturprofessoren Arild Linneberg (Universitetet i Bergen) ikke kommenterer Fløgstads Natraj K i sin kritiske omtale av resepsjonen *Det 7. klima* fikk etter utgivelsen (Linneberg 1994), hindrer han ikke i å vise til *Arnold Negnaf*, «oversetter fra russisk av et brev til Sverre Tusvik, datert «Midnatt i Moskva, den 1. november 1929» (op.cit. 52), med ei notetilvisning til ei bokmelding av Negnaf annetsteds (Negnaf 1986). Forfatteren Ronald Fangen døde i 1946. Det er nok for litteratur-onomaster å studere!

## Sluttord

I denne artikkelen har jeg særlig fokusert på studium av anagrammatiske og helt reverserte navnedanninger i skjønnlitterær sammenheng. Litterær onomastikk er ei etablert grein av allmenn navnegranskning. Litteraturhistoriografisk har den jamt vist seg som innslag i mer allmenne litteraturanalyser. I nyere tid har den også gitt seg utslag i separate avhandlinger. Med Fløgstad-eksempel ovafor har jeg villet vise hvor mye mening som kan leses ut av anagrammatiske og reverserte navneformer spesielt. Studium av dem må vi vel kunne si har vært marginale til nå?

Men den overordna tematikken min er bakvendte og anagrammatiske navn generelt, og jeg har kunnet legge noen nye eksempel til dem jeg har lagt fram tidligere. Framfor alt har studiet av slike navn noe å bidra med til det allmenne studiet av samgangen mellom språk og samfunn, liksom av menneskelig form-

lekenhet i seg sjøl. Refleksjon over drivkreftene bak en så radikal navnedanningstype som full eller delvis form-reversering er, kan bidra til både samfunns- og menneskeforståinga vår.

## Tilvisinger

- Bjørkedal, R. 1995. «Sannhet med modifikasjonar.» Kritikklinjer i Kjartan Fløgstad sin roman *Det 7. klima*. Hovudfagsavhandling. Trondheim.
- Böhrtlingk, O. 1928. Nachträge zum Sanskrit-Wörterbuch in kürzerer Fassung von Otto Böhrtlingk bearbeitet von Richard Schmidt. Leipzig.
- Coomaraswamy, A. 1918 [1915]. The Dance of Śiva. I *ibid.*: The Dance of Śiva. Fourteen Indian Essays. New York, 56–66.
- Dragnes, K. 2011. Pass på palindromåret. *Aftenposten, Kultur*, 2. januar 2011, 2.
- Fløgstad, K. 1986. *Det 7. klima*. Salim Mahmood i Media Thule. Oslo.
- Fløgstad, K. 1988. *Tyrannosaurus Text*. Oslo.
- Fløgstad, K. 2003. *Hotel Tropical*. Nettetenes fedreland. Oslo.
- Gjerland, L. 2008. Volvat – rett og slett en skrivefeil. I *ibid.*: Navn i Oslo. Hvorfor heter det det det heter? Oslo 11. Trykt opp i *Aften* 25. januar 2011, 22.
- Gaasland, R. 1989. I Kjartans basar. En studie i Kjartan Fløgstads roman *Det 7. Klima*. Hovedfagsavhandling. Tromsø: Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø.
- Henriksen, P (hovedred.). 1998. *Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon*. 3. utgave, bind 14. Oslo.
- Jansen, E.R. 1993. *The Book of Hindu Imagery. The Gods and their Symbols*. Havelte, Holland.
- Johansson, E. 1977. *The History of Literacy in Sweden. In Comparison with some other countries*. Educational Reports Umeå No. 12. Umeå: Umeå University and Umeå School of Education.
- Kittang, A. 1986. Rekviem eller varemesse? Kjartan Fløgstads arktiske magiar. *Vinduet* 40: 3, 15–21.
- Linneberg, A. 1994 [1987]. *Det kritiske klima i Media Thule. Om mottagelsen av en norsk roman*. I *ibid.*: *Bastardforsøk*. Oslo, 48–66. [Orig. i *Samtiden* 96: 1, 69–82.]
- Monier-Williams, Sir M. 2006 [1899]. *Sanskrit – English Dictionary etymologically and philologically arranged with special reference to cognate Indo-European languages*. New edition, greatly enlarged and improved with the collaboration of E. Leumann, C. Cappeller and other scholars. New Dehli.
- Negnaf, A. 1986. Fra Voss til Vosges tur–retur — post-isme uten et pre? Jon Hellesnes: Den post-moderne anstalten. *Roman. Vinduet* 40: 4, 64–65.
- Nistad, I. 1981. elvis og sivle. (Dikt.) *Basar* 7: 1, 61.
- Noreen, A. 1903. Huru uppstå nya förnamn i våra dagar? I *ibid.*: *Spridda studier*. Andra samlingen. Stockholm, 106–125.
- Næss, A. 2001. *Da jorden stod stille. Galileo Galilei og hans tid*. Oslo.
- Prestegård, Ø.S. 2007. «Om relasjonane mellom ting.» *Hybriditet i Det 7. klima og Paradis på jord*. Mastergradsavhandling. Bergen.
- Roede, L. 2011. Volvat – et volvogram. *Aften* 1. februar 2011, 12.
- Sfinx. 1905. *Fra Vat'land til Homansbyen*. Kristiania.
- Vannebo, K.I. 1984. *En nasjon av skriveføre. Om utviklinga fram mot allmenn skriveferdighet på 1800-tallet*. Oslo-studier i språkvitenskap II. Oslo.

- Weber, M. 1995 [1905]. Den protestantiske etikk og kapitalismens ånd. Oslo. [Orig.: Die protestantische Ethik und der «Geist» des Kapitalismus. Archiv für Sozialwissenschaft und Sozialpolitik, 20. Band, 1-54 (I. Das Problem) & 21. Band, 1-110 (II. Die Berufsidee des asketischen Protestantismus). Tübingen.]
- Whitney, W.D. 1988 [1885]. The roots, verb-forms and primary derivations of the Sanskrit language. A supplement to his Sanskrit Grammar. Faksimile av Zellig S. Harris' nyutgave 1945 i American Oriental Series, Volume 30. New Haven, Connecticut. [Orig.: Leipzig, London.]
- Wiggen, G. 2010. Bakvendte personnavn. *Studia anthroponymica Scandinavica* 28, 107–130.
- Ystanes, O.E. 1997. Metafiksjon med holrom i språket. Ein analyse av Kjartan Fløgstads Det 7. klima. Hovudfagsavhandling. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Aasen, A.J. 1998. Skrift og blod, alfabet og terror. Kjartan Fløgstads språkfilosofi og Fimbul. Hovudfagsavhandling. Trondheim: Institutt for nordisk og litteraturvitenskap, NTNU.

# Nordheim og Nautan

*Av Ola Stemshaug*

*This article deals with the change in 1880 of the farm name Nautan/Nauten to Nordheim in the county of Tustna, Nordmøre. The main reason for this change was that the owners of Nautan wanted to get rid of what they thought was an abusive name Nautan/Nauten. Instead they wished to have a neutral name Nordheim, perhaps influenced from the Nordic name renaissance.*

*The old name Nautan is likely to be the original name of the big island Stabblandet, on which Nautan is situated. An island name \*Naut may be derived from the root \*neu-d- with the meaning 'grip, catch'. It is an ablaut form compared with the Old Norse island name Nyotar øy (1317), present-day Nøtterøy in Vestfold.*

I gamle Tustna kommune (før 1965 herad) på Nordmøre, no i Aure kommune, er det ein gard som i dag blir kalla *Nordheim*. Dette er gnr. 33 i Tustna herad. Rygh seier i Norske Gaardnavne at «Nordheim er et nylavet Navn, indført af Eieren ved thinglæst Erklæring. Gaardens virkelige Navn, Nautan, findes ikke andensteds» (NG XIII:457). Rygh drøftar ikkje namnet Nordheim, men her skal vi sjå på begge namna, både Nordheim og Nautan.

## **Nordheim**

Garden Nordheim ligg på øya Stabblandet nordaust i gamle Tustna kommune, inn for den vesle øya Solskjela – eller vel så vanleg i dagens talemåte Solskjelsøya etter gardsnamnet (sjå oversynskartet side 77). Det viser seg at garden offisielt skifta namn til Nordheim i 1880. I panteboka for Nordmøre finn vi for 3. mai 1880 følgjande innføring under overskrifta No 17 Navneforandring:

Underskrevne Andreas Fredriksen og Johannes Halvorsen som Eiere og Brugere af Gaardparterne Nauten henholdsvis Mt No 32 Lø No 126 af Skyld 4 o[rt], 15 s[killing], rev. 1 2 o[rt] 4 s[killing], Mt No 32 Lø No 127, af Skyld 4 o, 15 s, rev. 1 2 o 8 s erklære hermed at vi ønske Navnet paa vore nævnte Eiendomme forandret til Nordheim. Eiendommene ere beliggende i Tusterens Thinglag.

Nauten den 20 April 1880  
 Andreas Fredriksen Nauten mpp  
 Johannes Halvorsen Nauten mpp<sup>1</sup>

(Vi drøftar ikkje matrikkelnummerendinga frå 1838-matrikkelen til den nye matrikkelen.)

Her har vi ein type namneskifte frå seint 1800-tal og tidleg 1900-tal som er lite kjend og ikkje drøfta. Det har tydelegvis likevel vore nokre slike «sjølvtekt»-tilfelle. Slik skifta t.d. garden *Feten*, gnr. 157 i Volda kommune (NG XIII:83) i 1906 namn til Lauvstad (NSL:285) etter krav frå grunneigarane.<sup>2</sup> Og noko seinare fann brukaren på gnr. 9 *Fættan* på Tustna (NG XIII:454), uttala /fæːt:a/ i nemneforma og /fæːtːn/ i dativ, at han måtte skifte slektsnamn frå *Fættan* til *Utvik* for di «han hadde vore på militærteneste og nærmast vorte mobba pga. namnet».<sup>3</sup> Også diktaren A. O. Vinje får obskøne assosiasjonar ved dette frekvente nordafjelske namnet når han på Ferdaminne-ferda si i 1860 kjem til Åsen i Nord-Trøndelag:

Nørdst i Fjordenden ferer Vegen gjenom eit djupt, trongt Skard bergemil-lom med eit so folkelegt Navn, at det er vel ikki værdt at setja det paa Prent. Eg kjende mit Folk atter paa sine gode Likningar her og. Det er Gutar det, som ikki ganga langt etter sine Bilæti.<sup>4</sup>

Det er pussig at denne feiltolkinga av namnet *Fætta* (som etymologisk er til gno. *fit* f.) har så sterk rot mellom vanleg folk, for både vokalismen og tonelaget i namna er ulikt uttalen av ordet for det kvinnelege kjønnsorganet (vulva) som har leika i tanken på dei tilsynelatande noko puritanske karane. Men både ved *Fætta* og *Nautan* har folk sett det dei kan og vil sjå. Interessant er det òg å merke at dette ordet (*fitte* f.) er svært så stemoderleg behandla så seint som i NO i 1978 (bd. 2).


Ei bruksnummerending skjedde i Rissa i 1918. Da fekk den nye eigaren av gnr. 81, bnr. 4 Naust Østre (dvs. Østre Naust), i daglegtalet kalla Verket

1) Nordmøre pantebok 22:476.

2) Søre Sunnmøre pantebok Y:417.

3) E-brev frå Arnstein Brevik, Tustna, den 23. jan. 2011.

4) Vinje 1861:58.



Oversynskart over området ved Stablandet og Solskjela.

/vær'ke/ (det er snakk om eit teglverk), endra namnet til *Gimle*.<sup>5</sup> Gimle er som kjent namnet på eit apokalyptisk lovnadsland etter Ragnarok i den norrøne mytologien, og det er truleg at vi her har eit stadnamndøme på den nordiske

5) Fosen pantebok 45:476. Takk til Eilert Bjørkvik, Rissa, for opplysningar om Gimle.



namnerenessansen. Nokon god langtidseffekt hadde vel neppe dette bruksnamnet – Vidkun Quislings residens under den andre verdskrigen heitte jo Gimle.

Norrøn inspirasjon låg det nok òg bak da ein skifta namn på postopneriet Liavågen, gnr. 60 i Ulstein, til *Hjørungavåg* i 1897 på Sunnmøre. I 1920 får vi same namneskiftet ved dampskipsstoppestaden og etter kvart andre namn som skulekrins, fiskarlag osv.<sup>6</sup> Årsaka var sjølvsaugt at ein meinte Liavågen var staden der slaget i Hjørungavåg skulle ha stått, iflg. kjeldene kanskje i 986 – der Håkon Jarl, med god hjelp av trollkvinna Torgjerd Holgabrur, vann over jomsvikingane.

Når slike skifte av gards- og bruksnamn og andre namn i lokalsamfunna kunne skje med eit pennestrøk, så er det nok for di ein oppfatta det juridiske grunnlaget som usikkert og lovheimelen uklar. Slik var det i røynda heilt fram til vi fekk lov om stadnamn i 1990. Dei juridiske tilhøva i etterkrigstida har vore mykje åtgådde i vårt land, medan ein har ansa mindre på endringane i denne delen av namneverket rundt førre hundreårsskiftet.

Opptakten til denne namneendringa frå *Nauten/Nautan* til Nordheim vart eigentleg gjort seinhaustes i 1879, og det var eigaren av bruket Sørgarden, Johannes Halvorsen, som melde frå til sorenskriver Elster om at han ville ta i bruk det nye namnet *Nordheim*. Seinare slutta den andre brukaren, Andreas Fredriksen, seg til (Fugelsøy 1956:214). Men det gjekk innpå tjuve år før *Nauten*-namnet kom heilt bort seier bygdebokforfattar Mauritz Fugelsøy. «Båe namna vart brukt om ein annan, då helst av eldre folk som hadde vore vant til å bruke det [dvs. Nautan]» (Fugelsøy loc.cit.).

Når eigarane av *Nauten/Nautan* fann det naudsynt å endre gardsnamnet til *Nordheim* i 1880, så kom det sikkert av dei konnotasjonane som *Nautan* hadde. Under oppveksten min i grannekommunen Aure rundt 1950 var ordet *naut* n. kjent, men reint litterært i hovudtydinga 'storfe, krøtter'. Det vart i aktiv språkbruk berre nytta som skjellsord, og slett ikkje som noko frekvent slikt «stygg-ord» heller. Liknande tilhøve skal det ha vore på Tustna, har eg fått opplyst.<sup>7</sup> Dette er da ei typisk retrettstilling for ord som er på veg ut av språket. Ei anna retrettstilling er at forekomsten kan bli avgrensa til samansetningar. Slik er det med det epeksegetiske *naukrøtter* som vi finn som oppslagsord i Trønderordboka (TO 2002). Det er først og fremst på Indre Nordmøre der denne samansetninga har overlevd; eg kjenner ho ikkje frå mine heimetrakter på kysten. – Eg vil da alt i alt tru at det er denne pejorative bruken av substantivet *naut* som har gjort at ein har funne det naudsynt å skifte gardsnamnet frå *Nauten/Nautan* til *Nordheim*.

6) Ottesen (2010:95).

7) E-brev frå Arnstein Brevik 23. jan. 2011..

Men kvifor skulle ein velje *Nordheim*? Namnet verkar svært avstikkande med uttalen /no:r'heim/. Også i Aure, som har uttalen /no: t/ < gno. *norð(r)* adv., seier ein /no:r/- i gardsnamnet, og det er min eigen uttale frå barnsbein av.<sup>8</sup> Også etterleddet *-heim* har ein nyvoren uttale, med diftong etter etymologien og skriftspråket – i 1880 rett nok berre i landsmålet. Den vanlege forma på *heim*-namna i trøndersk er *-em*, eventuelt med tillagt maskulinumartikkel i talemålet, som *Heggemen* i Halså eller *Dalemen* i Hemne. Ein kan såleis trygt slå fast at *Nordheim* må vera eit nylaga namn i 1880.

Grannegarden til *Nordheim* er *Solem*, eit sikkert *-heim*-namn, med uttalen /søf'emm/ i NG. Den korrekte uttalen er likevel /sø `tøm/, oftast òg med tillagt artikkel. Førsteleddet er sundnamnet \**Soli*, og gardsnamnet har fått ein jamvektsuttale, slik som eg tidlegare har vist (Stemshaug 1972). Det er altså ikkje snakk om dei sjablongaktige *Solheim*-ane her. I 1838-matrikkelen er skrivemåten «*Soleim* (*Solheim*)» for namnet på Stabblandet. Namneforma her er heilt sikkert får etter den etymologiglade Gerhard Munthe som hadde ansvaret med å utarbeide denne matrikkelutgåva (jf. Stemshaug 1985:26 f.). Alle dei tre *Solheim*-ane på Nordmøre har i 1838-matrikkelen fått same innføringa, altså med diftong og «full form» i parentes. Somme gonger kan matrikkelforma vera utan tilføydd parentes i *heim*-namna, slik står det t. d. *Hægeim* i Halså (dvs. *Heggem*), men *Hægeim* (*Hægheim*) i Øre. Berre ein gong finn vi ei form utan diftong, slik *Bergem* (*Bergheim*) i Tingvoll, og det må vel helst vera ein prentefeil. Det var altså former med diftong og etymologisk «fulle former» i parentes folk på Nordmøre måtte halde seg til rundt 1880. Slik sett er det forståeleg at ein ville ha etterleddet *-heim* i eit nylaga namn. – Elles er ikkje Gerhard Munthe snau når han strør om seg med *heim*-namn på Nordmøre. Såleis finn vi i 1838-matrikkelen både *Helgeimssæt* (for *Helgonset*) og *Landseim* (for *Landsemn*) i Rindalen, der det i begge tilfella ikkje er snakk om noko *heim*-namn.

Også førsteleddet *Nord-* er greitt når ein først skal ha eit nytt namn på Nautan, og det skulle ende på *-heim*. Med mønster frå grannegarden *Soleim* (*Solheim*) i sørvest kunne dette fortone seg som eit naturleg val. *Nordheim* ligg i aust-nordaustleg retning frå *Solem*. På kyststrekninga her, frå Kristiansund til fylkesgrensa aust i Stemshaug gamle herad, vart retninga aust alltid nemnt som nord – eit utslag av den kaledonske fjellkjedeforminga om ein vil. Dette er vel den rimelegaste forklaringa, men det kan vel òg ha vore ei medverkande årsak at eitt av bruka på Nauten/Nautan vart kalla *Nordigarden*.

Men så er det òg eit spørsmål om kvifor dette namneskiftet frå *Nauten/Nautan* til *Nordheim* skjedde akkurat i 1880. Det kan vi nok ikkje svara heilt

8) Dette namnet vart ofte nemnt i barndomsheimen min, for far min hadde ein kjenning (Bernhard Solem) som budde på *Nordheim*.

sikkert på, men det er mykje som talar for at hendingane i samtida opna for slike tankar. Den eine av underskrivarane, Andreas Fredriksen Nauten, var opphavleg ein Andreas Fredriksen Solskjel, f. 1828, altså frå Solskjelsøya rett over sundet (Fugelsøy op. cit.:228, Roaldset 1986:177). Han kjøpte bruket Nordigarden på Nauten i 1863. Og sjølv om Andreas knapt høyrde til nokon litterær elite, han greidde ikkje ein gong å skrive sitt eige namn og er blinka ut med *mpp* ('med paaholden Pen') i søknaden om namneendring, så må han nok ha vore orientert om den historiske heimstaden sin.

I 1870-åra kjem nemleg Solskjela i eit sterkt historisk fokus, både nasjonalt og lokalt. Historikarane meinte den gongen feilaktig at Noregs samling vart fullført i 872, og rundt tusenårsjubileet og seinare utover i 1870-åra var det mykje omtale i avisene om rikssamlinga. Det vart gjeve ut fleire bøker om dette emnet, og kristiansundsavisa Romsdalsposten hadde jamt fyldige litteraturoversyn om haustane. På førstesida!

Det var stor ståhei rundt dei stadene der Harald Hårfagre hadde halde avgjerande slag under rikssamlinga. Solskjela var ein slik stad. Her hadde Harald ifølgje Snorres Kringla heimsins halde slag og vunne over småkongane på Møre og i Romsdalen (ÍF XXVI:103). Og i 1878 var det arkeologisk registrering av ei mengd med bronsealders gravrøyser på og ved Solskjela (Fugelsøy 1956:49 f.). Slik låg det kanskje i tida at ein burde skifte ut «skjellsordet» *Nauten/Nautan* med eit meir gangbart, nasjonalt namn. Sia begge grunneigarane dokumenterer at dei ikkje er mellom dei mest skriftlærde, så kan dei ha fått hjelp av godt nasjonalt sinna personar og som har merka straumdraga frå den nordiske namnerenessansen.

Mot slutten av 1800-talet ser òg *Nordheim* ut til å ha vorte oppfatta som ein positiv samnemnar for norsk og nordisk mentalitet og identitet – utan at vi heilt kan fastsetje starttidspunktet. Men mykje av innhaldet i «Nordheim» finn vi t.d. i Olav Aukrusts dikt *Emne i Hamar i Hellom* (1926):

Nordheims ljuve krefter alle  
 tyktest kviskre, mane, kalle:  
*Burt* med framand rekarved!  
*Sjølv* hev Norig emnesved!  
 Sjølv hev Norig i det dulde,  
 emne som ein ikkje skulde  
 tru gav eigarfolket fred.

Nasjonalskalden Bjørnstjerne Bjørnson snakkar i 1870-åra om «nordfolket» i sterkt positiv meining. Meir uvisst er det om forstavinga *nor* kan ha verka inn. Utover 1900-talet, og særleg i siste halvta av det, blir dette føreleddet svært så

frekvent. Det er det enno, med døme som salsfremjande produktamn *Nor-pulken* frå 1960-åra, og fram til *Norvarg*, eit gassfelt i Barentshavet frå 2011. Også landsnamnet *Norge/Noreg* har vore eit godt produktamn. Men dette er lite og inkje undersøkt.

Akkurat i 1860- og 70-åra kjem elles den pejorative bruken av *naut* n. og *nauta* v. godt til syne i somme nasjonale skrifter. Ikkje berre Ivar Aasen har med denne bruken i nytgåva av ordboka si i 1873, men òg den nautenatur-studerande Aasmund Olavsson Vinje fann på å understreke skjellsordbruken i kommentaren «'Du er eit Naut', segjer folk, og det verdt kallad eit Skjellsord.»<sup>9</sup>

Men også andre ting gjorde at både garden og namneforma *Nauten/Nautan* vart omtala i 1870-åra, både skriftleg og munnleg. Midt på 1870-talet var det nemleg utskifting på innmarka mellom dei to bruka på garden (Roaldset 1986:171 f.), så det gamle gardsnamnet måtte stadig bli nemnt på denne tida, både skriftleg og munnleg. Da måtte ein òg ta stilling til ei skriftform som ikkje var i samsvar med talemålet. Slik kan det nye namnet *Nordheim* òg tolkast som ei krysspressløyising. – Interessant er det at det nye namnet vart kjempa igjennom trass i at den daverande futen på Nordmøre, Elster, var sterkt imot namneendringa (Roaldset 1986:169).


Det er derimot lite som tyder på at framvoksteren av faste slektsnamn skal ha hatt noko å seie for namneskiftet til *Nordheim*. I 1870-åra var det patronymika som fungerte som slektsnamn eller avstammingsnamn på Tustna, som på resten av Nordmøre, gardsnamna var adressenamn. Annleis har det nok vore ei tid etter hundreårsskiftet for *Fætta/Fættan* sør på Tustna,

## Nautan

Gardsnamnet *Nauten/Nautan* finn vi første gong belagt ved midten av 1500-talet, og NG listar opp følgjande belegg: *Nøuthe* 1559 og 1590, *Nøutte* 1643, *Nøte* 1667 og *Nouten* 1723. I tillegg har Schøning (1910:93) *Nauten* (i genitiv) i 1773, og så har altså òg 1838-matrikkelen *Nauten*. Uttalen var etter NG */nauˈtan̩/* med dativ */nauˈtɑ̃/*, og dette er det ingen grunn til tvile på er rett. Rygh normerer i NG etter talemålet *Nautan*. I dag er uttalen av dette «historiske» namnet systemrett med monoftong */nvːˈtan̩ː/* hos dei eldre på Tustna, medan yngre har fonemsamanfall */v/ > /æ/* av vokalen i den trykksterke stavinga, altså til */næːˈtan̩ː/*.

I bygdeboka til Roaldset (1986:169) blir det referert ein tradisjon om at garden for låg der det no heiter *Nordheimssetra*, og da skulle han ha vore kalla *Lystad*. Slike segner om gilde gardar og store bygder i utmarka har vi mange av, jf. t.d.

9) (Vinje 1867:90) (i talen *Paa Fesjaa*).



Gardsgrensene på Stablandet.

den velkjende Storjorda i Hattfjelldal (eigentleg ei omlaging frå sørsamisk). Her drøftar vi ikkje dette.

Rygh (NG XIII:457) seier altså at namnet ikkje finst andre stader, og at «jeg kjender ikke noget andet Ord, hvormed det kunde sættes i Forbindelse, end n a u t n., Hornkvæg, som findes brugt i mange sms. Navne. Men usms. synes det lidet skikket til Navn.» Dette har Rygh heilt sikkert rett i. Men i eit seinare tillegg seier Rygh (op.cit. 473) «som en Gjetning» at det kanskje kan vera tale

om ei forkorting av eit opphavleg \*N a u t a t ú n som har vorte *Nauten*, «som saa senere kunde være misforstaaet, som om Endelsen var bestemt Artikkel, og derfor have faaet Flertalsform». Det er likevel vanskeleg å tru på at den lange /ú/-en med bitrykk skulle bli redusert til ein trykklett /e/. Dette har vi knapt parallellar til i nordmørsmål, like lite som vi kjenner til at ei form *Nauten* skulle kunne gje *Nautan* ved mistyding! Nei, *Nauten* er nok ei dansk skriftspråksform for den norske talemålsforma *Nautan* – liknande døme er så å seie tallause i namnematerialet. (I Sverige kjenner ein mange såkalla fastighetsnamn *Nøten* iflg. Lantmåteriverkets database, men det vedkjem ikkje vårt namneproblem.)

Også rektoren og historikaren Gerhard Schøning (1910:93) kommenterer namnet *Nauten*. I skildringane sine frå reisa på Nordmøre i 1773 kjem han inn på at det må vera *Nauten* som er det *Noatun* presten Jonas Ramus (1713) nemner i boka *Ulysses et Otinus*. Ramus meinte at Noas ark stranda på Nordmøre i si tid (og gløymer heilt Ararat), «non procul a monte, qvi **Stims hesten** incolis appellatur». Den nøkterne Schøning (loc.cit.) kommenterer vyene til Ramus med at «paa dette Navn [dvs. Nauten] har man uden Tvil bygget den Snak om Noæ-Ark, hvilken derfor fortienner samme Troværdighed, som meget andet, hvis heele Grund beror paa blotte Navne». – Sjølv om det kunne vera nærliggjande å tru at Rygh har fått *tún*-idéen sin frå Schønings omtale av *Nautan* eller direkte frå Ramus sitt *Noatun*, så har vi ingen sikre bevis for det.

Det er truleg meir fruktbart å sjå etter eit anna alternativ. Viss vi ser på alle gardsnamna og gardsgrensene (sjå kartillustrasjonen) på Stabblandet, så finn vi at det i nordaust og aust (langs Imarsundet) er følgjande matrikkelgardar: Nordheim/Nautan, Haltvika, Sagvika, Ørbogen, Fuglsnes, Blomtua, Karlsvika. I nordvest og vest (langs Sålåsundet) har vi gardane Nygarden, Solem, Stabben, Innerberg. På innsida av Stabblandet har vi Fjelnedalen, og rett utafor Stabblandet har vi Solskjela. Ser vi bort frå den vesle garden Stabben, som har fått namn etter det høge fjellet rett ved, så er alle gardsnamna samansette naturnamn med unntak av Solem og Nautan og den yngre Nygarden.

Anders Jensen (1971) som har granska busetjinga i gamle Tustna kommune, meiner da òg med grunnlag i gammal landskyld og gardsgrensar at dei to verkeleg gamle gardane på Stabblandet er Solem og Nautan. Nautan meiner han er frå vikingtida, og Solem kanskje så langt tilbake som eldre jernalder (Jensen 1971:46). Det må vel vera landskylda, som er høgare for Solem enn for Nautan, som kan tilseie dette. Namna talar truleg imot ei slik slutning, og gardsgrensene tilseier ikkje utan vidare at Nautan skal vera yngre enn Solem.

Ser vi på gardsgrensene samla, så er det klart at både Nautan og Solem må ha vore betrakteleg større i eldre tid. Det er vel nærast sikkert at Nygarden, truleg òg Stabben, må vera utskild frå Solem, og like eins Haltvika frå Nautan.

I forhistorisk tid har det vel vore to gardar på Stabblandet, og dei har delt yttersida av øya likt mellom seg. Så har Solemsvaldet rokke innover heile austsida av Sålåsundet, og valdet for Nautan har venteleg vore vestsida av Imarsundet. Eit lite usikkerheitsmoment er det nok her om valdet for Nautan berre kunne ha gått innover til Fuglsnes, som ligg beint overfor Fuglvågen på Ertvågsøya, og kanskje har eit gammalt sundnamn i førsteleddet. Eg meiner likevel ein kan sjå bort frå dette. – Innersida av Stabblandet er stort sett stupbratt og lite attraktiv, og det er berre i Fjernesdalen folk har greidd å klore seg fast. Landingsforholda for båtar, også småbåtar, er jamt over svært dårlege på innersida av øya mot Vinjefjorden.

Når ein skal vurdere gardsgrensene på Stabblandet, så må ein ikkje berre sjå på areal – da er Solem klart større enn Nautan. Ein må òg ta med i vurderinga om arealet er brukbart i ein næringsamanheng. Da er det sikkert at dei høge fjella på Stabblandet ikkje aukar ressursgrunnlaget – Stabben er 827 moh., Storøra 905 moh. og Innerbergsalen 908 moh. Unntaket kan vel vera hjorten som likar å følgje groren oppover i fjellet om forsommaren. Det er nok yttersida av Stabblandet som har vore mest attraktiv for både temporær og fast busetjing i forhistorisk tid, og det må ha vore fiske og fangst som har vore den avgjerande lokaliseringsfaktoren. Her ytst i Sålåsundet og Imarsundet så vel som mellom Solskjela og Stabblandet grynnet det, og det blir straum i sjøen og dermed gode fiskeplassar. Typisk er det at Stabblandet inn for Nautsundet ved Solskjela er delt midt på mellom Nautan og Solem. Interessant er det at i førearbeida til den nye matrikkelen først i 1720-åra blir både Nautan og Solem karakteriserte som lett drivne gardar, og da er det jordbruk og feal ein tenkjer på.

Når vi så går over på sjølve namngjevinga, skal ein leggje merke til at *heim*-namnet *Solem* truleg har fått namn etter Sålåsundet (NG XIII:457, Stemshaug 1971:313 ff.), medan Nautan har gjeve namn til sundet mellom Solskjela og Stabblandet. Det bli i dag kalla *Nordheimssundet* på offisielle kart. Men Fugelsøy (1956:213) seier at «Nordheimsundet har enno i vår tid nemninga Nautsundet», og slik er det faktisk enno i 2011 ein og annan som held fast ved gamle namnet. Og i 1773 nemner Schøning (1910:93) berre «Nautsund» som namn på sundet. Interessant er det òg at det høge fjellet straks sør for Solem blir kalla *Stabben*, medan eit lågare fjell sør for Nordheim heiter *Nauthatten* (N50 1321–2 Kristiansund). Når Rygh (NG XIII:456) skriv at *Stabben* ikkje er eit fjellnamn, så er det feil.

*Nautneset* er namnet på eit nes nordaust på Stabblandet. I førearbeidet til det økonomiske kartet for Tustna finn ein som nr. 29 på BM 122 både *Nautnesvatnet* og *Sagavatnet* om det forholdsvis store vatnet aust på øya. Den siste namneforma er feil for *Sagvatnet*, på orienteringskartet *Sagvikvatnet* (s. 77). Det er vel rimeleg å tru at *Nautnesvatnet* er eldst, for vass-sagene på Nordmørs-



kysten kom ikkje før seint på 1500-talet – ja, ikkje for alvor før hollendartida på 1600-talet.

Samla sett gjev dette oss ein sterk mistanke om at det kan vera *Nautan* som er det eldste namnet og den eldste garden på Stabblandet. I så fall vil det vera naturleg å sjå *Nautan* som modergard til Solem. Da bør òg namnet *Nautan* vera eit usamansett naturnamn som kan gå tilbake til i alle fall ned mot Kristi fødsel, ja, gjerne lenger tilbake òg, for her har det vore samanhengande busetjing sia bronsealderen.

Uttalen viser altså at namnet er eit fleirtalsord i bestemt form. Da har vi fleire utvegar til tolking. Det kan vera ein vanleg *a*-stamme som gno. *grautr*, ein *ō*-stamme som gno. *kleif*, men knapt eit utvida nøytrumsord av typen gno. *Bergar* sjølv om eit slikt namn ville vera greitt reint formelt og kunne gje den gamle talemålsforma med tillagt artikkel. Det same gjeld ei maskulinumsform gno. *nautr*. Men eg vil kanskje likevel tru at ein feminin *ō*-stamme kan liggje nærare til for hand. Vi har da òg mange slike avleiingar, både i elve- og øynamn, også nordafjells, slik t.d. øynamn som gno. *Vørn* (NG XVII:166) i Nord-Troms og i Lofoten, eller *Torg* på Helgeland (Stemshaug 1993:184 ff.).

Det er merkeleg at Rygh i samband med namnetolkinga ikkje i det heile drøftar det gammalnorske appellativet *nautr* m. 'eignelut' (Heggstad, Hødnebo, Simensen 1990:311, Fritzner 1891:800) eller «værdifuld eiendom» (Torp 1919:451, jf. òg Vries 1966:406, under *nauti* m.). Truleg er det den forholdsvis frekvente bruken og tydinga i etterleddstilling, som har overskygga tydinga av det usamansette *nautr* m. for Rygh, altså sms. som *møtunautr* m. 'matfelag'. Men det kan mykje vel vera dette ordet som ligg til grunn for gardsnamnet. Eg vil likevel sjå på alternativet med ein feminin *ō*-stamme, som eg reknar for å vera ei betre løysing på tolkingsproblemet.

I gammalnorsk må vi heilt sikkert ha hatt eit øynamn *\*Njót* f., belagt i genitiv i *Nyotar øy* i 1317, i dag *Nøtterøy* i Vestfold (DN IV:116, NG VI:233). Rygh (op. cit.) og særleg Gösta Holm (1972:136 ff., 1991:379 f.) har vist at vi har andre namn både på svensk og norsk side med same språklege opphav. Holm nemner såleis soknenamnet *Njutånger* og landsbynamnet *Njøte* i Hälsingland. Både Rygh og Holm fører namnet og namneleddet *njót/njút* til verbet gno. *njóta* 'nyte', her om ein 'stad som ein dreg nytte av, fangststad, fiskeplass'. I gotisk finn vi da òg den språklege slektningen *\*nuta* m. 'fiskar'.

Det er truleg òg same tydinga vi har i gnr. 137 og 138 *Njøten* i Lindås, Hordaland (NG XI:421). Desse gardane ligg på ei øy. Dessutan meiner eg at vi kan finne det same språklege opphavet også nordafjells, i gnr. 33 *Nutøya* i Vega i Nordland, med daglegtalenamnet /sø:rːnutøyæ/ (NG XVI:36), rett nok normert til *Nautøen* av Rygh (Stemshaug 2010:110). Den austnordiske forma *jú* for vanleg gammalnorsk *jó* framfor dentalar er velkjend mange stader nordafjells.



Alstahaugdiktaren Petter Dass talar såleis om eit *skjut* 'merr', og ordformer som /lu:n/ n. 'lyn' og /sɣ:/ m. 'sjø' har vi mange stader i målføra langs kysten nordafjells opp til Troms. Det er svært mykje som kan tala for at *njót/njú*t har vore eit eige appellativ i språket.

Det er altså snakk om laging til same rot som verbet gno. *njóta* og appellativa gno. *naut* n. og *nautr* m. med same avlyd som i preteritum av verbet. Ei slik rot *\*neu-d-* trur vi har hatt ei grunntyding 'gripe, fange' (Holm loc.cit., Bjorvand og Lindeman 2000:645, 671 f.), «Erstrebtes ergreifen, in Nutzung nehmen» (Pokorny 1959:768), og det kan da vera dei gode fiske- og fangststadene her i Nordheimssundet og ytst i Sålåsundet og Imarsundet som har vore namngjevande for området. I så fall ligg det nær å tru at det usamansette naturnamnet *\*Naut* f. har vore det gamle namnet på øya Stabblandet. *Stabblandet* er da sjølv sagt heller ikkje noko gammalt øynamn, men er gjeve med grunnlag i fjellnamnet *Stabben*. Her på Nordmørskysten talar alt for at *land* n. som sisteledd i øynamn går tilbake til den såkalla hollendartida frå tidleg 1600-tal og utover, jf. t.d. bydelen *Gomalandet* i Kristiansund, mindre rimeleg som eldre lågtysk import frå sein mellomalder (KLN M X sp. 196, NSL:179). – At Statens vegvesen på fylkesvegkartet sitt (1990) feilaktig har *Stabben* som øynamn i staden for det korrekte *Stabblandet*, treng vi ikkje hefte oss så mykje ved.<sup>10</sup>

Da den faste busetjinga kom, gjekk så øynamnet *\*Naut* etter kvart over til òg å bli gardsnamn. Det er ei mykje vanleg utvikling. Plural form *\*Nautar* for gardsnamnet kan da ha komme opp ved at ein inkluderte Solskjela med dei gode fiske- og fangststadene, dvs. ei laging på line med det plurale gardsnamnet *Torgar* i Brønnøy, Nordland, til øynamnet *Torg* (Stemshaug 1993 loc. cit.). Her er det òg to øyar (Torg) som er opphav til dette velkjende, historiske namnet. Men namnebakgrunnen kan òg heilt enkelt vera at det faktisk var mange fangst- og fiskestader her. Analogi frå fleirtalsforma i namnet på nabo-bruket *Aukan* i nordaust kan vel òg ha hatt noko å seie.

10) Slik forveksling av fjell- og gardsnamn (*Stabben*) på den eine sida med øynamnet (*Stabblandet*) på den andre sida ser vi ein hende gong også i eldre skrifter, slik t.d. hos dei engelske hjortegerane ved slutten av 1800-talet (Seton-Karr 1904:24). Men det samsvarar altså verken med talemålsbruken eller den offisielle skriftforma.

## Litteratur

- Bjorvand, H. [og] Lindeman, F. 2000. Våre arveord. Etymologisk ordbok. Oslo.
- Fritzner, J. 1891. Ordbog over Det gamle norske Sprog. 2. Kristiania.
- Fugelsøy, M. 1956. Tustna før og no. Bd. I. Trondheim.
- Heggstad, L., Hødnebo, F., Simensen, E. 1990. Norrøn ordbok. 4. utg. Oslo.
- Holm, G. 1972. Nøtterøy och Njutånger. I: Mål og namn. Studiar i nordisk mål- og namnegransking. Heidersskrift til Olav T. Beito. Redigert av Hallvard Magerøy og Kjell Venås. Oslo. 136–38.
- Holm, G. 1991. De nordiska ånger-namnen. Lund.
- ÍF = Íslenzk fornit. XXVI Bindi. Heimskringla. Reykjavík MCMXXLI.
- Jensen, A. 1971. Busetninga på Tustna i seinmellomalderen og den etterfølgende tid. Nedgangstid og ny vekst i ei bygd på Ytre Nordmøre. Uprenta hovudoppgåve. Stensil. Universitetet i Trondheim. Trondheim.
- KLNM = Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. Bd. X. Oslo 1965.
- NG = Norske Gaardnavne. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision ... af Oluf Rygh. Bd. I–XIX. Kristiania/Oslo 1897–1936.
- NO = Norsk ordbok. Bd. 1–9. Oslo 1950–2011.
- NSL = Norsk stadnamnleksikon. Red. J. Sandnes og O. Stemshaug. 4. utg. Oslo 1997.
- Ottesen, J. 2010. Slagstaden. Kvar møttest nordmenn og jomsvikingar. Ulsteinvik.
- Pokorny, J. 1959. Indogermanisches etymologisches Wörterbuch. I. Band. Bern und München.
- Ramus, J. 1713. Ulysses & Otinus. Unus & Idem. Hafniae.
- Roaldset, O. 1986. Tustna bygdebok. Bd. III. Orkanger.
- Schøning, G. 1910. Reise som gienem en Deel af Norge i de Aar 1773, 1774, 1775 paa Hans Majestets Kongens Bekostning er giort og beskreven af Gerhard Schøning. Trondhjem. [Nytrykk Trondheim 1979]
- Seton-Karr, Sir H. 1904. My Sporting Holydays. London.
- Stemshaug, O. 1972. Grunnordet skjel i norske øynamn. I: Mål og namn. Studiar i nordisk mål- og namnegransking. Heidersskrift til Olav T. Beito. Redigert av H. Magerøy og K. Venås. Oslo. 307–21.
- Stemshaug, O. 1985. Namn i Noreg. Ei innføring i norsk stadnamnegransking. 3. utg. Oslo.
- Stemshaug, O. 1993. Torga. I: Nordiska orter och ord. Festskrift till Bengt Pamp på 65-årsdagen den 3. november 1993. Skrifter utgivna genom Dialekt och ortnamnsarkivet i Lund. 7. Lund. 184–89.
- Stemshaug, O. 2010. Lost appellatives in island names in central and northern Norway. In: Probleme der Rekonstruktion untergegangener Wörter aus alten Eigennamen. Akten eines internationalen Syposiums in Uppsala 7.–9. April 2010. Acta Academiae Regiae Gustavi Adolphi CXII. Herausgegeben von Lennart Elmevik und Svante Strandberg. Uppsala. 105–115.
- TO = Trønderordboka. Red. T.E. Jenstad og A. Dalen. Andre utgåve. Trondheim 2002.
- Torp, A. 1919. Nynorsk etymologisk ordbok. Oslo.
- Vinje, A.O. 1861. Ferdaminni fraa Sumaren 1860. Christiania.
- Vinje, A.O. 1867. Blandkorn. Christiania.
- Vries, J. de 1962. Altnordisches etymologisches wörterbuch. Zweite verbesserte auflage. Leiden.
- Aasen, I. 1873. Norsk Ordbog. [2. Udg.] Christiania.



# Etymologins plats i hydronymisk forskning. Några aspekter

av Svante Strandberg

*In this article the author discusses some aspects of etymology in the field of hydronymic research. Etymology in the sense of name interpretation is of fundamental significance in the study of hydronyms. A semantic and morphological understanding of the separate toponyms often makes it possible for a scholar to draw structural conclusions. There are hydronymic studies where the linguistic methods are of greater interest and importance than the meaning of the hydronyms concerned. Some texts can be said to serve as 'paragraphs' of a hydronymic 'grammar', for instance Jakob Sverdrup's study of the Norwegian river name \*Vefsn.*

*Themes dealt with in this article are i.a. suffix research, reconstruction of lost hydronyms and the 'alteuropäische Hydronymie'. The distinction between primary and secondary name formation is essential as far as suffix research is concerned. The Norwegian island name Jeløya and the Swedish lake name Jällunden, for instance, are probably secondary name formations, containing an adjective ProtoScand \*elund- 'noisy' or the like. In many cases the study of suffixes in Swedish lake names is complicated by the possibility of ellipsis.*

## 1 INLEDNING

Ordet *etymologi* kan användas med olika syftning. I OAU:s samlingar betyder det helt enkelt 'namntolkning'. Alla namntydningar har inte samma grad av vad man skulle kunna kalla *etymologicitet*. Med hög etymologicitet avser jag förklaringar som kräver användning av mycket av den etymologiskt inriktade ordforskarens teknisk-metodologiska apparat. Elof Hellquists grundläggande

studier över svenska sjönamn (1903–06) visar hög grad av etymologicitet, och detsamma gäller t.ex. bidrag av Oddvar Nes som *Salta-namnet* (1975) och *Gamle vassførenamn \*Inn og \*Lemund-* (1985).

Då namnet *Storängen* endast sägs innehålla orden *stor* och *äng* och betyda 'den stora ängen', står man inför en förklaring med låg etymologicitet. Detta exempel får självfallet inte förleda någon att tro att alla ordetymologiskt enkla namn är lättförklarade. En toponym som *Storängen* kan vara resultatet av sekundär namnbildning eller mönsternamngivning; finns det möjligen i undersökningsområdet ett *Storängen* – men inte flera – i varje by? Då jag undervisade vid Uppsala universitet drog jag ofta fram det tänkta, kanske skenbart enkla fallet *Stenängen*, som inte är entydigt vare sig ordsemantiskt eller namnsemantiskt. A priori kunde ett *Stenängen* tänkas betyda bl.a. 'ängen på vilken en stor sten ligger', 'den steniga, stenrika ängen', 'ängen invid (den stora) stenen', 'ängen vid eller med fornborgen', 'ängen invid bebyggelsen Sten (Stenby, Stensätra e.d.)', 'ängen som tillhör bebyggelsen Sten (Stenby, Stensätra e.d.)', 'ängen vid vägen till Sten', 'ängen som brukas av eller tillhör (en person) Sten'; denna uppräknning täcker inte alla tänkbara alternativ.

Uttalen for *Endre* er «ehn-dreh», der *eh* står for kort *e*, og han er «pronounced like e in 'let'» (s. xiii, norske vokalar). *Ivar* er ført opp med uttalen «ee-vaar» på norsk, med lang *i* og lang *a*. «Long i is pronounced like ee in 'see'», og «Long a is pronounced like a in 'father'», er forklaringane (s. xiii). Uttalen for *Aud* er slik som «oud» vil bli uttala på amerikansk-engelsk, «Similar to ou in loud» (s. xiv, norske diftongar). Dette gjev tilnærma rett uttale av *Aud* på fleire skandinaviske språk, sjølv om det blir o-uttale (som /aʊd/ med IPA-teikn). Slik kan ein unngå uttalar som /aiver/ og /ååd/, slik som i *Maud*.

## Uttalevariantar

For forfattarane har det utvilsamt vore ei stor utfordring å forklare korleis ein kan vise uttale i kvart av dei skandinaviske språka dansk, norsk og svensk etter dette systemet. Opplysningar om forskjellar er rimeleg og praktisk når namnet blir uttalt ulikt.

Vi finn *Stig* som «stee» på dansk og «steeg» på svensk og norsk, *Helge* som «hel-yeh» på dansk og «hel-geh» på svensk og norsk, og *Gitte* som «gid-deh» på dansk og «git-teh» på svensk og norsk.

For mange av namna treffer ikkje uttalevariantane like godt. Under omtalen av *Ruth* står det òg forklaring for dansk og òg òg for svensk og norsk. Den danske uttalen blir både i innleiinga om uttale (s. xi) og i omtalen av namnet (s. 17) uttrykt som engelsk «root». I lydskrift for dansk skal *oo* oppfattast som lang vokal lik «oo» i «pool». Engelsk «pool» og «root» blir uttalt med lang o-lyd (tilsvarar IPA: /pu:l/, /ru:t/). Ifølgje framstillinga i boka skal denne vokalen i *Ruth* vere lang på dansk, sjølv om han normalt er kort på dansk.

På svensk og norsk skal *Ruth* ifølgje boka bli uttalt slik det på amerikansk-engelsk ville vere for det tenkte ordet «rewtt». Bokstavsekvensen «ew» står her for uttale «similar to ew in 'few'». Det er ikkje heilt presist. J-uttalen i *ew* blir

ikkje uttalt i *Ruth* hos oss. Dette vil bli rett dersom ein opplyser om at denne j-lyden ikkje skal uttalast, men berre u-lyden. I oppslaga blir *ew* utan lengde-teikn brukt for både lang og kort u-uttale (bl.a. lang i /rew-na/, *Runa*). At det er vanleg med lang u-uttale for *Ruth* i svensk går ikkje fram, men er neppe viktig for målgruppa. Dobbelskrivinga «tt» er det rimeleg å lese som at det skal vere kort vokal framfor.

Medan det er vist ulik uttale for *Ruth*, har oppslaget om *Gunnhild* uttalen «gewn-hill, gewn-nill» (s. 9) felles for språka, utan at o-uttale på dansk er nemnd.

Opplysningar om dansk og svensk uttale hentar eg frå Brink m.fl. 1991 og Hedelin 1997, som båe har med dei fleste namna som er aktuelle. Opplysningar om engelsk uttale, som her vil seie amerikansk-engelsk, blir henta frå Wells 2005.

### Lange vokalar uttalte som diftongar

Vi såg at uttalen for kort u blei framstilt som ein lydkombinasjon (engelsk uttale av sekvensen *ew*), nær ein diftong, utan at det skal vere slik. Nokre andre skandinaviske vokalar blir forklarte som engelske diftongar. Det inneber òg gal uttale. I mange av desse tilfella vil lyden i byrjinga av diftongen kunne passe, utan at han blir forklart slik. Lang e og kort og lang å er eksempel.

*Lene* har uttalen «lay-neh» på norsk der «Long e is pronounced like *ay* in 'say'» (s. xiii). Lang e blir skriven på same måten for svensk og dansk, svensk med f.eks. «gray-ta» og «ay-meel» for *Greta* og *Emil* (s. xv). Då reknar eg med at det er rikssvensk som er meint, og ikkje sørsvenske dialektar med nettopp denne uttalen. Det er rettare å seie at det gjeld første vokalen i den engelske diftongen, eller ei forlenging av uttalen for kort e i skandinaviske språk.

*Åse* (og *Aase*) får uttalen «oaseh», der *oa* ifølgje forfatterne blir «Pronounced like *oa* in 'boat'». Det er ikkje presist. Bokstaven *Å* blir normalt ikkje uttalt som diftong, med unntak for nokre dialektar. Første delen av *oa* i *boat* held, og lyden er lang i dette namnet, noko som ikkje går fram av notasjonen. Å forklare med uttalen av *aw* i 'saw' passar betre. Eit anna eksempel med *Å* er *Åge*, dansk «oa-eh» og norsk «oa-geh».

### Kort eller lang vokal

Ein vokal som blir forklart rett, men i mange tilfelle brukt gale i presentasjonane av namn i lista, er kort a. Han blir blanda med lang a, som eg kjem tilbake til nedanfor.

Først skal vi slå fast at «Long a is pronounced like a in father», og blir skriven *aa* (s. xiii, xv; litt annleis formulert for dansk, s. x), som nemnt og vist ovanfor. Det gjeld både for dansk, norsk og svensk. Norske eksempel i innleiinga er *Dag*, uttalt som «daag», og *Arnchild*, som «aarn-nill».

Kort a blir skriven med enkelt *a* i lydskrifta, og konkretisert med bl.a. «a in



about» for alle dei tre språka. For norsk blir kort a i innleiinga (s. xiii) og i oppslaga vist med bl.a. namnet *Sturla* uttalt «stewr-la» (s. 46).

Kort a er, som nemnt, ganske mangelfullt førd opp mange stader. For alle tre språka blir namnet *Anna* vist med uttalen «aan-na» i innleiinga, og dessutan slik for svensk og norsk i leksikondelen (s. 4). *Anna* har altså fått lang a som den første vokalen. Det burde vore vist som «an-na» på norsk og svensk fordi baa a-ane i namnet er korte. For dansk er uttalen «æn-na» i leksikonet, som er rett, men, som nemnt, ikkje brukt slik i innleiinga.

Det finst mange eksempel i oppslaga der noteringa av namn med kort a har manglar. Kort a er skriven som lang første vokal i *Agata* (S og N: «aa-gaa-ta»), *Agate* (N: «aa-gaa-teh»), *Alberta* (S og N: «aal-bæerta»), *Alberte* («aal-»), *Alva* («aal-va»), *Hanna* (S og N: «haa-na»), *Hanne* (S og N: «haa-neh»), *Magdalena* («maag-»), *Marta* («maar-ta»), *Matilda* og *Matilde* («maa-»), *Ragnhild* («raagnill»), *Aksel* og *Axel* («aak-sehl»), *Hampus* («haam-»), *Mats* («maats») og *Martin* («martin [as in English]») og mange fleire. Dessutan er det eksempel på at namn i oppslaga har fått to lange a-ar, der baa normalt er korte, som i *Hallvard* og *Halvard* («haal-vaar[d]»), og *Ragnvald* («raang-vaald»).

*Hans* er òg ført opp med berre lang a («haans»). Det er vanleg svensk uttale, utan at språk er spesifisert i oppslaget i boka. For nordamerikanarar kan det vere godt nok at uttalen blir brukt i alle fall i delar av Skandinavia.

Ikkje berre for *a*-lydar er det avvik frå kva som er vanleg lengde for uttale i Skandinavia. Vi såg *Ruth* på dansk og svensk ovanfor. Elles kan det nemnast at ingen av dei skandinaviske språka normalt har to lange vokalar i *Halvor*, men at namnet likevel har det i oppslaget (»haal-voor»). Eit anna eksempel er *Wiggo*. I innleiinga blir det på rett måte ført opp som «vig-go» på dansk (s. x) og «vig-goh» på norsk (s. xii). I *Viggo*-oppslaget (med V) står det som «vee-go» (s. 49), altså lang i, som ikkje er det vanlege i skandinaviske språk. På svensk blir lang å-lyd brukt til slutt i *Viggo* (Hedelin 1997), utan at det er omtalt i boka.

For uttaleopplysningar er det altså både misvisande bruk av notasjon for bestemte lydar og ikkje fullt samsvar mellom introduksjonen og bruken i oppslaga. Når ein ser den store detaljrikdomen som forfattarane har arbeidd seg gjennom for rundt 1500 namn, er det godt forståeleg at det finst feil. Det har neppe alltid vore enkelt å finne nord-amerikanske eksempel-ord med dei same lydane. Dessutan har dei teke med svensk og dansk uttale i stort monn, noko som nok har vore omfattande arbeid. Slik boka no er, er feila ganske mange og lett iaugefallande for oss skandinavar.

## NAMN I SKANDINAVIA PÅ 2000-TALET

I kapittelet «Top Names in Scandinavia Today» (s. 139–145) er det omtale av førenamnsbruken i dei skandinaviske landa og Island i åra 2006 og 2008. Sen-



tralt står endringar mellom dei to åra for opphavleg skandinaviske namn, helgennamn og nyare bibelske namneformer, og internasjonale trendar.

### Store endringar på to år?

Forfattarane meiner å ha funne at det har vore dramatiske fall i bruken av opphavlege skandinaviske (og islandske) namn blant nyfødde på Island (s. 140) mellom desse to åra, medan danskane samstundes har forlate trenden med reine bibelske former og andre moderne internasjonale namn og i stor grad gått tilbake til danske former av helgennamn (s. 139–140, 143 og 145). Dei legg til om denne danske utviklinga (s. 139):

In the globalized world today, such a pronounced return to traditional Danish names is an unusual phenomenon. It will be interesting to see whether it lasts, and also whether it is a prediction of how the top twenty names will look in the other Scandinavian countries in the next few years.

Det ser ut til å liggje gal bruk av statistikkar til grunn for slike resultat. I røynda er det lite endringar i den nemnde perioden. Vi skal sjå på dette meir i detalj.

I boka er namn på nyfødde i Danmark i 2006 samanlikna med namn på alle levande i landet i 2008, altså ulike typar data. For Island er det motsett, slik at førenamn til alle levande i 2006 er samanlikna med nyfødde i 2008. Det er òg meir gale med samanblanding av lister, som eg kjem tilbake til. Dessutan gjer det samanlikningane endå meir uklare når nokre av listene gjeld berre første førenamn, medan andre gjeld alle førenamn for alle levande. Det ser ut til at forfattarane ikkje er merksame på all denne samanblandinga av lister.

Med grunnlag i offisielle statistikkar som kan samanliknast, ser ein at islendingane gjennom fleire tiår har følgd ein trend med overgang frå opphavleg skandinaviske (og islandske) til internasjonale namn, særleg bibelske og andre kristne namn. Derfor er talet på opphavleg skandinaviske namn mykje høgare i listene for alle levande i 2006, enn det er i listene for fødde både i 2006 og 2008. Det har ikkje gått føre seg noka stor endring for fødde frå 2006 til 2008. Den store endringa som er omtalt i boka, gjeld altså ikkje for to år, men er godt synleg den siste generasjonen.

I Danmark har det heller ikkje vore store endringar frå 2006 til 2008, ifølgje dei riktige listene (Danmarks Statistik), og danskane har ikkje teke eit brått steg i retning av gamle danske former av helgennamn, som *Jens*, *Hans*, *Lars*, *Niels* og *Per*. Desse gamle helgennamna er derimot ganske vanlege blant fødde fram til 1970-åra og med det òg i totalbefolkninga. På same måten som for Island er det få endringar blant fødde mellom 2006 og 2008, men ulikskap mellom folk i alle aldrar og berre nyfødde.

### Namn som kjem eller forsvinn

I det same kapittelet finst òg tre typar oversyn bygde på dei hundre vanlegaste namna til fødde i 2008 for kvart at dei tre skandinaviske landa. Det omfattar:

- opphavleg skandinaviske namn (nordiske mellomaldernamn) i 2008-listene
- opphavleg skandinaviske namn som har falle ut frå 2006 til 2008
- helgennamn i 2008-listene

Desse listene for Sverige og Danmark er galne på mange punkt, mest dei danske.

Vi ser først på dei danske listene med opphavleg skandinaviske namn blant hundre på topp for fødde i 2008 (s. 141, 144). Der er det ført opp nokre namn som det ifølgje nettsidene til Danmarks Statistik (DS), ikkje var nokon som fekk dette året: *Arne, Carsten, Kjeld, Leif, Vagn* og *Tove*. Dessutan er det ført opp namn som det ifølgje DS var mellom 1 og 10 som fekk: *Bjarne, Bo, Karsten, Erling, Finn, Knud, Mogens, Ole, Ove, Steen, Torben, Bodil, Gerda, Inga, Inge* (kv.), *Inger* og *Aase*. Så låge frekvensar plasserer ikkje desse namna blant hundre på topp. Dette ser i staden ut til å vere namn henta frå lister med hundre på topp for levande i 2008, altså same lista som òg har vore brukt gale elles. Eit lite mindretal av namna i lista oppfyller kravet til hundre på topp, nok fordi dei var mykje i bruk for både barn og vaksne i 2008.

Som nemnt, skal andre lister vise opphavleg skandinaviske namn som har falle ut av hundre på topp-listene for fødde frå året 2006 til året 2008. Ei slik liste er for danske gutenamn (s. 143). Hundre på topp-lister for desse åra er ikkje allment tilgjengelege for Danmark, og det er ikkje klart kva kjelder som er brukte. Undersøkingar eg har gjort i DS-materiale på internett, gjer det sannsynleg at ingen av namna som forfattarane fører opp, oppfyller kravet. *Ejner* og *Thorvald* frå hundre på topp-listene i boka er hos DS registrert med ingen fødde i 2006 og med 3 og 1 i 2008. Dessutan hadde *Ejnar, Gunnar, Helge, Tage* og *Thorvald* frå same lista i boka færre enn 5 fødde båe åra hos DS. Dei er derfor ikkje blant hundre på topp noko av desse åra. På denne lista finst òg *Valdemar*, som var på 39. plass i 2006 og 35. plass i 2008, og som altså ikkje hadde falle ut av hundre på topp-lista. Eg kan heller ikkje sjå at noko av dei resterande fem namna i den danske lista oppfyller vilkåra til å vere med i lista.

I den svenske lista med opphavleg skandinaviske gutenamn som har falle ut frå 2006 til 2008, skulle ikkje noko av dei 25 namna der ha vore med. I alt 24 av namna i lista var ikkje blant hundre på topp nokon av dei to åra, bl.a. *Alf, Håkan, Olof, Torsten* og *Åke*. Namnet *Erik* var med blant hundre på topp for

fødde både i 2006 og 2008 (rang 12 og 7), og er altså ikkje eit namn som har falle ut. Det ser også her ut til å vere samanblanding med ei liste over levande i 2008. Alle andre stader i det same kapittelet ser dei svenske listene frå 2006 og 2008 for fødde ut til å vere nytta.

I dei danske listene over helgennamn blant hundre på topp for fødde i 2008 (s. 143, 144) finst bl.a. gutenamna *Jan* og *Poul*, som det ifølgje DS sine nettsider, som eg har undersøkt, var 9 og 8 blant fødde i 2008. I den tilsvarande jentelista med 100 på topp (s. 144) finst *Birgit* og *Lis* som hos DS har 0 fødde. Dessutan finst *Bente*, *Lisbeth* og *Margit* med 1 hos DS, *Grethe* med 2, *Anni* og *Karin* med 3, og fleire andre namn med låge tal hos DS. I alle fall dei nemnde jentenamna var ikkje blant dei hundre vanlegaste hos DS. Derimot har bl.a. gutenamna *Anders* og *Jepp*e, og jentenamna *Anne*, *Anna* og *Johanne*, som finst i listene, vore blant dei hundre både blant fødde og blant alle levande. Også her ser det ut til at lista over levande i 2008 er brukt i staden for lista over nyfødde.

### **Ikkje like datagrunnlag på 2000-talet**

Sjølv om mange av listene frå dei tre landa har data for fødde i 2006 og 2008, byggjer dei ikkje på samanliknbare data. I nokre tilfelle er det brukt tal for berre første førenamn, medan det andre gonger har vore brukt samletal for alle førenamn som kvar person har fått.

Dette får bl.a. følgjer for statistikkopplysningar i tekstar under teikningar og bilete fleire stader i boka. Ifølgje teksten på side 128 var det 39 710 som heitte *Britt* i Sverige i 2008, og 7 775 i Noreg. Dei norske tala gjeld første førenamn. Svensk statistikk, som eg har undersøkt, viser at det var ca. 20 000 med *Britt* som tiltalenamn eller første førenamn det året. Med slik talbruk frå statistikkar som tilsvarar kvarandre betre, ser vi at utbreiinga i dei to landa er mykje meir lik i høve til innbyggjartala. Svenske tal frå 2008 er ikkje tilgjengeleg no, men er her rekna ut med grunnlag i tal frå 31.12.2010.

På side 140 får vi opplyst at det er 40 266 *Bjørn* i Noreg og 61 137 i Sverige. På side 178 var det 122 919 med namnet *Ingrid* i Sverige og 24 806 i Noreg. Svensk statistikk for tiltalenamn viser at det var ca. 37 000 med *Björn* og ca. 55 000 *Ingrid*. Sett på denne måten er bruken av *Ingrid* om lag den same i Noreg og Sverige, og ikkje dramatisk ulik slik som i biletteksten.

På same måten blir bl.a. eit skandinavisk oversyn over bruken av mytologiske namn på side 148 skeiv. Dei danske og norske tala der gjeld første førenamn, medan alle namn for alle personar er med for svensk.

Det vi har sett her, er at det same ikkje er talt for kvart land. Ulikskapen skuldast altså ikkje berre ulikt folketal i landa og ulike trendar, men òg ulike teljemåtar.

## Nye namn med innvandring til Skandinavia

Kapittelet om namnebruk i Skandinavia dei siste åra sluttar med den nye immigrasjonen til Skandinavia i vår tid, som både byr på kjende namn og stadig nye og ukjende:

In addition, recent immigration from non-Western countries to the Scandinavian countries has added names such as Ali, Mohammed, Aber and Fedia.

Det kan verke litt rart å vise dette med namn som knapt var i bruk i Skandinavia i 2008, dvs. dei arabiske kvinnenamna *Aber* med ca. 20 førstenamnsberarar og *Fedia* med 2–4 i alt i dei tre landa.

## NAMN I SKANDINAVIA PÅ 1920-TALET

Boka inneheld eit kort og informativt kapittel om skandinavisk førenamns-historie, med framstilling om opphavleg skandinaviske namn, kristne namn og til slutt namnerenessansen. Tittelen er «Scandinavian Given Names in Historical Perspective» (s. 120–134).

Kapittelet har blant anna med ein samanliknande statistikk for dei skandinaviske landa på 1920-talet (s. 133). Dette er tida for mykje bruk av opphavleg skandinaviske namn i Noreg og Sverige. Blant gutar som blei fødde i dette tiåret, var det i Sverige og Noreg eit stort fleirtal opphavleg skandinaviske namn blant dei mest brukte namna. I Danmark var det mykje lågare, med under halvparten. Blant jentene var det også høgt i Noreg og lågt i Sverige og Danmark.

Det går òg fram i boka at helgennamna, slike som *Lars*, *Nils*, *Hans* og *Per*, var heilt borte på den svenske topplista for menn. Elles var helgennamn med i dei andre listene.

## Ikkje like datagrunnlag på 1920-talet

Listene for dei ulike landa for 1920-talet har ganske forskjellig datagrunnlag, dels på same måten som for 2000-talet. For Sverige og Danmark er det talt saman alle førenamn for kvar person, dvs. 1., 2. osv. For Noreg er det med berre det første. Dessutan byggjer berre den danske på heile tiåret, og den svenske byggjer berre på eit lite utval på 200 kyrkjelydar for året 1925.

## Ulikt datagrunnlag, ulike topplister

Dei ulike 1920-talslistene i boka har eg kontrollert mot lister for første førenamn eller registrerte tiltalenamn for heile tiårsperioden for kvart av dei tre landa. På den måten kom det med 4 helgennamn for gutar i Sverige: *Nils*, *Bengt*, *Lars* og *Per*. Det vil seie at den svenske bruken er høgare enn i Noreg, som

hadde 2 blant dei 10 vanlegaste gutenamna, og mindre enn i Danmark med 6 blant 10.

Som følgje av desse alternative listene fall talet på opphavleg skandinaviske namn blant gutar i Sverige frå 10 av 12 i bokteksten (9 av 10 i tabell i boka) til 6 av 10. Det var 8 av 10 i Noreg, og 4 av 10 i Danmark, slik at Sverige med dei nye tala ligg nærast snittet for desse landa, i staden for å skilje seg frå båe. For jenter var opphavleg skandinaviske namn utbreidde i Noreg, medan helgenamn var mykje brukte i dei andre landa, i båe kjeldene.

Mellom desse to ulike utvala av lister er det òg ulikskap for kva former av helgenamn som var mykje brukte. I den svenske lista står til dømes *Maria*, *Margareta* og *Elisabeth* på 1., 2. og 4. plass i boka, og på den danske lista står bl.a. *Marie* og *Margrethe* på 1. og 2. plass, men dei er ikkje med i den norske jentelista. I den nye lista er alle desse falle ut for alle landa, og andre kristne namn som var meir forma av nordiske språk eller tysk, har kome inn i staden, bl.a. *Kerstin* og *Elsa*.

Den svenske lista eg har kontrollert mot her, blei publisert våren 2011 (SCB 2011). Derfor var ei slik liste ikkje tilgjengeleg før boka kom, og forfattarane hadde dårleg tilgjenge til svenske opplysningar. Den reviderte danske ranglista har eg rekna ut med brokkar frå mange ulike kjelder, mest Weise og Hjorth Pedersen 1990 og Dansk 2005. Den norske lista ligg på namnesidene hos Statistisk sentralbyrå, der ho blei publisert første gongen i 2006 (SSB tiårslister).

### **Bruk i Nord-Amerika, i «skandinaviske» område**

Eit kapittel heiter «Adapting Names in Scandinavian North America» (s. 85–119). Der blir det blant anna presentert tabellar og drøftingar om korleis skandinaviske namn i nyare tid har blitt brukte i område med skandinavisk innvandring. Det er lagt mykje vekt på 1970- og 1980-åra då etniske namn av alle slag blei henta inn i USA og Canada. I framstillinga er det to tilnærmingar: rangering for namna for 1980 i statar med høvesvis stor opphavleg skandinavisk folkesetnad (s. 102–103), og frekvensar på 1970- og 1980-talet i motsetnad til nokre tiår før og etter i staten Oregon (s. 103–105).

### **Vekst i «skandinaviske» område eller nasjonalt?**

Statistikken for Oregon viser rett nok at dei skandinavisk-klingande namna auka i denne perioden. Men dersom ein byggjer på statistikk som ikkje er med i boka, og samanliknar for heile USA, finn ein i hovudsak det same for USA samla (SSA). Det er lite grunnlag for å slå fast at bruken av desse namna er knytt til skandinaviske røter.

### Bruk i «skandinaviske» område eller nasjonalt?

Ovanfor galdt det talet på berarar. Forfattarane har òg gjort undersøkingar med grunnlag i rangnummer etter popularitet for nyfødde. I «skandinaviske» statar finn dei at nokre av namna har betre rang enn det nasjonale snittet, oftast berre for nokre av statane, medan dei er mindre brukte i andre av dei utvalde statane. Dessutan skiftar dette frå namn til namn, slik at det ikkje ser ut til å vere skandinavisk konsentrasjon om slike statar. Forfattarane konkluderer då òg med at biletet er uklart.

Det klaraste funnet om skandinaviske namn i USA meiner forfattarane er at namn som inneheld bokstaven *k*, kan sjå ut til å vere ein skandinavisk markør. Det gjeld namna *Kari*, *Krista*, *Kristi*, *Kristine*, *Kristopher* og *Erik*. Eg har undersøkt nærare. Desse namna er ikkje blant 100 på topp i fleire av dei «skandinaviske» statane (statistikk s. 103 i boka). Alle er blant 200 på topp for heile USA i 1980. Dei som er svakare enn 100. plass, er på 121., 122., 127., 158. og 187. plass (SSA). Eg skal ikkje gå detaljert inn på talet for fødde her. I alle fall er det lite sannsynleg at desse skrivemåtane er brukte først og fremst i det «skandinaviske» området.

Sjølv om namna ikkje kan knytast klart til «skandinaviske» statar, viser likevel statistikkane i boka at skandinaviske namneformer var med i den etniske namnebølgja i USA for nokre tiår sidan.

### Canada

Boka handlar ikkje berre om USA innanfor Amerika. For Canada peikar forfattarane særleg ut desse namna og skrivemåtane som skandinaviske: *Katrina*, *Kirsten*, *Kristin* og *Kristina*. I praksis gjeld bl.a. dei same namna for USA. For Canada trekkjer forfattarane òg fram *Annika* som populært der, og som dessutan har vore det i Sverige. Dei skriv vidare at «it probably is a marker name in the Swedish Canadian community». Dei nemner ikkje at kvinnenamnet *Annic* var blant toppnamn i det franskspråklege Québec i 1970–1990 (Duchesne 2001), og i Frankrike rundt tretti år før (særleg 1935–1965). Vel kan det svenske ha påverka sjølve skrivemåten, men at *Annic* dessutan var motenamn i Canada har tvillaust vore ei minst like sterk drivkraft. Dessutan er a-endinga vanleg for dette namnet på engelsk, bl.a. i USA helst som *Annika*.

### Skandinavisk eller allment

Det er mange fleire namn som ifølgje forfattarane kan vere vidareføring av skandinavisk namnebruk, særleg i utvandringstida. Det gjeld f.eks. *Anna*, *Berta* og *Lena*. Dessutan kan *Danika* vere inspirert av namnet på landet Danmark. For mange slike namn nemner dei at det òg finst gode grunnar til mykje annan inspirasjon. Eg finn det rimeleg at namn som har vore i bruk utanfor Skandinavia, neppe har spesiell inspirasjon frå våre land. For å kunne avgjere slik

påverknad sikrare, krevst individuelle studium for hundre år gamle namneval, noko som neppe let seg gjennomføre.

## SKANDINAVISKE NAMNELOVER

Eit kapittel heiter «Name Laws» (s. 135–138). Det inneheld omtale av dei skandinaviske namnelovene. Kapittelet inneheld mange generelle og allment informative element, som er greie å vite om for nordamerikanske lesarar. Dessutan er det med nokre ganske spesielle opplysningar som vil gjelde i svært få tilfelle. Noko er misvisande i høve til lovene.

### Metronym i dansk lov

Under omtalen av den danske lova står det (s. 135):

If no name has been agreed upon and the mother's name is a patronymic type name, the child will be given a *matronymic* name; that is; the mother's given name with the ending *søn* for a boy and *datter* for a girl. For example, Birthe Jensen's child would be given the surname Birthesøn or Birthesdatter, rather than Jensen.

Dette er dels svært uaktuelt og dessutan gale. Det er samanblanding mellom personlege primærpatronym, f.eks. *Jensdatter*, og arvelege sekundærpatronym, f.eks. *Jensen*. Eg skal ta det bit for bit.

§ 1 i den danske namnelova byrjar slik:

§ 1. De eller den, der har forældremyndigheden over et barn, skal senest 6 måneder efter barnets fødsel vælge et efternavn, som barnet er berettiget til efter §§ 2–4 eller 6–8.

Stk. 2. Sker navngivning ikke inden den i stk. 1 nævnte frist, får barnet moderens efternavn. [...] (Dansk navnelov)

Det vil seie at dersom foreldra ikkje blir samde om etternamn, eller dersom foreldra av andre grunnar ikkje melder etternamn innan fristen, skal barnet bli registrert med etternamn frå mora. Når ho har eit etternamn som normalt blir vidareført i familien, som f.eks. *Møller* eller *Jensen*, blir dette etternamn for barnet. Heiter mora *Birthe Møller* eller *Birthe Jensen*, kan barnet f.eks. få namna *Freja Møller* eller *Freja Jensen*. Det er ein meir normal situasjon ved usemje enn det som går fram av sitatet frå boka ovanfor.

Med den siste danske namnelova har det blitt mogleg for folk å få ta ekte patronym eller ekte metronym som einaste etternamn i heilt normale namnemeldingar. Eit ekte patronym er eit namn etter sin eigen far med endinga *-søn* eller *-datter*, og det er same endingar i ekte metronym etter mora. Heiter forel-

dra *Jeppe* og *Mette*, kan ei dotter få namna *Birthe Jeppesdatter* eller *Birthe Mettesdatter*. Dette er mogleg både for alle nyfødde barn og for andre som vil byte etternamn. Dette går fram av § 7 i den danske namnelova:

§ 7. Som efternavn kan endvidere tages

1) en af forældrenes fornavn med tilføjelsen -søn eller -datter

Dersom mora til eit barn har eit slikt ekte patronym eller metronym, kan det ikkje gå vidare til barnet. Når mora heiter f.eks. *Birthe Jeppesdatter* eller *Birthe Mettesdatter* som etternamn bygt på førenamnet til ein av foreldra sine, kan altså ikkje barnet få mora sitt ekte patronym til etternamn. I slike tilfelle må barnet få nytt metronym etter mora sitt førenamn pluss endinga *-datter*. Barnet kan f.eks. få namna *Freja Birthesdatter*. Eller barna kan få f.eks. farens etternamn, dersom han ikkje også skulle ha eit ekte patronym.

I slike tilfelle som er nemnde i sitatet frå boka, der barnet må få etternamn etter mora, og dessutan mora har eit ekte patronym (eller metronym), f.eks. *Jespersdatter*, må barnet få eit metronym bygt på moras førenamn, f.eks. *Birthesdatter*. Dette går fram av § 1 Stk. 2 (dvs. andre ledd eller avsnitt):

§ 1.

Stk. 2. Sker navngivning ikke inden den i stk. 1 nævnte frist, får barnet moderens efternavn. Dette gælder dog ikke, hvis moderens efternavn er taget i medfør af § 7, stk. 1, nr. 1 eller 2. I dette tilfælde får barnet afhængigt af sit køn moderens fornavn med tilføjelsen -søn eller -datter, jf. § 7, stk. 1, nr. 1.

I praksis er det svært uvanleg at mødre har ekte patronym som etternamn, ikkje minst sidan regelen er ny – frå 1.4.2006 (Dansk navnelov, § 30). Dessutan vil det vere ganske sjeldan at mødrer med ekte patronym eller ekte metronym i tillegg ikkje blir einige med barnefaren eller ikkje leverer melding innan fristen.

Sitatet frå boka gjeld eit særtilfelle som har liten informasjonsverdi for nord-amerikanske lesarar. For målgruppa ville det vore meir relevant å skrive om at ekte metronym gjeld som ein regel for alle, eller at nyfødde barn får moras etternamn dersom foreldra ikkje blir samde eller ikkje melder frå innan fristen. I boka er dette blanda saman på gale vis. Eksempelet med *Birthe Jensen* i boka er altså gale. *Jensen* er ikkje eit ekte patronym, men eit ordinært sen-namn, som vil seie eit sekundærpatronym. Hadde eksempelet i boka vore *Birthe Jeppesdatter*, ville det vore rett.

### Metronym i norsk lov

For omtalen av den norske namelova tek forfattarane utgangpunkt i same situasjon som for den danske lova, med at barnet ikkje har fått meldt etternamn. Det står (s. 135–136):



If the mother has no surname, the surname of the child will be given her name «with an ending that shows the relationship of mother and child,» that is, a matronymic name.

Med unntak for dei kongelege, har alle personar etternamn i Noreg. Sitatet ovanfor gjeld neppe kongelege, men det ser ut til å vere ei galen framstilling om ein regel i den norske namnelova.

Regelen som er omtalt i sitatet, gjeld ikkje «no surname», men ekte patronym eller ekte metronym hos mora. Ekte patronym og ekte metronym blir rekna som etternamn ifølgje den norske namnelova. I Noreg gjeld stort sett same reglar som er forklarte for den danske lova ovanfor. Den danske namnelova blei i hovudsak bygd på den norske namnelova når det gjeld alt som er omtalt for den danske lova ovanfor. Norske reglar om dette går fram av § 4 i *lov om personnavn* og i *Rundskriv G-20/2002*, pkt. 2.3.6.1, s. 17–18.

Reglane om mors patronym eller metronym har altså på gale vis blitt til sekundærpatronymet *Jensen* i den danske lova og manglande etternamn i den norske.

### **Doble etternamn i norsk lov**

I samband med den norske namnelova blir òg nyinnføringa av doble etternamn med bindestrek omtalt. Det er slik at barn kan få både mors og fars etternamn med bindestrek mellom, som f.eks. *Solveig Undset-Arnestad*. Dei skisserer eit framtidssyn (s. 136):

But other parents look ahead to when a child with a lengthy last name might marry a person with another lengthy last name. For example, Solveig Undset-Arnestad might marry Håvard Solstad-Jensen, and it would be a problem if they wanted their children to have all the names: Elsa Solstad-Jensen-Undset-Arnestad. And the problem would potentially multiply with each new generation. In order to prevent endless surnames, some couples choose to give their children only one surname.

Slikt som dette er kjent frå norske underhaldningsinnslag, men det er neppe meint på det viset i denne boka. I den norske namnelova står det:

#### § 7. Doble etternavn

To navn som kan tas som etternavn, kan tas som et dobbelt etternavn der de to navnene er satt sammen med bindestrek. I forhold til §§ 3 og 4 regnes et dobbelt etternavn som to adskilte etternavn.

I rundskrivet om lova (*Rundskriv G-20/2002*, s. 43, pkt. 3.7) står det bl.a.:

### 3.7 Doble etternavn, § 7

[...] I forhold til disse reglene regnes doble etternavn som to separate etternavn. Et dobbelt etternavn kan derfor ikke utgjøre det ene navnet i et dobbelt etternavn, og i en persons fulle etternavn kan det derfor ikke inngå mer enn to enkle etternavn. [...]

Fleire einskilte etternamn enn to kan ikkje kombinerast til etternamn, altså ikkje fleire enn her:

Elsa Undset-Arnestad

Det er derimot mogleg å bruke opphavlege etternamn til mellomnamn. Vi kan tenkje oss eksempla:

Elsa Solstad Jensen Undset-Arnestad

Elsa Solstad Undset Jensen-Arnestad

I det første er *Solstad Jensen* to mellomnamn og *Undset-Arnestad* er eit dobbelt etternamn.

Det kan under visse vilkår bli fleire enn to ord i etternamnet. Gamle etternamn med prefiks kan kombinerast som om dei er eitt etternamn, og bli til dobbeltnamn som *Hansen-van Tangen* og *de Lange-von Tangen*.

Framstillinga om doble og fleirledda etternamn i boka er altså galen.

## REFERANSAR I BOKA

Boka har ei fylldig og nyttig referanseliste, for båe sider av Atlanteren. Sjølv om det er blanda prinsipp for oppføringsmåtar, let det seg godt gjere å finne fram. Referansar til den kanadiske namnestatistikken som er brukt, ser ut til å mangle.

## AVSLUTNING

Her er det peika på mange feil. Det står att å streke under at boka trass dette kan vere til stor nytte for målgruppa. Særleg vil eg trekkje fram leksikondelen der nordamerikanske, og andre som les engelsk, kan få rette forklaringar på kva som er opphav og tyding for opphavleg skandinaviske namn. Det har vore ein mangel elles til no. Dessutan er det fleire kapittel med namneråd som kan vere svært nyttige for den same målgruppa. Det er likevel uheldig med mange galne opplysningar om uttale, om nyare førenamnbruk i Skandinavia og om den danske og norske namnelova.

## Referansar

- Danmarks Statistik (DS). Navne, <http://www.dst.dk/navne.aspx> [Henta i juli 2011].
- Dansk 2005 = Navneforskning, Københavns universitet. 2005: Danskernes Navne. <http://www.danskernesnavne.navneforskning.ku.dk/Personnavne.asp> [Henta i juli 2011].
- Dansk navnelov = Navnelov, 24. juni 2005, <https://www.retsinformation.dk/Forms/R0710.aspx?id=31494> [Henta i juli 2011].
- Duchesne, L. 2001: Les prénoms. Des plus rares aux plus courantes au Québec. Outremont (Canada).
- Brink, L. m.fl. 1991: Den Store Danske Udtaleordbog. København.
- Hanks, P., Hardcastle, K. og Hodges, F. 2006: A Dictionary of First Names. 2. utg. Oxford.
- Hedelin, P. 1997: Norstedts svenska uttalslexikon. Stockholm.
- lov om personnavn = Lov om personnavn (navneloven), 7. juni 2002, nr. 19. Oslo
- Rundskriv G-20/2002 = Det kongelige justis- og politidepartement: Rundskriv G-20/2002, 15. november 2002. Lov om personnavn 7. juni 2002 nr. 19. Oslo: Statens forvaltningstjeneste, Informasjonsforvaltning. [Papir- og nettversjon.] Nettversjon med tittelen Om ny navnelov: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/jd/dok/rundskriv/2002/Rundskriv-G-2002.html?id=109097> [henta 15.6.2008]
- SSA = Social Security Administration, USA: «Popular Names by Birth Year», <http://www.ssa.gov/OACT/babynames/index.html> [Henta i juli 2011].
- SCB 2011 = Statistiska centralbyrån. Namnstatistik, [http://www.scb.se/Pages/Product\\_\\_\\_30895.aspx](http://www.scb.se/Pages/Product___30895.aspx) [Henta i juli 2011].
- Wells, J.C. 2005 [2000]: Longman Pronunciation Dictionary. Essex, England.
- Weise, L. og Hjorth Pedersen, B. 1990: Danske fornavne. København.
- SSB tiårslister = Statistisk sentralbyrå, Norge: Namnstatistikk 2010 <http://www.ssb.no/navn/> [Gjeld tiårslister; første gongen publisert i januar 2006].

Ivar Utne

\*\*\*

Margit Harsson, Leksikon over norske *rud*-namn frå mellomalderen. Oslo: Novus Forlag. 2010. 925 s. + 14 upaginerte sider karttillegg. ISBN 978-82-7099-600-1.

Med utgjevinga av dei fylkesvise banda av storverket Oluf Rygh (red.): *Norske Gaardnavne* (1–18, 1897–1924, med registerband, 19, 1936) vart det lagt eit solid grunnlag for vidare gransking av ulike typar norske busetnadsnamn, bl.a. dei store gardsnamnklassane. Om ein held utanfor Magnus Olsens studie *Ættegård og helligdom. Norske stedsnavn sosialt og religionshistorisk belyst* (1926) og Olav T. Beitoss undersøking av seternamn (1949), dessutan to doktoravhandlingar om gardsnamn som kom ved det siste hundreårsskiftet, nemleg om *land*-namn (Særheim 1999) og *bø*-namn (Schmidt 2000), må ein likevel diverre seia at tilskota frå det norske namneforskarmiljøet når det gjeld undersøking av namn på gardar og andre busetnadseiningar, har vore heller fåe og av

mindre omfang. Frå grannelanda Sverige og Danmark kan det reknast opp fleire monografiar som omfattar store klassar av busetnadsnamn, bl.a. klassane *vin* (Jansson 1951), *heim* (Hald 1942), *stad* (Linde 1951, Kousgård Sørensen 1958), *set(er)* (Hedblom 1945), *lev* (Søndergaard 1972), *inge* (Ståhle 1946) og *rud* (Ejder 1979, Fridell 1992). Gammeltofts avhandling (2001) om *bólstaðr*-namn omfattar òg namn på norrøn busetjing i vikingtida på øyar vest i havet.

Mot denne bakgrunnen er det gledeleg at Margit Harsson no har kome med eit omfangsrikt og solid bidrag som omfattar norske gardsnamn, med tittelen *Leksikon over norske rud-namn frå mellomalderen* (2010). Den ruvande boka på nesten 950 sider har, som tittelen fortel, fått form som eit leksikon, der dei meir enn 3000 norske gardsnamna frå mellomalderen med nemnet *rud* (norr. *ruð* n. ‘rydning’) er presenterte i alfabetisk rekkjefølgje og tolka. Med denne viktige bokutgjevinga, som er resultat av ein langvarig forskingsinnsats frå forfattaren si side, er den største klassen av norske gardsnamn no samla mellom to permar.

I dei nemnde avhandlingane om sentrale nordiske gardsnamnklassar er det i tillegg til materialpresentasjonen teke opp til vurdering og drøfting ei eller fleire sentrale problemstillingar, anten av språkhistorisk eller busetnadshistorisk art. Det finn ein ikkje i boka til Harsson, som, etter det ho skriv i innleiingskapitlet, først og fremst har som mål å registrera alle *rud*-namna og «ordne og systematisere namnetilfanget slik at andre forskarar, særleg agrar- og språkhistorikarar, kan ha nytte av det i ulike samanhengar». Registrering, språkleg klargjering og presentasjon av namnetilfanget er med andre ord målet med dette bokprosjektet.

Leksikondelen omfattar 843 sider, det vil seia det aller meste av boka. Denne delen byrjar med namnet *Abberud* på side 19 og sluttar med *Åvestrud* på side 861. Eit kort innleiingskapittel (s. 7–18) omhandlar målet med utgjevinga. Her finn ein dessutan ymse avgrensingar, som bl.a. gjeld namnetype, alder, geografisk og funksjon, dessutan oversyn over kva som er teke med i dei einskilde leksikonartiklane.

Etter leksikondelen finn ein ymse oversyn og register. Det er utarbeidd oversyn over bl.a. den fylkesvise fordelinga av *rud*-namna, litteratur som er nemnd, kjelder til namnebelegg, forkortingar og lydskrift. Det er også laga register av ord, stadnamn og person- og tilnamn som er nemnde i leksikonartiklane, dessutan av diverse språklege tilhøve og emne som er tekne opp i artiklane. I det sistnemnde registeret, som vil vera nyttig for språk- og namneforskarar, finn ein tilvising til namneartiklar der det er omtale av bl.a. ulike lydendingar av *rud*, bortfall av *rud* (ellipse), omtolking til *rud*, omtolking frå *rud*, tillegg av *rud*, bortfall av føreledd, tillegg av føreledd, andreleddstrykk, halvemål, delabialisering, differensiasjon, innskotsvokal, itakisme, konsonantinn-

skot og spesielle grammatiske former som ligg føre (bestemt eller ubestemt form og ulike kasusformer).

I oversynet over emne som er tekne opp i boka, er det òg nemnt nokre viktige tydingskategoriar og nemnetypar i føreledda, med døme på namn under kvar kategori. Her er det nemnt avsides lægje (t.d. *\*Attararud*), dyreliv (*Bamsrud*), fiske (*Bermingrud*), fugleliv (*Arud*), høyberging i utmarka (*Desarud*), jorddyrking (*Bognerud*), klesplagg (*Hetterud*), kropps nemne (*Struperud*), treslag (*Almerud*), yrke (*Bakerød*), nedsetjande namn (*\*Belialsrud*), rosande namn (*\*Fagrarud*), rydding ved brenning (*Brennsrud*) og trælehald (*Mansrud*).

I leksikondelen for kvart av dei nemnde døma er det ført opp andre føreledd med mogleg tilsvarende real bakgrunn. I *rud*-namnet *\*Belialsrud* er føreleddet tolka som det bibelske namnet *Belial*, som i Bibelen er brukt om djevelen og antikrist. I gardsnamnet kan det vera brukt som tilnamn med nedsetjande innhald. Under dette oppslaget er det nemnt andre *rud*-namn som kan vera nedsetjande, t.d. *Dusterud*, *\*Helvitisrud*, *Loppurud*, *Pisserød*, *Pjonkerød* og *Pukerud*. Oppføring av parallelle tydingsfelt og namngjevingsgrunnar er nyttig for forskarkolleagaer, både for namnegranskarar og busetnadshistorikarar.

Under *\*Attararud* er adverbet norr. *aptarr* ‘attare, lenger bak’ føreslått som føreledd, med bakgrunn i «avsides lægje». Av andre føreledd med same tyding er bl.a. *Av-*, *Bak-* og *Krok-* nemnde. I leksikondelen finst det 10 oppslag med namneforma *Kroksrud*, men ingen *\*Krokrud*. Under det første oppslaget av namnet *Kroksrud* er den nemnde forklaringa, «avsides lægje», føreslått, rett nok som «tredje tyding», etter (1) manns- eller tilnamnet norr. *Krókr* og (2) norr. *krókr* m. ‘krok, sving’ med bakgrunn i «ein elvesving eller bøyg i ei strandline». Det er ikkje ført opp *rud*-namn med føreledda *Av-* eller *Bak-* som oppslagsformer i leksikondelen. For ulike brukarar av boka hadde det vore lettare å følgja resonnementa til forfattaren og finna fram i namnemassen dersom det i slike høve var vist til namneformer som er nytta som oppslag i leksikondelen.

Etter leksikondelen er det òg kort omtale av nærskylde ord, som norr. *rjóðr* n., *roð* n., *roða* f., *\*roði* m., *\*ruð* f. og *\*ryð* f., og det er teke med namn som kan tolkast til slike ord. Det er elles oversyn over visse grammatiske formkategoriar, bl.a. kasusformer, med døme på namn som reflekterer dei ulike formtypane. Også landskylda er omtala, med omrekning til lispund, og med oppgjeving av gjennomsnittleg landskyld i 1647 for dei einskilde fylka. Sist i boka (etter s. 925) finn ein 14 upaginerte sider der det er teke med fylkeskart som viser eldre heradsinndeling.

Dei einskilde leksikonartiklane inneheld følgjande punkt: normert namneform, lokal uttale, administrativ lokalisering, eldre skriftlege belegg, framlegg til tolking av føreledda og kommentarar av ulike slag (tydingar, lydendringar,

andre namn med tilsvarende føreledd). Også landskylda i matrikkelen frå 1647 er teken med.

Sjølv om ein god slump av dei presenterte namna førekjem fleire stader, får kvar førekomst eige oppslag i leksikonet. Denne meldaren har t.d. talt 10 oppslag med det samansette namnet *Kroksrud* (s. 413–415), dessutan 135 med det usamansette *Rud* (s. 555–578) og 95 med det usamansette *Rød* (s. 592–611). Det ville truleg ha vore meir oversiktleg for lesarar om det på ein eller annan måte hadde vore markert at det i slike høve er tale om namn med same oppslagsforma, ev. med same språklege opphav.

I innleiinga understrekar Harsson, med rette, uvissa ved mange namnetolkingar, for ho skriv: «Svært mange forledd i *rud*-namn kan ein forklare på meir enn éin måte, dvs. at forleddet er fleirtydig eller mangetydig». Sjølv om *rud*-namna er rekna som ein av dei ‘yngre’ namneklassane (frå ca. 1000–1349), er opphavet til mange namn av denne typen uvisst. For mange namn presenterer forfattaren fleire moglege tolkingsalternativ. For *Alkerød* (s. 21) føreslår ho «eit elvenamn *Arka\**, laga av verbet *arka* ‘gå seint, trått’, eller av fuglenemnet *ari* m. ‘ørn’ med avleiingsendinga *-ka*». Ho nemner Kåre Hoels framlegg om «eit persontilnamn *Arki* eller yrkesnemnet *arkari\** m ‘kistemakar’», vidare mogleg samband med *ark* f. ‘kiste’, brukt om eit kiste-liknande hus ved nyrydningen, og ho viser dessutan til at ordet *kiste* f. ‘skrin, ark’ kan ha tydinga ‘innsenking, pass’ i stadnamn. Ho konkluderer med at fleire tolkingar er moglege for føreleddet i dette namnet: «som elvenamn, fuglenemne, tilnamn, yrkesnemne, fjellnamn osv.».

Forfattaren gjer rett i å understreka kor uvisse mange stadnamntolkingar er, og i å ta med fleire moglege tolkingsalternativ for ein god slump av namna. Likevel ville ein lesar ha sett pris på å få vita kva forfattaren reknar som den rimelegaste tolkinga, og kva som er mindre rimelege framlegg. Dette kjem ikkje godt nok fram i presentasjonen av tolkingsalternativ. Både den interesserte ålmenta og forskarkollegaer ventar at den som har registrert, analysert, vurdert og presentert forskingsmaterialet, tek stilling til dei moglege tolkingane som er lagde fram.

Mange *rud*-namn inneheld eit personnamn eller persontilnamn. Denne namnetypen er difor ei særskild viktig kjelde til informasjon om personnamngjevinga her i landet i høgmedialderen. For personnamnforskarar vil boka til Harsson difor vera ei kjærkomen kjelde og materialsamling.

Det finst òg mange føreledd i *rud*-namna som fortel om topografien. For ein god slump av namna føreslår Harsson samansetjing med nemne som har bakgrunn i topografien, gjerne som ei av fleire moglege tolkingar. I slike høve ventar lesaren å få ei nærare grunngjeving ut frå lendet på den aktuelle staden, altså svar på eit spørsmål om tolkingsframlegget passar med naturtilhøva på

staden. Slike vurderingar, drøftingar og grunngevingar kunne det ha vore meir av i boka.

Målet med *rud*-prosjektet og boka om denne namneklassen har, som sagt, vore å registrera alle *rud*-namna og ordna dette tilfanget slik at andre forskarar, særleg agrar- og språkhistorikarar, kan ha nytte av det i ulike samanhengar. Forfattaren har valt å «kommentere språklege endringar, og endringar i gardsstatus som følgje av svartedauden i 1350». Ho ønskjer å «presentere eit fagleg basert grunnlagsmateriale» og «analysere delar av dette». Slik vil ho «bygge opp ein kunnskapsbase om gamle norske *rud*-namn, ein base som kan fortelje oss om eldre samfunnstilhøve både språkhistorisk og realhistorisk». Harssons leksikon over norske *rud*-namn er ein viktig presentasjon av forskingsmateriale som danner eit godt grunnlag for vidare gransking av denne namnetypen og av andre språklege og historiske tilhøve, t.d. personnamnbruken i mellomalderen og gardshistoria og busetnadsutviklinga i høg mellomalderen.

Boka til Harsson er resultat av ein forskingsinnsats som går attende til slutten av 1980-åra. Forfattaren har lukkast i å nå dei måla som er nemnde i innleiinga av boka. Ho har registrert eit omfattande materiale frå skriftlege og munnlege kjelder, analysert tilfanget og utarbeidd eit leksikon som vil vera eit nyttig oppslagsverk for både språkforskarar og historikarar, og, ikkje minst, for den store ålmenta her i landet som er oppteken av lokale stadnamn. Leksikonet om *rud*-namna inneheld eit vell av informasjon og tolkingar som er ordna på ein oversiktleg og lett tilgjengeleg måte. Dei mange språklege analysane som er presenterte, er gjennomgåande velfunderte og pålitelege.

## Litteratur

- Beito, O.T. 1949. Norske sæternamn. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B. Skrifter 45. Oslo.
- Ejder, B. 1979. *Ryd* och *rud*. Skrifter utgivna genom Dialekt- och ortnamnsarkivet i Lund. 2. Lund.
- Fridell, S. 1992. Ortnamn på *-ryd* i Småland. Studier till en svensk ortnamnsatlas. 15. Uppsala.
- Gammeltoft, P. 2001. The place-name element *bólstaðr* in the North Atlantic area. Navnestudier udgivet af Institut for Navneforskning. 38. København.
- Hald, K. 1942. De danske stednavne på *-um*. København.
- Hedblom, F. 1945. De svenska ortnamnen på *säter*. En namngeografisk undersökning. Skrifter utgivna av Kungl. Gustav Adolfs Akademien. 13. Uppsala.
- Jansson, V. 1951. Nordiska *vin*-namn. En ortnamnstyp och dess historia. Skrifter utgivna av Kungl. Gustav Adolfs Akademien 24. Studier till en svensk ortnamnsatlas. 8. Uppsala.
- Kousgård Sørensen, J. 1958. Danske bebyggelsesnavne på *-sted*. Navnestudier udgivet af Stednavneudvalget. 1. København.
- Linde, G. 1951. Studier över de svenska *sta*-namnen. Skrifter utgivna av Kungl. Gustav Adolfs Akademien. 26. Studier till en svensk ortnamnsatlas. 9. Uppsala.

- Olsen, M. 1926. Ættegård og helligdom. Norske stedsnavn sosialt og religionshistorisk belyst. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie A: Forelesninger. 9a. Oslo.
- Rygh, O. (red.). 1897–1936. Norske Gaardnavne 1–19 + Forord og Indledning. Kristiania/Oslo.
- Schmidt, T. 2000. Norske gårdsnavn på *-by* og *-bø* med personnavnforledd. 1. Acta Humaniora. 87. Universitetet i Oslo.
- Ståhle, C.I. 1946. Studier över de svenska ortnamnen på *-inge* på grundval av undersökningar i Stockholms län. Skrifter utgivna av Kungl. Gustav Adolfs Akademien. 16. Studier till en svensk ortnamnsatlas. 3. Uppsala.
- Særheim, I. 1999. Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på *-land*. Avhandling for dr.philos.-graden. Universitetet i Bergen.
- Søndergaard, B. 1972. Indledende studier over den nordiske stednavnetype *lev (løv)*. København.

*Inge Særheim*

\*\*\*

Gulbrand Alhaug. 2011: *10 001 navn. Norsk fornavnleksikon*. Oslo: Cappelen Damm. 422 sider. ISBN 978-82-02-24184-1.

Gulbrand Alhaugs *10 001 navn* er ei stor samling med namn brukte i Noreg på 1900-talet, eit århundre som Alhaug har jobba svært grundig med. Dette er eit ambisiøst opplegg med namn gjevne til minst fire personar i Noreg i perioden 1900–2008. Rett nok har han fira noko på dette kravet til utval frå dei nyare innvandrarkulturane (s. 11–12). Namn frå desse kulturane er likevel med i rikt monn, og med forklaringar. Elles kan det nemnast at han har dekt samisk og kvensk namnebruk.

### Skil seg ut

Dette er den første namneboka på norsk som følgjer namnebruken på brei front heilt opp i samtida, og med slike låge frekvensar som er nemnde ovanfor. Breidda og utvalet oppfyller langt på veg slike krav eg tidlegare har stilt i ein omtale av eit anna namneleksikon (Utne 2007:118–120).

Til alle som leitar etter forklaringar om gamle namn brukte før år 1900: Mange av dei er med i boka, fordi dei også har vore brukte for minst fire personar sidan år 1900.

Det største namneleksikonet før dette er *Norsk personnamnleksikon* (NPL) med ca. 6500 ulike namneformer (ny utvida utgåva er annonsert å kome i desember 2011). NPL skil seg frå *10 001 navn* med at det i NPL òg finst eldre namn som har vore mindre eller ikkje brukte i det heile på 1900-talet. Geografisk variasjon er med i NPL, men ikkje i oppslaga i *10 001 navn*.



I føreordet gjer forfattaren klart at leksikonet har eit populærvitskapleg siktemål og skil seg frå det vitskaplege NPL. Han viser til NPL for meir utfyllande namneforklaringar og tilvisingar til litteratur om kvart namn. I Alhaugs leksikon er namneforklaringane korte, men godt dekkjande. Dei er korte av omsyn til ein vid lesarkrins, og det kan sjå ut til å vere eit val som vil fungere greitt. Dessutan er oppsettet luftig og delikat, og ikkje kompakt slik at det lett blir avskrekkjande. Leksikonet, som omfattar det meste av boka, krev at lesaren er innstilt på å lese leksikonoppslag og ikkje samanhengande tekst. Samanhengande tekst finst òg, i tematiske kapittel. Trass i sitt populærvitskaplege siktemål vil det store omfanget med namneforklaringar og talmateriale i leksikonet vere til nytte for fagfolk av mange slag, f.eks. slektsforskarar, litteraturforskarar, og ikkje minst namneforskarar.

Alhaugs leksikon skil seg mest frå tidlegare namneleksikon med at mange av dei første namneberarane er nemnde. Alle desse er henta frå 1800-talet. Personar fødte seinare er normalt ikkje identifiserte i leksikonet av omsyn til personvern. Det er med til saman 1587 såkalla «navnepionerer».

For å finne fram til namnepionerar har Alhaug brukt folketeljingane frå 1865 og 1900 (s. 16–17). Han peiker på at alle som har fått namn, ikkje kan bli fanga opp på den måten. Når han veit at opplysningane om førstegangsbruken i folketeljingane kan vere usikre, har han ikkje oppgjeve nokon namneberar. Kor vanskeleg dette er, kan illustrerast med oppslaget om dei første som heitte *Viggo* i Noreg:

Den første med navnet var seksjonsjef Wictor Wiggo Mathiasen f. 1843 i Danmark, bosatt i Kristiania i 1900. Ettersom *Viggo* (og varianten *Wiggo*) er et dansk navn, er det ikke overraskende at den første med navnet kom fra Danmark (i 1843). Men like etterpå ble navnet gitt til en gutt født i Norge: *Viggo* Glahn Ørbeck, f. 1845 i Trysil. (s. 374)

Frå kyrkjeboka for Trysil sogn og *Trysil-boka* kan vi sjå at faren til den første-fødde *Wiggo* var landhandlar *Wiggo* Ørbeck, slik at guten var oppkalla etter faren sin (kyrkjeboka for Trysil sokn i *Digitalarkivet*, f. 3.10.1845; Lillevold 1946:249–250, 256). Denne faren flytta frå Christiania til Trysil før 1836 (Lillevold, s.st.). Han kan ha hatt dansk bakgrunn. Det budde altså ein *Viggo* i landet før det som går fram av oppslaget. Dette viser kor omfattande kjeldestudium som krevst for å ha sikker informasjon. Sjølv om det ser ut til at Alhaug i dette tilfellet ikkje har grave fram alt, står det respekt av det arbeidet som er lagt ned med namnepionerar.

Det er ikkje berre opplysningar om namnepionerar som skil oppslaga frå andre leksikon. I mange av oppslaga finst kommentarar om namn som er like på ulike vis, særleg i form eller tyding. Under oppslaget for *Lisken* les vi:

Lisken er kjæleform av navn som inneholder lis (særlig Elisabet). Kjæleformer av samme typen (med -ken) er f.eks. Linken og Minken (av f.eks. Line og Mina). (s. 228)

I nokre oppslag blir òg, som nemnt, namn med same tyding samla. *Audgunn* «er nylaget» og «svarer til det engelske *Edit* av Ed-gyth = 'rikdom + strid'» (s. 51). Under *Aurora*, som «kommer av latin *aurora* = 'morgenrøde'», står det at «[andre] kvinnenavn som betyr 'morgenrøde', er Gry, Eos, Dawn, Roxana, Danica og Zora» (s. 53). Mannsnamnet *Kamran* er persisk og «betyr 'lykkelig'. Det kommer dermed på linje med mannsnavn som *Felix*, *Fausto* og *Said* som også har denne betydningen» (s. 200).

Det nemnde populærvitskaplege føremålet kjem òg fram i ein terminologi der faguttrykk blir erstatta med uttrykksmåtar som er meir gjennomsynlege for mange. Nokre døme (s. 9–10):

apokopert form > e-løs form  
 diminutiv > liten-form  
 moving > hankjønnsform, hunkjønnsform

Alfabetiseringa av namn er ordna litt utradisjonelt, men praktisk. Tre typar stavemåtar som ofte vekslar med kvarandre i namn, står nær inntil kvarandre alfabetisk. Det gjeld *t* og *th*, *v* og *w*, *å* og *aa*. Vi finn f.eks. rekkjefølgja *Thorny*, *Torodd*, *Thorodd*, *Torolf*, *Thorolf* osv.; altså den moderne forma like før ei eldre eller utanlandsk. Tilsvarande er det med *Åsgeir*, *Aasgeir*, *Åsgerd* osv. Utanlandske namn med dobbel a der a-en har lang uttale, f.eks. *Aaron*, er sortert som a-ar og er unnatak. I NPL, til samanlikning, finst berre oppslag med *T*, og det står «Th- → T-» framfor det første namnet som byrjar på *T*, og tilsvarande for bl.a. *W* og *Aa*. Då ser eg på Alhaugs oppstilling som lettare å finne fram i, sidan dette gjeld skrivevariantar av namn som normalt blir oppfatta som variantar av kvarandre, og fordi vi på denne måten finn alle stovevariantar som eigne oppslag.

Meir uklar er føring av periodar. «1995–2000» blir brukt for «1.1. 1995 til 1.1. 2000» (s. 15), som i røynda er 1.1.1995–31.12.1999. Normalt vil tankestrek tyde frå og med noko, og til og med noko anna, slik at *1995–1999* vil vere det rette her. Det er tilsvarande for alle femårsperiodar i boka.

## Materialet

For alle namna i *10 001 navn* er det opplysningar om talet på namn for fødde i perioden 1900–2008, altså ikkje berre nolevande. Det byggjer på fullstendig folkeregister frå 1960, 1998 og 2008, bl.a. med den veikskapen at alle fødde før 1960 ikkje er med (s. 11).

I andre norske namneleksika og førenamnsoversyn har berre tal for første førenamn vore med til no. I dette nye leksikonet omfattar tala alle førenamn for dei fødte, dvs. også andre, tredje osv. Altså både *Anne* og *Marie* for dei som heiter *Anne Marie* eller *Anne-Marie*.

Det er ikkje klart korleis Alhaug skil førenamn ut over det første og mellomnamn frå kvarandre. Det er særleg aktuelt for tilfelle der folk har fått opphavlege etternamn som førenamn utan å ha familietilknytning til namna, slik det var mykje av før 1923. Fram til seint i 1990-åra, då det blei gjort eit stort arbeid med omklassifisering i folkeregisteret, var begge desse namnetypane for dei fleste plasserte sist blant førenamn. Tala i *10 001 navn* kan tyde på at leksikonet byggjer på oppdaterte tal etter dette. (Jamfør Utne 2005:120–121, der Alhaugs bruk av slike tal frå eldre folkeregistermateriale blir omtalt.)

Statistikkar som er plasserte etter leksikondelen, avslører med slikt namneutval heilt andre tal og namnetoppar enn vi er vane med å lese. Mellom anna er *Marie* på topp i store delar av perioden fordi det nesten heile tida har vore brukt mykje meir som andrenamn enn som første- og forstenamn (s. 430). Blant første- og forstenamn aleine vinn derimot *Anne*. I alt 88 % av *Marie*-berarane har *Marie* som andrenamn (tredjenamn osv.), men berre 8 % av *Anne*-berarane heiter *Anne* som andrenamn.

På mannssida topper *Arne* for perioden når ein tel med første og andre namn osv. hos kvar person, og på denne topplista har namnet mange fleire første- og andre plassar enn *Kristian* og *Jan* som kjem dernest (s. 432). Både *Arne* og *Kristian* vinn over *Jan* fordi dei er mykje meir brukte som andrenamn, høvesvis 37, 55 og 5 % som andrenamn. *Jan* ville kome først dersom ein berre talde første- og forstenamna.

### Om norsk namneskikk

I sjølve oppslaga får vi, som nemnt, ikkje opplysningar om kor i landet namna er eller har vore brukte mest. Derimot har boka eit eige kapittel med lister over namn som er typiske for kvart fylke i landet. Eit namn blir rekna som «særpreget» for eit fylke når minst 20 % av alle med eit namn finst i fylket. *Ånund* er særpreget for alle dei tre fylka Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder der i alt 85 % av namneberarane har vore samla, medan 66 % av dei med namnet *Gyro* har budd i Aust-Agder (s. 393). Bergen er ført opp som eige «fylke», med bl.a. tyske og nederlandske namn som *Dyveke*, *Janiche* og *Vibeche*. Bergen har heilt andre særpregete namn enn Hordaland, som omfattar berre resten av fylket og har meir vekt på gamle nordiske namn (s. 397–98).

Utrekninga for særpreget i eit fylke er svært komplisert forklart i boka, men ser ut til å kunne oppfattast som så enkel som ovanfor. Sidan materialet frå folkeregisteret ikkje har opplysningar om fødestad, er opplysningane om fylke langt frå sikre, noko òg Alhaug kommenterer (s. 394).

For fylka har han lagt vekt på «navn med en viss tradisjon i Norge» (s. 394). Derfor er blant anna dei vietnamesiske namna *Minh* og *Quang* utelatne, sjølv om dei i teljinga oppfyller kravet til særprega Østfold-namn. Dette er likevel ikkje lister som er sterkt konsentrerte om gamle tradisjonsnamn i fylka. I hovudsak viser listene korleis både gamle og nye namn var fordelte på 1900-talet, bygde på folkeregisteret i 1998. Såleis finst f.eks. *Gladys*, *Sally*, *Gordon*, *Stanley* i Vest-Agder, *Kitt*, *Vilja* og *Benny* i Nordland, og det opphavleg slaviske kallenamnet *Venja* i Østfold og Vestfold.

Namn med få berarar kan òg sjå ut til å bli særprega namn i eitt eller fleire fylke. Kvinnenamnet *Ing* er med i Nordland og Troms (s. 399), altså bur minst 40 % av alle *Ing* i landet i dei to fylka til saman. *Ing* er ikkje med i leksikon-delen, noko som vil seie at det er færre enn fire med namnet, eller i alle fall lågare enn ti (etter utvalskriterium i boka, s. 11). *Ing* er eit namn som blir brukt med bindestrekskombinasjon i Sverige, som *Ing-Marie*, og til vanleg ikkje aleine, heller ikkje i Noreg. Desse fylkeslistene inneheld berre førstenamn, men truleg òg første del i bindestreksnamn (s. 394, jf. s. 11). Det siste kan i så fall best forklare at namnet finst som særprega namn i to fylke.

Boka inneheld ei baklengssortert namneliste, altså sortert etter siste og nest siste bokstav osv. i namna (s. 446–480). På den måten kjem f.eks. alle namn som endar på *-hild* etter kvarandre og det same for alle som endar på *-a*. Forfatteren motiverer nytten i første setninga i omtalen av lista: «Noen foreldre kan ønske at barnet skal ha et navn som inneholder en spesiell navnedel.» Dessutan meiner eg at dette òg har stor nytte for mange andre, bl.a. namneforskarar.

Blant interessante funn i omtalen av baklengslista, er at 34 % av kvinne-namna endar på *-a*, 25 % på *-e* og 7 % på *-y*. A-endingane tidfestar Alhaug til namn som var populære tidleg på 1900-talet og no hundre år seinare, medan han plasserer e-endingane midt på 1900-talet. Dessutan nemner han at a-endingar ofte er komne frå Sverige og at e-endingar er komne frå Danmark. Slik set han endingar inn i ein historisk og kulturell samanheng på ein fin måte for lesarane.

Andre kapittel med lister og tabellar kan nemnast: eitt om å lage nye førenamn av namneledd frå gammal nordisk tradisjon, og dessutan to kapittel om sjeldne namn og om namn brukte for både menn og kvinner. Han skriv dessutan om namnetrendar og om doble førenamn.

### **Kommentarar til einskildoppslag**

I tillegg til å finne namnepionerar og tid for bruk, har Gulbrand Alhaug òg lagt ned eit enormt arbeid med å finne fram til språkleg opphav og tydingar, som eg jamt over finn rimelege. I det følgjande vil eg supplere for nokre av namna, ordna etter opphav.

### Utanlandske namn

Kvinnenamnet «Aude er e-utvidelse av Aud», får vi opplyst (s. 51). Det er ikkje nemnt at *Aude* er eit gammalt fransk kvinnenamn, mykje brukt i Frankrike på 1980-talet (Besnard 2007:112). *Aude* har bakgrunn i germansk *ald* (= *alt*), 'gammal', eller *aud* (*ot*, *od*), 'rikdom' (Besnard, s.st.; Tanet og Hordé 2007:57).

«Diego kan være kortform av det spanske Santiago, dvs. Sankt Jakob [...]. Det er også foreslått at Diego har keltisk opphav», står det i *Diego*-oppslaget (s. 89). *Diego* er ikkje oppgjeve som «keltisk» i pålitelege spanske namneverk. Derimot kan namnet i tillegg til *Jakob*-opphavet ha bakgrunn i det latinske *Didacus* brukt i det iberiske området (spansk, portugisisk) i mellomalderen. Lenger attende har *Didacus* opphav frå gresk *didakhos* (διδάχος) for 'undervisning', jf. didaktikk (Tibón 2003:75).

«Gurli er et gudinnenavn, trolig av indisk Gauri, som laget til ordet gauri (= 'hvit') i sanskrit. [...] Gurli er kjent fra eventyrsamlingen «Tusen og en natt»», skriv Alhaug (s. 144). Den tyske namneforskeren Seibicke har gjort grundige undersøkingar om *Gurli* (Seibicke 1997:97–100). Han opplyser at namnet *Gurli* først er kjent frå skodespelet «Die Indianer in London» av August von Kotzebue, oppført i Tallinn (tysk: Reval) i Estland i 1789. Namnet spreidde seg derifrå til nordiske land, og ikkje sørover i Europa. Namnet *Gurli* finst ikkje i samlinga *Tusen og ei natt*. I teorien kan det indiske namnet *Gaudi* ha blitt til *Gurli* på språket kanaresisk, som var språket i det indiske området der skodespelet har motiv frå. Det er ikkje klart at noko indisk namn er grunnlaget for den litterære bruken. *Gurli* er altså først brukt litterært i 1789 i Tallinn utan kjend bakgrunn.

Kvinnenamnet «Love [...] kommer av det engelske ordet love = 'kjærlighet'» (s. 232). Det kan leggjast til at *Love*, og oftast *Lova*, er svenske kjæleformer for *Louise*, og at *Love* dessutan er svensk mannsnamn, helst laga som mannleg form til kvinnenamnet *Lova* (Otterbjörk 2000:110, 174–175). Det engelske ordet *love* ser ut til å vere grunnlaget for dei fleste kvinnene med *Love* som namn i Noreg fordi dei elles har engelske namn i namnerekkjeja si.

«Noe er kanskje e-form av Noa», står det i leksikonet (s. 275). *Noe* er heilt klart ein variant av *Noah* (Aasen 1997[1878]:81[89], note 10). Før 1800-talet var *Noe* forma for *Noah* i danske biblar og normalt i norske offentlege register. *Noe* er den gamle greske og latinske forma, og ikkje ei norsk e-form av *Noah*. *Noe* er no i bruk på bl.a. gresk, italiensk, spansk, portugisisk, fransk og tsjekkisk. Forma *Noah* ligg nærare den gamle hebraiske forma.

Mannsnamnet «Nor er trolig kortform av navn på Nor-, f.eks. Noralf», og «mest brukt 2000–08» (s. 276). Det kan leggjast til at *Nor* er eit vanleg arabisk namn, både for menn og kvinner, ein stavevariant av *Noor*, som er med i leksikonet. Dei fleste namneberarane i Noreg med *Nor* har arabiske namn i namnerekkjeja si.

### Opphavlege kjæleformer

«Mosse er kjæleform av navn som Margrete og Marie. Mosse Jørgensen (1921–2009), skolereformator (Forsøksgymnaset)», les vi (s. 266). Det er uklart om eksempelet er meint som verkeleg namn eller kjæleform. I alle fall heitte ho offisielt Margit Jørgensen (snl.no).

«Tutta er trolig kjæleform av navn som Rut og Turid», les vi (s. 363). Kan hende det finst slik bakgrunn for nokre tilfelle med *Tutta*. *Tutta*, og dessutan varianten *Tutt*, er helst eit kjælenamn på små barn utan omsyn til førenamn, og tyder 'lite barn', og kan likne bruken av kjælenamn som *Vesla* og *Lillebror*. Ordet *tutt* hadde same tyding allereie i norrønt (*tuttr*).

### Nylaging

«Kårleiv [...] er nylaget (1930–40)», står det (s. 217). Tilsvarende får vi opplyst i NPL. Ein Kårleiv fødd i 1932 har fortalt meg at foreldra hans fann namnet i Vågslids *Navnebok*. Den kom ut i 1930. Der nemner Vågslid at *Kårleiv* (som tilsvargar *Kårleiv*) kan vere eit gammalt nordisk namn, noko han går bort frå i *Norderlenske fyrenamn* i 1988 (Vågslid 1930:145, Vågslid 1988:215–16, 229). Namnet *Kårleiv* ser på den måten i røynda ut til å vere nylaga av Vågslid.

Kvinnenamnet «Ledis [...] er nylaget (1930–40)» (s. 220). Tilsvarende får vi opplyst i NPL. Det kan leggjast til at *Ledis* er eit gammalt mytologisk namn frå *Den eldre edda*, som *Hlédís* i *Hyndluljóð*. Namnet finst bl.a. i Vågslid 1930 der foreldre kan ha henta namnet.

«Turill (1930–40) er laget til Turid», og «Turil (1938) er en variant», skriv Alhaug (s. 363). Det er minst like rimeleg å sjå på *Torhild* som opphav til *Turill* og *Turil*. Forma *Turil* som variant av *Torhild* finst i namneboka *Gudlabadne* med namn for hardingar, utan opplysning om bruk (Jondal Mållag m.fl. 1996:66). Dessutan finst former som *Turilda* og *Turilde* i kyrkjebøkene for Voss og Hosanger på 1700-talet (dels fødde på 1600-talet) og i registrering frå Leikanger i 1743 (Digitalarkivet, Riksarkivet 2006:298). Jf. tilsvarende uttale- og skriftvariantar i *Tuva* og *Tove*, og i *Turid* og *Torfrid*.

### Opphav frå nordisk mellomalder

Om *Gundro* skriv Alhaug:

Norrøn form var Gunn-frøðr = 'strid + fred'. [...] På 1300-tallet ble navnet endret til Gunnro. På 1900-tallet har Gundro vært mest vanlig. Ettersom *nr* har utviklet seg til *ndr* i noen navn (f.eks. Eindride, Hendrik, Konrad), kan det samme ha skjedd i Gundro. Men stavemåten Gundro kan også skyldes påvirkning fra dansk. (s. 141)

Den danskspråklege forklaringa om *Gundro* er klart den mest rimelege. Uttalen

av *Gundro* har tradisjonelt vore /gunru/ [IPA-teikn], dvs. kort o-uttale og n, i Østfold der namnet først og fremst har vore i bruk. Mest truleg er derfor *nd* dansk skrivmåte. Dagens uttale i det same området er oftast bokstavrett med *nd*. Om dei nemnde eksempla med *ndr* kan det leggjast til at *Hendrik* og *Kondrad* mest sannsynleg har fått inn *d* i nederlandsk eller lågtysk før innlån til Noreg, medan *Eindrude* hadde form med *d* i norrønt (van der Meer 1927:102; van der Schaar 2005:192 («Hendrik»), 239 («Koenderika», «Koendert»); Noreen 1970 [1923]:114).

### Kort oppsummert

Trass i at det går an å finne mykje ein kan supplere med, er dette alt i alt eit fagleg godt fundert verk som er godt leseleg og nyttig for lek og lærd.

### Referansar

- Besnard, J. 2007: La cote des prénoms en 2008. Neuilly-sur-Seine Cedex.
- Digitalarkivet = <http://digitalarkivet.no> [Digitaliserte historiske dokument. For denne omtalen er det brukt folketeljingar og kyrkjebøker. Brukt i okt. 2011.]
- Jondal Mållag, Odda Mållag, Ullensvang Mållag. 1996: Gudlabadne. Ei kjelda med gode førenamn utgjeve av mållaga i Jondal, Odda og Ullensvang.
- Lillevold, E. 1946: Trysil-boka. Garder og slekter II. Trysil.
- Meer, M. J. van der. 1927: Historische Grammatik der Niederländischen Sprache. I. Band: Einleitung und Lautlehre. Heidelberg.
- Noreen, A. 1970 [= 1923]: Altnordische Grammatik. I. Tübingen
- NPL = Kristoffer Kruken og Ola Stemshaug (red.). 1995: Norsk personnamleksikon. 2. utgåva. Oslo.
- Otterbjörk, R. 2000: Svenska förnamn. Stockholm.
- Riksarkivet. 2006: Norge i 1743. Innberetninger som svar på 43 spørsmål fra Danske Kanselli, bd. 4. utg. av Margit Løyland. Oslo.
- Schaar, J. van der. 2005: Prisma Voornamen [rev. av Doreen Gerritzen]. 17. oppl. Utrecht.
- Seibicke, W. 1997: Gurli und Rustan. Zwei exotische Vornamen. SAS 15.97–100.
- snl.no = Store norske leksikon [nettutgåve], <http://snl.no/> [Brukt i okt. 2011.]
- Tanet, C. og Tristan, H. 2007: Dictionnaire des prénoms. Paris.
- Tibón, G. 2003: Diccionario etimológico comparado de nombres propios de persona. 3. utg. 3. oppl. México: Fondo de cultura económica.
- Utne, I. 2005: Gulbrand Alhaug: Fornamn i Noreg frå 1900 til 1975 — med vekt på endringar i namnemønsteret [Bokmelding]. NN 22.119–122.
- Utne, I. 2007: Jørgen Ouren: Den store norske navneboka [Bokmelding]. NN 24.114–120.
- Vågslid, E. 1930: Norsk navnebok. Døypenavn med tydingar. Oslo.
- Vågslid, E. 1988: Norderlandske fyrenamn. Namnebok. Eidsvoll.
- Aasen, I. 1997[1878]: Norsk Navnebog eller Samling af Mandsnavne og Kvindenavne. Ved Kristoffer Kruken og Terje Aarset. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet, 3. Volda. [På grunnlag av Ivar Aasens 1878-utgåve med same tittel.]

Ivar Utne



Ivar Utne: Hva er et navn? Tradisjoner. Navnemoter. Valg av fornavn og etternavn. 222 s. Oslo. Pax forlag. ISBN 978-82-530-3384-6

Ivar Utne har skrive ei god og morosam bok om namn og namngjeving. Boki vender seg til den interesserte ålmenta, og forfattaren skriv populært og lett forståeleg, samstundes som stoffet er fagleg velfundert. Få, om nokon, kjenner dette fagområdet betre enn Ivar Utne, og framstillingi hans er klår og lett å lesa, og demonstrert med gode og talande eksempel. Boki inneheld 11 kapittel, forslag til vidare lesing og namneliste. Dei sju fyrste kapitli handlar om førenamn, dei tre neste om mellomnamn og etternamn og det ellefte og siste om kallenamn og kjælenamn.

Førenamndelen byrjar med «Hvorfor er navn viktige for oss?» Her skriv Utne om at førenamnet er ein særleg viktig del av identiteten. Det er ikkje ofte folk byter førenamn, og når dei gjer det, er det gjerne for å markera ein ny identitet, som når ein går over til ein annan religion (*Muhammad Ali*, 9). Her kunne katolske ordensnamn ogso vore nemnde (Halldór *Kiljan Laxnes* og *Hallvard Rieber-Mohn*). Men til vanleg er det slik at namnet fortel mest om foreldri til namneberaren, og ofte kan ein lesa eit aldri so lite program utav namnevalet. Foreldre ynskjer det beste for barnet, men det ter seg på ulike måtar. Somme vil at barnet skal ha eit unikt namn, andre er redde for at eit spesielt namn kan bli til ulempe for barnet. Inspirasjonskjeldone er mange, bøker, filmar, kjendisar av ulike slag og tilfeldige namn ein legg merke til i avisa eller på ei rulletekst. Typisk er det at namnemotane går i generasjonsbølgjer, og det ser ut som det er namni i oldeforeldregenerasjonen som er mest i vinden. Derfor kjem no ogso dei typiske namnerenessansnamni innatt, som Utne formulerer det, dei er «gamle nok til å komme tilbake» (19). Elles er det påvist ulike popularitetskurvor for namn i ulike delar av Oslo, og ei undersøking viser at folk med ulike partipreferansar ogso har ulike oppfatningar av kva som er fine namn. Kapitlet sluttar med eit kort utgreiing om ulike nasjonale former av internasjonale namn, og ei hending tavle der ein kan samanlikna variantar av dei omtalte namni i norsk og ti andre språk.

Kapittel to handlar om dei gamle, norske førenamni, med *Olav/Ola* som det mest typisk norske namnet ein kan tenkja seg. Me får ei utgreiing om kva dei vanlege namnelekkane i samansette namn betyr og ei betimeleg påminning om at det ikkje treng å vera logisk samanheng mellom namnelekkane. So får me vita om namn som vandrar mellom landi, frå og til tysk, engelsk og russisk. Deretter fylgjer ei grei framstilling av den nordiske namnerenessansen, drivkreftene bak den og kva uttrykk det gav seg i praksis, med stendig tilsig av nye gamle namn, og ogso nylagingar med bruk av gamle namnelement, som *Solfrid* og *Oddvar* (41). Norrøne namneformer verkar inkonsekvent attgjevne,



både i dette kapitlet og andre stader i boki, former med <ð> og <d> vekslar (*Neriðr* men *Gunnrød*, 64f.), utan at denne meldaren klarar å lesa nokon systematikk ut av det. Det er ogso nemnt fordeling av <f> og <v> i norrønt fleire stader (64, 137). Det som står der er i og for seg korrekt, men det er ufullstendig. Det same gjeld det som står om mannsnamn som sluttar på *-r* (64). Ein faktaboks på trekvart side om norrøn ortografi og kasusbøying kunne vore på sin plass og hadde auka forståingi. Svært mange av lesarane har trass alt vore borti norrønt i vidaregåande skule.

Tredje kapittel handlar om dei kristne førenamni. Her er ein brei presentasjon av norske og nordiske former av kyrkjelege namn, av ulike opphav i ulike språk for bibelske namn og helgennamn, og me får vita om når dei ulike typane kom i bruk hos oss. I underkapitlet om helgennamn og apostelnamn burde mesedagane vore nemnde. Truleg har plass på primstaven vore med og auka populariteten til desse namni. Diverre er det skjedd ei stygg samanblanding på side 54, der det blir hevda at «Birgitta var en svensk helgen som kom fra Irland». Det gjorde Birgitta Birgersdotter sanneleg ikkje. Ho var heimefødd i Sverige, med ein far som var lagmann i Uppland og ei mor av den kongelege folkungeslekti. Derimot hadde ho namnet sitt etter ein irsk helgen frå 400-500-talet, Brigid av Kildare. Ein slik lapsus burde ikkje ha kome på trykk.

I kapittel fire, om lokale namneskikkar, finn me mange forvitnelege opplysningar om sjeldne namn som har vore og er i bruk i ulike landsdelar og bygder. Her kjem fyrst former av dei gamle norske namni, korleis dei har vorte nedslitne og moverte og i neste omgang kanskje avfødd nye namn, som *Gudfrid* til *Guri*, utvida til *Gurine* og av det mannsnamnet *Gurin*, med dialektformi *Guren* (67 f.). Deretter fylgjer tyske og hollandske namn og endå meir «eksotiske» namn (som *Vinsjans*), latiniseringar (som *Olai*), etternamn brukte som førenamn (som *Luther*) og til slutt om samiske namn. Ogso på side 70 har det gått for fort, for her står det om «jølstringene i Sogn»(!). At det har gått fort, ser ein ogso av unødige trykkfeil hist og her, til dømes «forferdre» (156) og «kleggenamn» (163).

Kapittel fem heiter «Når foreldre går i flokk», og handlar om namnemotar. Me får presentert dei ulike motebylgjone, med *-ine*-bylgja på 1800-talet som den fyrste. Det er forklart at dette starta som ein måte å laga kvinnenamn av mannsnamn. Her kunne det vore nemnt at prosessen ogso kunne gå andre vegen, sjølv om det var uvanleg. Men førenamnet *Katrinus* (komponisten Catharinus Elling 1858–1942) er eit døme på mannsnamn laga av kvinnenamn (NPL:64). Den andre bylgja er dei mange engelske namni som kom i bruk rundt 1900, namnet *John* nemnt som eit typisk døme. Det kunne vore nyansert med at det ogso er kjent som ein moderne skrivemåte av den nordiske formi *Jon*. Midt på 1900-talet var det korte namn, helst med berre ei staving, som var i

vinden. Her saknar ein opplysningar om at mange av desse var fyrste namn i ein fleirnamnskombinasjon. Dermed var dei kanskje ikkje so korte likevel, i totalbiletet? Utviklingi blir fylgd heilt opp til i dag, no går trenden mot kortare namn att. Innimellom er særlege motenamn som *Jenny*, *Olga*, *Silje* og *Linn* grundigare beskrivne.

Dei to fylgjande kapitli går direkte inn i namngjevingssituasjonen, kapittel seks er råd til foreldre som skal gje namn, og kapittel sju handlar om godkjenning av førenamn. Valet står «mellom å følge strømmen med trygge valg eller å stikke seg ut» (91). Dei trygge namni er sjølv sagt dei som har vore brukte før, dei originale kan ein plukka frå mange kjelder. Utne nemner at naturnamn «er helt ok nå» (94), og nemner ei rekkje slike. Her står at *Linnea* er inspirert av Linné, noko som i og for seg er rett, sidan planten *linnea* er oppkalla etter Linné. Men det er nok plantenemningi som er teki i bruk som personnamn. Det kjem ei rekkje gode og praktiske råd, om at namn kan passa meir og mindre godt saman, og at namnerekkja kan bli for lang. Det er forklart om vanlege og uvanlege stavemåtar og om ulike uttalevariantar i ulike delar av landet.

Frå uvanlege namn er det ein naturleg overgang til kapitlet sju, om namnejussen. Her lærer me at det er greitt å laga nye namn so lenge dei ikkje er til ulempe for barnet, er i bruk som slektsnamn eller er i bruk for motsett kjønn. Det siste kan likevel lempast på om namnet er i bruk som jentenamn eller gutenamn i andre land, som *Inge*, eit vanleg jentenamn i Danmark. Og *Eli* som gutenamn bør gå, det er «i alle fall brukt som guttenamn i Israel» (110). Me treng ikkje gå so langt ut i verdi, 431 danske menn heiter Eli til førenamn (<http://www.dst.dk/Statistik/Navne/HvorMange.aspx>, 11/10–11.). Utne forklarar deretter om dei to vanlegaste grunnane til avslag, nemleg at namnet er reservert for motsett kjønn, eller det er i bruk som etternamn. Me får høyra om korleis dette heng saman, førenamn i bruk som etternamn eller omvendt, kva lovi seier, og korleis konkrete tilfelle har vorte tolka og løyste, somme tider etter rettsak. «*Linn*-dommen i 1982 førte til at det ble lettere å få et fornavn som var likt et etternavn» (120).

Kapittel åtte handlar då sjølv sagt om etternamn. Utne forklarar fyrst om korleis kallenamn (*Braun*, *Stolz*) og yrkesnemningar (*Fischer*, *Fleischer*) har gått over til å bli slektsnamn i andre språksamfunn, men at dette ikkje har vore vanleg i norsk. Utanlandske innbyggjarnemningar (*Beyer*, *Holst*) og stadnamn (*Geelmuyden*, *Jentoft*) fører over til den typiske norske skikken, med gardsnamn (*Li*, *Bakke*, *Bakken*) som etternamn. Deretter fylgjer ei kort utgreiing om patronym, i norsk og andre språk, og om innføring av slike etternamn i landet vårt. Faste slektsnamn er ein europeisk mote som vart innført med innvandring, særleg frå Tyskland og Danmark, av prestar, handelsmenn og handverkarrar. «Gud og Mammom kom med etternavnene» (127), ifylgje Utne. Deretter

fylgjer eit underkapittel om lærde namn (*Arctander, Parelius*), og eit om korleis *-sen*-namni kom til å bli ein utprega urban type. «Det ble sett på som ‘bondsk’ å ta i bruk et gårdsnavn som etternamn i byen» (131). Den siste halvdel av kapitlet er ein gjennomgang av kodifiseringi på området, frå den fyrste lovgjevingi på 20-talet, då ein framfor alt ville skapa orden i kaos, fram til situasjonen i dag, når ein etter somme sitt syn har opna for nytt kaos. Før namnelovi kom i 1923, var etternamni ikkje faste. Utne brukar oldemor si som døme, ho opptrer i kyrkjebøkene med fire ulike etternamn (132). Lovi av 1923 slo fast at folk skulle ha fast etternamn, og at alle medlemmene i ein familie skulle ha same etternamnet. Det fanst unntak for kvinner som hadde skapt seg ein namn før dei gifte seg, dei kunne aller nådigst få behalda det. Utne nemner Torborg Nedreaas og Ebba Haslund som døme (134).

I underkapitlet om korleis gardsnamn vart etternamn, får me forklaring på kvifor mange slike namn opptrer i so gamalvorne former (*Wiig for Vik*). Det er alt saman eldre skrivemåtar, både gamle danske og noko yngre norske skrivemåtar. Utne forklarar om doble vokalar, stumme *-h*-ar og *-d*-ar og andre ortografiske trekk (*Aas* og *Ås*, *Høili* og *Høyli*, 139). I personnamn gjeld ikkje vanlege, ortografiske reglar, men gardsnamnet og slektsnamnet er to ulike juridiske storleikar, og reglane for gardsnamn er strengare. So kjem ei nøyare utgreiing om gifte kvinners namn, om den historiske utviklingi frå eige namn (dvs. farens namn) til mannens namn og attende til eige namn (i praksis oftast farens namn), om namnelovi av 1923 og unntaki i den, og om den varsame oppmjukingi i 1949, då gifte kvinner kunne få behalda sitt eige namn med løyve frå mannen. Deretter kom det nye, likestillande endringar i 1965, 1980 og 2003. I den siste runden er det ogso teke omsyn til innvandrarar med heilt andre namnetradisjonar. Tamilske kvinner brukar førenamnet til mannen som etternamn når dei gifter seg (145).

Ivar Utne har beskrive utviklingi frå veldig strenge reglar om faste namn i 1923, då føremålet var å halda styr på folk og vita kven dei var (132), til stendig meir liberale reglar frå 80-talet og utover. Dette har sjølv sagt samanheng med «tidsånd», meir individualisme og mindre autoritære forhold på alle felt. Men styresmaktene har enno trong for å halda styr på oss og vita kven me er. Det gjer dei reint praktisk ved at me no alle har fått personnummer. Det kunne vore nemnt, for det er neppe tvil om at innføringi av desse var og er ein viktig føresetnad for ei liberal namnelov.

I kapittel ni, om mellomnamn, som Utne kallar «forlatte etternavn», får me vite at no får 48 % av norske born eit mellomnamn, oftast mors etternamn. Dette er sensasjonelt høgt, samanlikna med tidlegare. På 60-talet hadde under 5 % mellomnamn (149). Utne forklarar skilnaden på mellomnamn (*Silje Berg Jensen*) og andre førenamn (*Torill Irene Jensen*) på ein pedagogisk måte, og

han fortel om korleis skikken har endra seg, med og utan lovregulering, frå 1700-talet opp til i dag.

Kapittel ti handlar om namneskifte. Dette er ei grei bruksrettleiing for dei som funderer på å byta namn, og eit svært nyttig oversyn for alle over gjeldande regelverk. Grensa for frie etternamn går ved 200 berarar (153). Det gjeld unntaksreglar for namn som har vore i bruk i familien, no heilt attende til tippoldeforeldre (157), for fornorsking av unorske skrivemåtar (som *Myhr* til *Myr*, 159) og omvendt, for internasjonalisering av nordiske bokstavar (*Næs* til *Nas*, 159).

Det siste kapitlet handlar om kallenamn og kjælenamn. Det er, for å bruka ein av undertitlane i kapitlet, eit «overflødigshorn» (164). Her er eit mylder av interessante og morosame døme, på kallenamn, kjælenamn, kortformer og tilnamn og på bruken av dei i ulike tider og i ulike miljø, i «Presse, poesi og politi» (181).

Dette kapitlet er eit godt døme på temperaturen i heile teksten. Ivar Utne har både stor kunnskap om og interesse for personnamn, og han formidlar kunnskapen med glød og entusiasme. Kapitli er oppbrotne i korte underkapittel, og det er også mindre, avgrensa boksar gjennom heile teksten. Innhaldet i dei er av ymist slag. Det er fagstoff som at dei gamalgermanske måli var innbyrdes forståelege (32), sitat frå kjende skjønnlitterære verk som Garborg om Daniel Braut (130 og 137) og andre dømesoger som belyser teksten, slik som den om korleis Birgit Gjernes laut spørja mannen sin om lov til å ha sitt eige namn (144). Slike grep er med på å vekke interesse og gjera boki lettles, og ho vil vonleg nå eit stort publikum. Sjølv om ho ville hatt godt av ei ekstra gjennomlesing før prenting, er det ei glede å kunne anbefala henne, både for lek og lærd. Ho er både ei kjelde til kunnskap og «gód skemtan».

*Gudlaug Nedrelid*



## Tilsend litteratur

Alhaug, Gulbrand 2011: 10 001 navn. Norsk fornavnleksikon. Oslo: Cappelen Damm.

Harsson, Margit 2010: Leksikon over norske rud-namn frå mellomalderen. Oslo: Novus Forlag. 2010.

Utne, Ivar 2011: Hva er et navn? Tradisjoner. Navnemoter. Valg av fornavn og etternavn. Oslo: Pax forlag.

Eilersgaard Christensen, Lisbeth og Bent Jørgensen (red.) 2011: Navnemiljøer og samfund i jernalder og vikingtid. Rapport fra NORNA's 38. symposium i Ryslinge 12.–15. maj 2009. NORNA-papporter 86. Uppsala: NORNA-förlaget.

Namn och bygd 98. [Uppsala] 2010.



## Medarbeidarar i årgang 28

- Heide, Eldar, f. 1966. Dr.art. 2006 (Bergen). Postdoktor. Universitetet i Bergen. Adr.: Kringlebotn 120, 5225 Nesttun.
- Kinn, Torodd, f. 1967. Dr.art. 2002 (Bergen). Førsteamanuensis. Universitetet i Bergen. Adr.: Nedre Varåsen 20, 5200 Os.
- Nedrelid, Gudlaug, f. 1952. Cand.philol. 1985 (Bergen), dr.philos. 1999 (Bergen). Professor. Universitetet i Agder. Adr.: Østerveien 47, 4631 Kristiansand.
- Stemshaug, Ola, f. 1936. Cand.philol. 1965 (Oslo). Førsteamanuensis. Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. Adr.: Tidemannsgate 36, 0850 Trondheim.
- Strandberg, Svante, f. 1942. Fil. kand. 1966 (Uppsala), fil. lic. 1971 (Uppsala), fil. dr 1991 (Uppsala). Professor emeritus, Uppsala universitet. Adr.: Damastvägen 2, SE-757 57, Uppsala, Sverige.
- Særheim, Inge, f. 1949. Cand.philol. 1978 (Bergen), dr.philos. 2000 (Bergen). Professor. Universitetet i Stavanger. Adr.: Liljevegen 1, 4352 Kleppe.
- Utne, Ivar, f. 1954. Cand.philol. 1980 (Oslo). Amanuensis. Universitetet i Bergen. Adr.: Grønnenvollen 16, 5016 Bergen.
- Wiggen, Geirr, f. 1947. Cand.philol. (1975), dr.philos. 1992 (Oslo). Professor. Universitetet i Oslo. Adr.: Harald Hårfagres gate 9, 0363 Oslo.



# Manuskript til Namn og Nemne

Redaksjonen vil helst ha manus elektronisk som vedlegg til e-post. Blir det brukt spesialteikn, ønskjer vi også ei pdf-fil av artikkelen.

Artiklar på skandinaviske språk skal ha eit samandrag på engelsk eller tysk. Samandraget skal kort gje innsyn i dei viktigaste momenta i artikkelen.

Sitat som er lengre enn tre maskinskrivne liner, skal skiljast frå teksten ved innrykking.

Fotnotar (merknader) bør brukast så lite som råd; dei bør oftast takast inn i teksten. Eventuelle fotnotar skal samlast i slutten av artikkelen. Nummertilvisingane i teksten skal ikkje ha parentes kring seg, og dei skal plasserast etter skiljeteikn.

Litteraturtilvisingane skal om mogleg gjerast ved forfattarnamn og utgjevingsår. Døme: ... (Indrebø 1924: 98), eller: Gustav Indrebø (1924: 98) meiner ... , eller: Som opplyst i Indrebø 1924: 98, ... Arbeid som er fotografisk oppattprenta, skal siterast etter originalutgava (av forskingshistoriske grunnar), altså ikkje Olsen, M. 1978. Torp, A. 1963, Aasen, I. 1918 eller 1977. Allment kjende tidsskrift bør ha forkorta titlar (t.d. ANF, APhS, MM, NoB, SvLm); det same kan gjelde kjende seriar (t.d. DS [Danmarks Stednavne], NG [Norske Gaardnavne], men då med tilvising til forfattar eller utgjevar. Undertitlar og serieoppllysningar trengst til vanleg ikkje.

## Døme:

Andersson, T. 1983: *Personnamn. Till begreppets avgränsning*. NORNA-rapporter 23. 9–23.

Hovda, P. 1966: *Norske elvenamn*. Oslo–Bergen.

[Hovda, P.] 1978: *Frå hav til hei*. Oslo–Bergen–Tromsø.

Indrebø, G. (red.) 1920: *Sverris Saga etter Cod. AM 327 4°*. Kristiania: Den Norske Historiske Kildeskriftkommission.

Indrebø, G. 1921: Stadnamni i ei fjellbygd. *MM* 1921.113–210.

Indrebø, G. 1924: *Norske Innsjønamn*. 1. Oslo.

Indrebø, G. 1936a: *Hordaland–Hordafylke. Bidrag till nordisk filologi tillägnade Emil Olson den 9 juni 1936*. 72–77. Lund–Köpenhamn.

Indrebø, G. 1936b: Nokre fjellnamn i Sogn. *MM* 1936.36–75.

Indrebø, G. 1938: Þinghá. *NoB* 25.1–17.

Olsen, M. 1926: *Ættegård og helligdom*. Oslo.

NG: Sjø Rygh, O.

Rygh, O. 1905; 1909; 1910: *Norske Gaardnavne*. 16; 5; 11. Kristiania.

Sigmundson, Svavar, 2002: Nafngiftir útlendra sjómanna á íslenskum stöðum. I: Johansen, A. m.fl. (red.): *Eivindarmál. Heiðursrit til Eivind Weyhe á seksti ára degi hansara 25. apríl 2002*. 353–359. Tórshavn.

Torp, A. 1919: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania.

Aasen, I. 1873: *Norsk Ordbog*. [2.] Udg. Christiania.